

E
G



Årsmelding Noregs Mållag 2020–2022



Form: Kjartan Helleve
Foto framside: Anita Grønningsæter Digernes

Årsmelding for Noregs Mållag 2020–2022 med arbeidsprogram for 2018–2022

Innhald

- 4** Leiar
- 6** Føreord
- 8** Organiseringa av Noreg
- 16** Sivilsamfunnet
- 20** Opplæring
- 32** Kultur
- 36** Organisasjonen
- 50** Økonomi
- 58** Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde
- 60** Norsk Målungdom
- 62** Nærskylde
- 72** Vedlegg og statistikk:
 - 72 Nynorsk skulemål*
 - 74 Skulemålsrøystingar 2011–2021*
 - 75 Ppplæring til vaksne innvandrar*
 - 76 Lag og medlemstal*
 - 82 Reiseverksemda*
 - 86 Reiseverksemda Nynorskstafetten 2021*
 - 88 Pressemeldingar og debattinnlegg*
 - 90 Revisjonsmeldingar*



Leiar

(Foto: Jannica Luoto)



(Foto: Kristianne Marøy)



Då årsmeldinga for førre periode gjekk i trykken, var korona framleis noko vi berre hørde om i nyhenda og som ikkje påverka kvarldagen vår i det heile. Dåverande leiar, Magne Aasbrenn, skreiv at vi på det tidspunktet ikkje visste kva for konsekvensar korona-pandemien kom til å ha for det planlagde landsmøtet. Når vi no skal samle oss til det 102. landsmøtet i Noregs Mållag, er det med eit håp om at vi endeleg kan møtast på vanleg vis igjen, og at vi legg to år prega av pandemi bak oss.

No veit vi at det var langt meir enn det fysiske landsmøtet i 2020 som gjekk fløyten på grunn av pandemien. Planlagde aktivitetar og tilskipingar har blitt utsette eller avlyste, det har vore vanskeleg å møtast på vanleg måte, og mykje har vore uføreseieleg. Vi har i det store og heile måtta lært oss å drive organisasjon på ein annan måte enn vi er vane med. Digitale møte har blitt ein del av kvarldagen, vi har hatt digitale seminar, og jammen fekk vi ikkje til å halde digitalt landsmøte òg! Når det endeleg ser ut til at vi kan gå tilbake til normalen, har vi kanskje eitt og anna å ta med oss vidare frå denne tida.

Sjølv om det på mange måtar har vore ei krevjande tid å drive organisasjon i, går det så det susar i Mållaget. I løpet av dei siste to åra har vi nesten blitt 2 000 fleire medlemer, og i 2021 landa vi på heile 15 483 medlemer. Det er det høgste medlemstalet i organisasjonen sidan 1985, og det er noko vi verkeleg kan vere stolte av! Mange vil vere med på laget vårt, og det gjer oss til ein endå meir slagkraftig organisasjon.

Der det på den eine sida har vore mindre aktivitet i organisasjonen enn elles, har det på den andre sida vore ein periode prega av mange store, viktige politiske saker. Arbeidet fram mot stortingsvalet har vore viktig, og det har tydeleg gitt gode resultat. Krava våre til partia var at nynorsk og bokmål skal vere reelt

jamstilte språk, at sidemålsordninga må styrkjast, at ho må byrje tillegare, bli betre og meir spanande. Vi har kravd språkdelte ungdomskule, at digitale læremiddel og kontorstøtteprogram må kome på nynorsk, og at lærarutdanningane må sikre gode nynorsklærarar. Då valresultatet var klart i september 2021, jubla vi over eit stortingsfleirtal for Ap, Sp og SV som alle gjekk til val på ein offensiv nynorskpolitikk, og som saman dekkjer alle hovudkrava frå Mållaget. Det er mykje god språkpolitikk å finne også hjå andre parti. Vi har rett og slett fått eit meir nynorskvenleg storting, og vi forventar at det gir resultat.

Våren 2021 vart språklova vedteken, og ho tredde i kraft 1. januar i år. Dette er ei lov vi har venta lenge på og ein prosess vi har fylgt tett. Det viktigaste for oss å trekkje fram i denne samanhengen, er føremålsparagrafen i lova. Han seier at det offentlege har eit særskilt ansvar for å fremje nynorsk. Det er ein ny måte å tenkje norsk offentleg språkpolitikk på. Der ein før har behandla nynorsk og bokmål som om dei var likestilte, anerkjenner ein no at det er eit skeivt maktforhold mellom språka, og skal ein oppnå likestilling, må ein ta særleg ansvar for det minst brukte av dei to. Vi meiner at dette må føre til eit taktskifte i norsk språkpolitikk.

Opplæringslova er ei vel så viktig språklov som språklova, og no er den nye opplæringslova på trapene. Dagens opplæringslov går ikkje langt nok i å sikre gode vilkår for nynorskelevane, og det gjer heller ikkje framlegget til ny lov som Solberg-regjeringa sende på høyring i august 2021. Læremiddelsituasjonen for nynorskelevane er ikkje haldbar, og den nye opplæringslova må sikre at nynorskelevane får ei like god opplæring i og på språket sitt som bokmålselevane får. Hausten 2021 markerte vi at det var 50 år sidan dei


fyrste store læremiddelaksjonane, og 50 år seinare er kravet det same: nynorske læremiddel no!

Av dei store sigrane denne perioden, er nok språkdelte ungdomsskule den største. Etter mange års kamp for at elevar skal ha rett til å gå i eigen nynorskkasse ut grunnskulen, ligg endeleg språkdelte ungdomsskule inne i framlegget til ny opplæringslov. Regjeringa slår også fast i Hurdalsplattforma at dei vil innføre denne språkretten, så denne sigeren kan vi så godt som innkassere. Det er altså ein heilt ny og veldig viktig språkrett som vert innført! Denne ordninga vil ha mykje å seie for elevane i språkdelte område, og elevane vil i større grad ha høve til å bli trygge i språket sitt.

Vi har mykje å vere stolte av i perioden som gjekk, og med eit rekordstort Noregs Mållag bretter vi opp erma og gjer oss klare for ein ny periode og nye sigrar!



Peder Lofnes Hauge
leiar i Noregs Mållag



Synnøve Marie Sætre
nesteiari / fungerande leiar
i Noregs Mållag



Føreord

Styremøte august 2020: (f.v.) Inger Johanne Sæterbakk, Reidun Ramse Sørensen (3. vara), Peder Lofnes Hauge (leiar), Ellinor Bergli Bustad, Synnøve Marie Sætre (nestleiar), Gunnhild Skjold og Kjetil Aasen.
(Foto: Marit Aakre Tennø)

Styret legg med dette fram årsmelding for perioden 2020–2022 slik § 5.1 i lov for Noregs Mållag seier.

Årsmeldinga dekkjer perioden 13. mars 2020 til 13. februar 2022. Dei siste vekene fram til landsmøtet vil bli oppsummerte i årsmeldinga for neste arbeidsbolk.

Noregs Mållag er ein landsfemnande, friviljug medlemsorganisasjon med skrivarstove i Oslo. Det har ikkje vore fysiske ulukker eller skadetilfelle i perioden. Sjukefråværet har vore 36 dagar i 2020 og 41 dagar i 2021, noko som utgjer 2,2 og 2,5 prosent. Det kan vera ei forsiktig underrapportering her, fordi langvarig pålagt heimekontor har gjort at ein nok i større grad er delvis på jobb også om ein er sjuk. Og denne toårsperioden har vore spesiell for oss som for andre, med det at me størstedelen av tida har arbeidd kvar for oss og over skjerm i staden for på skrivarstova.

Pandemien har elles endra organisasjonsarbeidet mykje i denne perioden. Når landsmøtet 2022 vert gjennomført, har me berre hatt høve til å skipa til eitt fysisk og ope nasjonalt seminar i toårsperioden. Lokal- og fylkeslagsaktiviteten har mykje godt lide same lagnaden, og me kjenner framleis ikkje dei langsiktige konsekvensane av at den nye «vanen» er å ikkje gå på møte. Det me veit, er at mange ikkje har fått avvikla årsmøte, gjennomført val og liknande ordinære årlege tiltak. Fleire lag har òg meldt at manglende tilskipingar også fører til manglende inntekter, og det er viktig at me kjem i gang att før det heildigitale organisasjonslivet får sett seg for fullt.

Arbeidsmiljøet blir rekna som godt, og Noregs Mållag følgjer prinsippa for likestilling i arbeidslivet både

når det gjeld lønspolitikk og tilsetjingar. Verksemda til Noregs Mållag ureinar ikkje det ytre miljøet. Årsrekneskapen for 2020 gjekk 310 000 kroner i overskot og i 2021 vart det 657 000 kroner i overskot. Den samla eigenkapitalen er eit godt grunnlag for drift dei komande åra.

Årsmeldinga er ein rapport for dei siste to åra av den fireårige arbeidsprogramperioden 2018–2022. Teksten fylgjer strukturen i arbeidsprogrammet så godt det lèt seg gjera. Årsmeldinga omtalar i hovudsak arbeid som er gjort eller som det er teke initiativ til frå styret og skrivarstova i Noregs Mållag. Ho omtalar dessutan noko av det arbeidet lokal- eller fylkeslag gjer og også tilskipingar og særskilde hendingar som nærskyldne organisasjonar har stått for. Årsmeldinga tek likevel ikkje mål av seg til å yta rettferd til det store arbeidet som blir lagt ned av lokal- og fylkeslaga i organisasjonen.

Årsmeldinga skal danna grunnlaget for landsmøtet si vurdering av arbeidet til styret og stoda for målreichinga og heile samskipnaden. I tillegg har årsmeldinga ein viktig funksjon som ein rapport frå Noregs Mållag til offentlege og private tilskotsytarar og samarbeids-partnarar. Språkrådet gjev år om anna ut rapporten Språkstatus, sist gong 2021. Nynorsk kultursentrum har tidlegare gjeve ut Språkfakta, og Ottar Grepstad følgde opp hausten 2020 med Språkfakta 2020. Saman gjev desse ulike rapportane eit utfyllande oversyn over stoda for nynorsk.

OSLO, FEBRUAR 2022

Peder Lofnes Hauge (leiar) | Synnøve Marie Sætre (nestleiar) | Inger Johanne Sæterbakk
Ellinor Bergli Bustad | Kjetil Aasen | Anders Riise | Frida Pernille Mikkelsen (NMU)
Bjørn Seljebotn (1. vara)

Arbeidsprogram 2018–2022:

Nynorsk for alle

I 2018–2022 har Noregs Mållag desse fem hovudprioriteringane:

1. Den digitale skulekvardagen skal vera nynorsk.

Noregs Mållag skal gjennom kampanjearbeid og politisk påverknad syta for at nynorskelevane møter språket sitt gjennom heile skulekvardagen, anten opplæringa skjer på skjerm, tavle eller i bok.

2. Nynorsken skal tena på omorganiseringa av kommunar, fylke og stat.

Det norske samfunnet går for tida gjennom store strukturreformer. Det er viktig at ingen slike reformer slår negativt ut for nynorskbrukarane. Tvert om bør slike reformer vera eit høve til å innföra tydelegare regelverk og betre rettar.

3. Barn og unge i nynorskområde skal møta nynorsk frå barnehagen og i heile utdanningsløpet.

For mange barnehageungar og elevar møter vaksne som kan nynorsk for därleg. Nynorskopplæringa i lærarutdanningane for barnehage, grunnskule og vidaregåande skule må difor styrkjast. Her trengst det fleire endringar i det sentrale regelverket, men òg kurs, inspirasjonsdagar og andre lokale tiltak.

4. Noreg skal få ei satsing på språkleg jamstilt teknologi.

Det nynorske språksamfunnet er i ferd med å verta gjennomdigitalisert. I utvikling og bruk av digitalisering må det sikrast på alle aktuelle område at nynorsken får sin rettkomne plass.

5. Noregs Mållag skal verta ein sterkare politisk organisasjon.

Noregs Mållag skal byggja ein sterkare organisasjon som stor nynorsken der han finst, og samstundes ryddar nye vegar for nynorsken. I denne perioden skal Noregs Mållag skipa opp att sovande lokallag, skipa fleire lokallag og driva med leiarskulering, særleg med sikte på meir politisk arbeid i lokallaga.

All tekst med oransje bakgrunnsfarge er det vedtekne arbeidsprogrammet frå landsmøtet i 2018.

Organiseringa av Noreg

Staten Noreg har i dag ikkje eit eige formulert ynske om å ta særskilt vare på nynorsk, berre å jamstilla han med bokmål. Staten har ei anna haldning til nynorsk enn til samisk. Det er ålment godteke både i det norske og det samiske samfunnet at samisk språk har ein eigenverdi. Det finst difor lover og forskrifter som skal sikra framtida for samisk, og det vert løyvt pengar og oppretta institusjonar med tanke på utviklinga av samisk språk. Å ta vare på, sikra og utvikla nynorsken er derimot i stor grad ei oppgåve for språkpolitiske aktørar. Staten ser på seg sjølv som «nøytral» i språkspørsmålet. Offisiell norsk språkpolitikk fremjar difor sjeldan nynorsk ut over målsetnaden om jamstilling. Målrørsla må krevja positiv diskriminering i favør av nynorsk.

Nynorsk er røysta inn i skulekrinsane som utgjer det me kan kalla «nynorskområdet». Han har altså folkeleg oppslutnad og legitimitet her. Likevel er dette nynorskområdet tufta på juridisk og politisk skøyre ordningar. Med såkalla simpelt fleirtal kan kommunar eller fylke frå éin dag til ein annan gå frå å verta administrerte på nynorsk til å verta nøytrale, altså ikkje ha noko krav om målbruk.

Det er for tida store endringar i struktureringa av Noreg. Her ser me ei sentralisering inn mot storbyane og ei indre regionalisering, både gjennom regionreforma og kommunereforma. Dette får konsekvensar for nynorsken og nynorskbrukaren, men slike store endringar må ikkje skje på tvers av det folkelege kravet om nynorsk.

Staten

Staten har ansvar for å ta vare på og halda oppe både nynorsk og bokmål som skriftspråk. Det tydelegaste uttrykket for dette ansvaret er lov om målbruk i offentleg teneste, altså mållova.

Mållova sikrar eit visst omfang av nynorskbruk frå staten og at det er folket, i staden for byråkratane, som avgjer kva språk staten skal ytra seg på. Slik sikrar mål-

lova at den store skriftspråkprodusenten staten, og alle hans greiner, også produserer nynorsk.

Mållova er laga i eit tid då Noreg såg annleis ut enn i dag, før digitalisering av offentleg informasjon. Med internett og stor tilgang på offentleg informasjon trengst ei modernisering av mållova som sikrar at denne informasjonen finst på både nynorsk og bokmål.

Privatisering og utsetjing av offentlege tenester i eigne selskap gjer at færre av dei store institusjonane må bruka nynorsk. Noregs Mållag har inga mening om sjølvre eigarskapsmodellen, men ein etat kan ikkje slutta å skriva nynorsk berre fordi han vert gjort om til eit aksjeselskap. Det same gjeld offentlege verksemder som vert delprivatiserte. Det er meldt at kulturministeren vil ha ei språklov i Noreg. Noregs Mållag skal arbeida for at denne fremjar nynorsk og at dagens mållov vert styrkt, heller enn svekt.

- Alle statlege verksemder og aksjeselskap skal følgja mållova. Selskap der staten eig meir enn 50,5 av lutane skal vera underlagde mållova og ei framtidig språklov. Mållova skal ikkje kunna utholast gjennom at staten endrar eigarskapsmodellen.

- Kravet til veksling mellom bokmål og nynorsk i utetterretta informasjon må spesifisere den nye digitale røynda.

- Mållova må vera plattformnøytral. Å bryta mållova skal føra til sanksjonar. Dette kan vera dagbøter til etaten som står bak lovbrotet.

- Noregs Mållag krev at alle statsorgan skal ha eigne tilsette som har til ansvar å syta for at reglane om målbruk i offentlege teneste, vert følgde.

- Noreg treng ei ny språklov som er laga for å få til reell jamstilling mellom nynorsk og bokmål. For å få til det må språklova fremja nynorsk.

I.1.2022 tok den nye lov om språk (språklova) til å gjelda. Lova har vore varsla i årevis, og arbeidet med å få på plass ei ny språklov i Noreg har vore høgt prioritert for Noregs Mållag.

I august 2019 sende Kulturdepartementet endeleg ut framlegg til ei ny heilskapleg språklov. Framlegget vart sendt på ein grundig høyringsrunde, og Noregs Mållag arbeidde med å få tilslutning for framlegga våre i heile det politiske miljøet. Etter høyringsrunden la regeringa fram *Prop 108 L (2019-2020) Lov om språk (språklova)* for Stortinget i mai 2020.

I høyringsrunden var hovudinnspele våre desse:

1) Det er framlegg om at fylkeskommunane skal ha dei same reglane for språkbruk som regionale statsorgan. Noregs Mållag tykkjer det er ein svært god idé, men ser at framlegget har nokre veikskapar. Me var særleg opptekne av at krava til å ta omsyn til eit nynorsk mindretal i ein ikkje-nynorsk fylkeskommune, må strammast opp.

2) Departementet føreslår at den nogjeldande tenesteplika for alle statstilsette til å meistra både nynorsk og bokmål blir erstatta av ei plikt for statsorganet til å ha tilstrekkjeleg språkkompetanse til å kunne etterleva språkreglane. På sikt vil ei slik endring kunna skapa utfordringar for sidemålet i skulen, fordi motstandarane vil hevda at ein då har mindre bruk for nynorsk enn før.

3) Lovframlegget er lagt fram utan sanksjonar, og det er ein stor veikskap når det kjem til handhevinga.

I lovpropasjonen svekte regeringa sitt eige høyringsframlegg om ordningar for fylkeskommunane, gjorde nokre tiltak for å betra formuleringane på tenesteplikt, men tok framleis ikkje inn sanksjonar.

Noregs Mållag arbeidde aktivt mot Stortinget og komiteen for å få gjennomslag for synspunkta våre. Me fekk gjennomslag i komiteen for nokre merknader som Stortinget vedtok i mars 2021.

Slik lova er vedteken, har ho ei rekke positive sider, sjølv om me er misnøgde med at ho ikkje innfridde på alle punkt. Etter at lova vart vedteken, er det implementeringa som har vore viktig for Noregs Mållag. Det trengst vilje hjå sentrale styresmakter til å setja lova ut i livet. I april skipa Noregs Mållag til eit ope digitalt møte om lova og korleis ho kunne verka på ulike område av forvaltinga. Her deltok både fungerande statsforvaltar i Vestland, Gunnar O. Hæreid og rektor ved Høgskulen på Vestlandet Gunnar Yttri, og dei kom med gode innspel til arbeidet vårt vidare. Desse innspela har me brukt i høyringar på Stortinget og i møte med sentrale politikarar. Det har vore eit stort og omfattande lobbyarbeid for å få gode vedtak i den nye lova. Dette har teke mykje av tida til styret og skrivarsstova.

- Stortinget må grunnlovsfesta ei reell jamstilling mellom nynorsk og bokmål.

Me har byrja på dette arbeidet både gjennom nokre uformelle sonderingsmøte og gjennom innspeletsprosesen til språkmeldinga. Raudt programfesta grunnlovsfesting av jamstillinga mellom nynorsk og bokmål som einaste parti.

Fylka og regionene

Språket i fylkeskommunane og i fylkeskommunale føretak er ikkje regulert av mållova. Språkbruken følgjer av politiske vedtak. Dei regionale statsføretaka som helseføretak, tingrettar og liknande ligg under mållova.

Noreg er i ferd med å få ein ny fylkesstruktur.

Noregs Mållag sentralt skal saman med dei aktuelle fylkesmållaga arbeida mot at nynorskbrukarane møter mindre av språket sitt etter samanslåingane – dei bør heller møta meir. Det er særleg viktig å syta for at den vidaregåande opplæringa i desse fylka gjev eit minst like godt tilbod til nynorskelevane i framtida som i dag. I framtida er det meininga at fleire statlege regioninndelingar skal følgja grensene til dei nye regionane. Krav til målbruk kan då endra seg fordi det språklege fleirtalet i regionen kan vera annleis enn i dei noverande fylka.

- Nynorskbrukarane må tena på omorganiseringa av kommunar, fylke og stat.
- Dei fylka som i dag har store nynorske mindretal, må forplikta seg i språkbruksplanar på korleis dei står opp om nynorskbrukarane i regionen eller fylket.
- Nynorskfylka og regionane må styrkja marknadsmakta si gjennom å systematisera nynorskkrav i alle innkjøp, både i opplæringssektoren og utanfor.

Innføringa av den nye fylkesstrukturen kopla med at ei ny språklov har vore på trappene, har gjort at dei fleste nye fylke med nynorskkommunar innanfor grensene har vedteke språkbruksplanar eller gjort nye vedtak rundt språkbruken i fylket dei siste åra. Noregs Mållag sentralt har saman med fylkeslaga pressa på for at dette skal skje. I denne årsmeldingsperioden har Noregs Mållag vore involvert i eller følgt opp eit slikt arbeid i Viken, Innlandet, Møre og Romsdal og Vestland.

Under finn de ein stutt gjennomgang av kva me har oppnådd i heile arbeidsprogramperioden og kva som står att i dei ulike fylka:

Møre og Romsdal: Vedtak om framleis nynorsk administrasjonsspråk i desember 2020, etter ein lang kamp der fylkeslaga saman med Noregs Mållag sentralt arbeidde hardt for å vinna fleirtal for at nynorsk framleis skal vera administrasjonsspråket i fylket. I 2016 var saka oppe sist, den gongen med eit svært knapt fleirtal for framleis nynorsk. I 2020 var det heile 30 representantar som røysta for framleis nynorsk, og berre 17 røysta mot. Møre og Romsdal fylkesting stadfestar med dette sitt eksisterande vedtak, og la inn i vedtaket at

Organiseringa av Noreg

språket til dei vidaregåande skulane skal fylgja språket i kommunen. I tillegg vil fylkestinget leggja til rette for at det blir enklare for nynorskelevane å halda på språket sitt, og sikra digitale læremiddel på nynorsk. Vinteren 2022 vedtok utdannings- og kompetanseutvallet i Møre og Romsdal at dei ynskjer å få utarbeidd ein skulemålsplan for fylket. Styremedlem Anders Riise, som også sit i utvalet, stod bak framlegget.

Vestland: Fylkestinget i Vestland fylke stadfestet det gode vedtaket sitt i 2020. Vestland fylkeskommune har sett i gang arbeidet med å laga overordna retningslinjer for bruk av språk i Vestland fylkeskommune med mål om politisk vedtak av retningslinene i 2022.

Rogaland: I desember 2018 gjorde fylkestinget i Rogaland, etter innspel frå Noregs Mållag, vedtak om språklege retningslinjer for den fylkeskommunale administrasjonen. Her slår dei mellom anna fast at fylkeskommunen skal bruka minst 25 prosent nynorsk på nettsidene sine, dei skal kusa medarbeidarar i nynorsk og arbeida for å hindra språkskifte frå nynorsk til bokmål i den vidaregåande skulen.

Agder: Står på planprogrammet. Agder fylkeskommune har avventa behandlinga av den nye språklova til lova er vedteken.

Viken: I mai 2021 gjorde Viken fylkeskommune slikt vedtak:

«Viken fylkeskommune er fleirspråkleg.

Viken fylkeskommune skal sørge for å ha den nødvendige skrivekompetansen i både bokmål og nynorsk.

Fylkeskommunen og våre verksemder skal skrive til enkeltpersonar og enkeltkommunar på det skriftspråket personen eller kommunen har valt.

Dei vidaregåande skulane og tannklinikkane skal som administrasjonsspråk bruke det språket som vertskommunen brukar.

Språkpolitiske måltal vert sett etter at Stortinget har vedteke ny språklov. Dette arbeidet vert gjort gjennom utvikling av ein språkbruksplan.»

Innlandet: Sumaren 2020 vedtok fylkestinget fylkeskommunen sin kommunikasjonsstrategi og språkprofil. Her slår fylkestinget fast at nynorsk og bokmål er likestilte målformer og at fylket skal strekkja seg for at både målformer skal bli bruka i skriftleg framstilling av saker og eksternt kommunikasjon. Administrasjonen har så utarbeidd ein tiltaksplan for arbeidet. Her er ikkje nynorsk nemnt med eit ord. Både Noregs Mållag sentralt og Austmannalaget har teke dette opp med fylkesadministrasjonen, utan å få tilfredsstillande svar. Arbeidet andsynes Innlandet held såleis fram for å sikra nynorskbruka i det nye fylket.

Telemark og Vestfold: Fylket vedtok i november 2019 at det skal vera språkleg nøytralt, men at 25 prosent skal vera på nynorsk. I 2020 vedtok fylkestinget ein språkbruksplan som stadfestet dette. 1. mai 2021 tilsette fylket ein eigen nynorskonsulent for å fylgja opp dette arbeidet.

MARKNADSMÅKT

8. november 2021 møtte me den nye kommunalkomiteen på Stortinget til budsjettthøyring. Då tok me opp at offentlege innkjøp er nettopp eit høve til å styra språkutviklinga og avgrensa omfanget av engelsk i årmenta og å syta for at det offentlege fylgjer språklova og andre språkkrav også når det kjem til nynorsk og bokmål. Me peika på at særleg offentleg innkjøpspolitikk og digitaliseringspolitikk må slå fast at Noreg har to offisielle norske skriftspråk; bokmål og nynorsk. Då må anbodsutlysingar presisera språkkrava og at tenesta eller vara skal fungera for både bokmålsbrukarar og nynorskbrukarar utan at nokon av partane blir diskriminerte språkleg.

Kommunane

Nynorskkommunane er svært viktige for å halda det nynorske skriftspråket oppe og å hegna om det. Kommunane er store skriftspråkprodusentar og utgjer ei viktig motvekt til det dominerande bokmålet. Slik bidreg nynorskkommunane til at nynorskbrukarane ser språket sitt brukt og til at nynorsk er eit levande bruksspråk. Nynorskkommunane hegnar om nynorsken, området og dei andre nynorskinstitusjonane innanfor grensene og gjer nynorskbruk enklare for alle.

Trass i at situasjonen er veldig annleis i kjerneområda enn i resten av landet, er dei nynorske institusjonane og nynorskområdet forbausande stabile. Likevel aukar det individuelle presset på nynorskbrukaren i utkantane av området. Det får konsekvensar for statussen til nynorsk og for kor mykje nynorsk nynorskbrukarane vert eksponerte for.

I dag er nynorsken sikra plass og status i kommunane gjennom fleirtalsvedtak om kva språk staten skal venda seg til kommunane på og administrasjonsmålet (kva språk kommunane skal administrerast på). Vedtaka gjeld til nye vert gjorde, med enkelt fleirtal. Det gjer den institusjonelle basen for nynorsk skøyrt. Sjølv om det er få slike vedtaksendringar, vil det seia at nynorsken i somme område er utsett. Til samanlikning er det samiske språket sikra i fleire internasjonale konvensjonar og i Grunnlova. Det er difor langt meir omfannande og vanskeleg å svekkja rettsgrunnlaget for samisk enn for nynorsk.

Den kommunale sjølvråderetten står svært sterkt i Noreg, og kommunane rår seg sjølve i språkspørsmål som ikkje er omfatta av opplæringslova. I paragraf 5 i mållova står det at kommunane kan gjera vedtak om kva språk staten skal venda seg til dei på. Utan slikt vedtak vert dei rekna som språknøytrale. At dei fleste kommunar òg held seg med eit vedtak om administrasjonsmål, må meir reknast som eit utslag av sedvane.



Den dagen språklova vart vedteken i Stortinget, var det mange folkevalde som lèt seg ta bilete av med plakaten vår, mellom dei dåverande kulturminister Abid Raja (V) og noverande kulturminister (då stortingsrepresentant for Ap) Anette Trettebergstuen. (Foto:Astrid Marie Grov)

- Kommunane må ta større ansvar for nynorsk gjennom positive vedtak om nynorsk tenestemål, og gjennom språkbruksplanar som forpliktar dei som nynorskkommune og gjer det vanskelegare å svekkja statusen til nynorsk i kommunane.
- Staten må kunna føra tilsyn med at innbyggjarane får oppfylt rettane sine og at nynorsken er i bruk.
- Det skal gjerast meir attraktivt å vera ein nynorskkommune, til dømes gjennom økonomiske insentiv.
- Alle interkommunale selskap og andre kommunale verksamheter må vera omfatta av same krava.
- Staten skal bidra til at det vert lettare å vera nynorskkommune gjennom å sikra at det finst programvare på både språk, at anbodsutlysingar sikrar tenester på både språk og etterutdanning for tilsette som treng meir nynorskkompetanse. Alt dette får kommunar som bruker mest bokmål, utan å måtta arbeida for det.

For å oppfylla ordlyden i den nye språklova om å fremja nynorsken som det minst brukar norske skriftspråket, har Noregs Mållag i fleire høyringar kravd at kommuneproposisjonen må få attende kapittelet «Bruken av nynorsk i kommunane», som var eit fast kapittel i kvar proposisjon fram til 2014. At dette kapittelet er vekke, er openert eit tilbakesteg, og det må koma

attende. Kommunane og fylkeskommunane er mellom dei aller viktigaste for å nå det overordna målet om å sikra det norske språket sin posisjon som eit fullverdig og samfunnsberande språk i Noreg.

For å sitera Kommuneproposisjonen 2012: «For å få til eit meir systematisk arbeid for å styrkje nynorsk språk og den nynorske skriftkulturen på brei basis, er det m.a. naudsynt å rette merksemda mot språk og språkbruk i kommunar og fylkeskommunar». Det er kommunane og fylkeskommunane som produserer nye nynorskbrukarar gjennom å vera skuleigarar. Korleis dei utfører denne jobben, er heilt avgjerande for framtida til det nynorske språksamfunnet.

Me har òg fleire gonger peika på overfor Kommunal- og distriktsdepartementet (tidlegare Kommunal- og moderniseringsdepartementet) at med ei ny språklov må dei meisla ut ein ny strategi for å setja den nye språkpolitikken ut i livet andsynes kommunar og fylke og at Kommunal- og distriktsdepartementet må vera pådrivar for denne jobben.

ÅLESUND

I desember 2019 vedtok Ålesund kommune språkbruksplan for den nye kommunen, etter å ha vedteke året før at den nye kommunen skulle vera ein nynorskkommune. Frontane var harde før møtet, og Noregs Mållag arbeidde mykje saman med lokallaga og Sunn-



I oktober passerte Noregs Mållag 15 000 medlemer. Det vart markert av leiar Peder Lofnes Hauge. (Foto: Anita Grønningæter Digernes)

møre Mållag for at planen skulle få fleirtal. Etter at fleire framlegg om å svekkja vedtaket fall, vart planen vedteken samrøystes med to endringar; ei språkleg endring og ei endring der det no skal vera valfritt kva språk dei kommunalt tilsette skriv sakspapir på. I tillegg vart det vedteke å brukha dei 100.000,- som kommunen fekk som prispengar for å vera «Årets nynorskkommune», på opplæring. Ålesund kommune skal no altså ytra seg på nynorsk i all utetterretta informasjon, og alle store plan- og økonomidokument skal vera på nynorsk.

STAVANGER

Etter samanslåinga med Rennesøy og Finnøy kommunar vedtok byrådet i Stavanger kommune at det skulle utarbeidast ein språkbruksplan. Kommunikasjonsavdelinga har utarbeidd ein språkprofil og sett seg interne mål for kor mykje nynorsk dei skal brukha på ulike flater, men dette arbeidet svarar ikkje på vedtaket om å utarbeida ein språkbruksplan.

TILSYN

I tidlegare mållov lyder § 10: «Kongen skal minst kvart fjerde år leggje fram for Stortinget ei melding om målbruk i offentleg teneste». Ei slik melding har ikkje kome dei siste åra. I den nye språklov er denne føresegna vekke. Departementet meiner likevel at ei form

for rapportering til Stortinget vil vera ein viktig del av tiltaka for oppfylging av språklova og språkpolitikken.

I høyringsvaret føreslår Noregs Mållag at det rette ville vera å utvida denne meldinga til også å gjelda skuleverket, for å kunna sjå språkstoda samla. Noregs Mållag føreslo at ein held på paragrafen.

ØKONOMISK INSENTIV FOR NYNORSK-KOMMUNE

Noregs Mållag har ein representant i juryen for Årets nynorskkommune. Den utmerkinga er i dag det einaste direkte økonomiske incentivet for å vera nynorskkommune som me kjenner til.

IKS

I innspelet til ny språklov spelte Noregs Mållag inn at interkommunale og andre kommunale verksemder skal fastsetja reglar for språkbruk i administrasjonen. Dette fekk me ikkje gjennomslag for, då kommunane ikkje kom inn under pliktreglane i lova.

Staten skal bidra til at det vert lettare å vera nynorskkommune gjennom å sikra at det finst programvare på båe språk, at anbodsutlysingar sikrar tenester på båe språk og etterutdanning for tilsette som treng meir nynorskkompetanse. Alt dette får kommunar som bruker mest bokmål, utan å måtta arbeida for det.

Under arbeidet med ny språklov drøfta departementet om det er naudsynt å stilla eigne krav til teknologiske rammevilkår, men det vart konkludert med at det ikkje trengst.

Noregs Mållag er usamd og leverte slikt framlegg til endring og ny paragraf:

§ X-X Krav til teknologiske rammevilkår for offentleg språkproduksjon (1) I det offentlege skal det berre nyttast programvare som kan leverast med språkfunksjonar både på bokmål og nynorsk slik som nærare spesifisert i denne paragrafen. (2) Alle automatiserte system må støtta dei krav til bruk av bokmål og nynorsk som følgjer av føresegne i denne lova. (3) Nettstader og nettbaserte tenester må ikkje vera slik innretta at dei favoriserer det eine hovudspråket framfor det andre. (4) Søkjefunksjonar skal kunna søkja parallelt i bokmåls- og nynorsktekstar.

Tydelegare krav til kva språk digitale verktøy brukt av det offentlege skal liggja føre på, ville ha gjort det tydeleg både for innkjøparar og utviklarar kva dei kan kjøpa og kva dei må tilby. Det ville vore slutten på diskrimineringa av nynorskbrukarar på det digitale feltet.

- Staten bør greia ut korleis kommunane følgjer opp dei språklege interessene og rettane til innbyggjarane sine.
- Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ein viktig premissleverandør og må sikrast trygge økonomiske rammevilkår
- Det er viktig at ingen slike reformer slår negativt ut for nynorskbrukarane eller for minoritetsspråksbrukarane.

Vinteren 2019 sende Noregs Mållag innspel til departementet som grunnlag for arbeidet deira med ei ny språkmelding, og då spelte me mellom anna inn akkurate dette.

Me har stødd LNK gjennom arbeidet i Nynorsk forum og prioriteringane i statsbudsjettet. Me har særleg lagt vinn på at framtida.no og Framtida junior må sikrast økonomisk.

Noregs Mållag har i perioden arbeidd mykje med både kommune- og regionreforma for å hindra at dei slår negativt ut for innbyggjarane. Me har òg engasjert oss mot samanslåinga av NRK sine distriktskontor etter regionreforma.

DISTRIKTSDEMOGRAFIMELDINGA

I desember 2020 leverte eit utval NOU 2020: 15 *Det handler om Norge — Utredning om konsekvenser av demografiutfordringar i distriktene*. Denne tok for seg korleis ein møter ulike demografiske utfordringar i framtida og korleis ein eventuelt bører på eller motverkar sentraliseringe tendensar. Noregs Mållag spelte i høyringa inn at språkperspektivet heilt mangla i meldinga. Dei demografiske endringane er òg eit trugsmål

mot nynorsken. Me inviterte òg utvalsmedlem Åslaug Krogsæter til å halda ei innleiing på eit digitalt ope møte om arbeidsprogrammet til Noregs Mållag.

Folkeregisteret

Folkeregisteret gjev høve til å registrera språkvalet til alle innbyggjarar. Det gjer det lettare for det offentlege å kommunisera med folk på nynorsk. Det skal stå i folkeregisteret kva av dei offisielle språka folk ønsker å verta møtt på. Utgangspunktet må vera kva språk kommunen har valt, men informasjonen må kunna endrast av einskildborgarar seinare.

- Eit meir moderne folkeregister gjev staten eit langt betre høve til å møta nynorskbrukarane på språket sitt. Dette høvet må staten utnytta.

Me har kontakta folkeregisteret for å få vita kva språk nye skatteinbalarar vert registrerte med. Me fekk svar kort tid før årsmeldinga gjekk i trykken at personar vert registrerte med bokmål, dersom dei ikkje har meldt inn noko språkval sjølv. Me vil arbeida vidare med denne saka for å få slutt på den ugreie praksisen.

Etter initiativ frå skrivarstova gjennomførde Sunnmøre Mållag ein aksjon der fylkeslaget og lokallag delte ut over 5000 flygeblad med oppmoding om å registrera seg som nynorskbrukar. I 2020 var det drygt 467 000 personar som fekk skattemeldinga på nynorsk.

Språkteknologi

Utviklinga av språkteknologisk programvare har i aukande grad innverknad på språktilhøva i Noreg. Teknologien vil koma dit at stadig fleire funksjonar rundt oss vert styrt av taleteknologi. Det kan innebera, om avgjerdene vert overlatne til marknaden åleine, den største talemålsnormeringa sidan radioen kom.

Sidan marknaden rår, må nynorskbrukarane vera synlege på statistikkane til selskapa som styrer marknaden. Politisk press på dei store selskapa og på dei store prosjekta som skal arbeida med språkteknologi i Noreg, er viktig. Produsentar av språkteknologi må sjå på det som eit konkurransefortrinn å bruka nynorsk i produkta sine. Den nynorske ordbanken må vera kvalitetssikra for at slik teknologi skal ta i bruk både dei to norske språka.

- Staten må ta ansvaret for at tilgjengeleg språkteknologi vert like breitt utvikla for nynorsk som for bokmål. Dei burde også jobba for utviklinga av samisk og kvensk språkteknologi.
- Noreg må få taleattkjenningsteknologi som forstår dialektar.



Gloppen Mållag er eitt av lokallaga som ikkje har hatt årsmøte gjennom pandemien. I februar 2022 var tida der. Då stilte både ordførar Leidulf Gloppestad (t.v.), Synnøve Marie Sætre, fungerande leiar i Noregs Mållag og Inger Marie Sande, nyvald leiar i Gloppen Mållag. (Foto: Hege Lothe)

- Staten må ta kostnadene ved å utvikla ein nynorsk ordbank til bruk for språktekologiske nyvinningar.
- Kvalitetssikra maskinomsetjing til nynorsk kan spara det offentlege for svært store utgifter, samstundes som det kan innfri viktige rettar for nynorskbrukarane.
- Språksamlingane ved Universitetet i Bergen må få ei nøkkelrolle i utviklinga av jamstilt språktekologi.

I førre periode møtte me Google Noreg og bad om at undervisningsplattformene deira og andre verktøy brukte i skulen, skal liggja føre på nynorsk. Samstundes bad me om forskriftsendring i opplæringslova for å tvinga fram ei endring. Ingen av delane førte fram. I denne perioden tok lokallaga våre på Sunnmøre initiativ til eit ordføraropprop, og Noregs Mållag fylgte opp arbeidet saman med Nynorsk kultursentrums, LNK og Nynorsksenteret. 108 ordførarar i kommunar og fylkeskommunar kravde vinteren 2021 eigne språkversjoner av programvare og appar på G suite for utdanning, Google chromebook, Google classroom og nynorsk rettskrivingsprogram. Etter fleire ulike nyhendesaker om kåra for nynorskbrukarar på nett, følgde dåverande kulturminister Abid Raja opp i juni 2021 med eit møte med Google med oppmoding om å betra tilbodet både

for nynorsk og for samisk. Dei har lova at det skal bli betre, men lite har skjedd til no.

Vinteren 2021 møtte me nemnda for Norsk ordbok, ei ressursgruppe som er sett ned for å arbeida for at ordboka vert fulldigitalisert. Dei bad om draghjelp frå eit samla nynorskMiljø for å lukkast snarast mogleg.

Våren 2021 deltok leiaren med førebudd innlegg på ei klarspråksamling i regi av KS og NTB Arkitekst. Tema for samlinga var om språktekologi er eit trugs-mål eller redninga for godt norsk skriftspråk. Me har også fått presentert skriveverktøyet Skrible som NTB Arkitekst har utvikla for grunnskulen. Det kombinerer språktekologi, pedagogikk og klarspråk for å gjera skriveprosessen meir lærerik og effektiv. Skrible er utvikla på bokmål og nynorsk parallelt, og det fungerer like godt på både språka.

Me deltok også på delar av (den digitale) digitaliseringskonferansen i regi av Digitaliseringsdirektoratet denne våren.

I juni 2021 møtte me representantar frå Språkbanken til informasjonsutveksling der me frå vår side først og fremst ynskte læra meir om kva som er status på ulike felt, og kva felt me kan vera med å påverka framdrifta på best mogleg. Taletekologi var hovudtema i møtet, og Språkbanken arbeider mykje med å få tak i taleoppdrag som grunnlag for utvikling av taleattkjennning. I dette arbeidet er også dialektane viktige, og mellom

anna har Stortinget gått inn i eit samarbeid om stortingsreferat med eit dansk firma, Dictus, som har svært god programvare for dialektattkjenning. Dictus skal levera teknologi som stør ulike dialektar, og som kan referera stortingsrepresentantane på nynorsk. Me har vore på møte med dei og fått illustrert korleis dei arbeider for å få dette på plass. Ei av utfordringane deira er lite transkribert materiale på ulike dialektar, og me drøfta korleis me og andre nærskyldje organisasjonar eventuelt kunne bidra for å henta inn meir materiale, og at tenesta såleis kunne bli så god at fleire enn Stortinget kunne nyta seg av henne. Ei utfording me har felles med Språkbanken, er at det er vanskeleg å få dei største internasjonale teknologiaktørane i tale, så lite er kjent om kva dei arbeider med.

Gjennom samarbeidet i Nynorsk forum har me også stødd at Nynorskroboten, maskinomsetjingsverktøyet som Nynorsk pressekontor har utvikla, skulle få auka statsstøtte til vidare utvikling, og det fekk me i fellesskap heldigvis gjennomslag for. Til meir roboten vert brukt, til meir paralleltspråkleg tekst får t.d. Språkbanken tilgang til som grunnlag for utvikling av annan språkteknologi.

I samband med presentasjonen av statsbudsjettet for 2022 melde me oss på høyring i kommunal- og forvaltningskomiteen. Den sentrale bodskapen vår var at kommunane og fylkeskommunane får eit større språkleg ansvar med ikraftsetjinga av språklova januar 2022, og då må dei både minnast om det og setjast i stand til det. Me peika då særleg på at departementet tek språkpolitisk ansvar i det omfattande digitaliseringsarbeidet som er omtala i budsjettet, og at språkkrav må inn i regelverket for offentlege innkjøp og presiserast i alle anbodsutlysingar. Me bad også om at kapittelet Nynorsk i kommunane må koma inn att i kommune-propsisjonen, slik det var fast fram til 2014.

Sivilsamfunnet

Partane i arbeidslivet

Å sjå nynorsk i bruk rundt seg er viktig for at det skal vera lettare å bruka nynorsk. Der nynorsk er mykje brukt, har han høgare status. Difor er det viktig at partane i arbeidslivet nyttar nynorsk systematisk. Dei siste åra har Noregs Mållag arbeidd særleg med LO for å bidra til at dei nyttar meir nynorsk i den skriftlege kommunikasjonen sin. Me har tru på at dette arbeidet er viktig for arbeidstakarane sin rett til å bruka sitt eige språk i arbeidet sitt. Noregs Mållag vil utvida dette arbeidet med å ta kontakt med dei andre hovudorganisasjonane, både på arbeidsgjevar- og arbeidstakarsida.

- Det er viktig at alle organisasjonane ser nyttar av å samarbeida for å auka nynorskbruken i arbeidslivet.
- Det er viktig å halda fram arbeidet i LO sentralt, lokalt og ute i forbunda for at LO skal bruka meir nynorsk og for at LO skal fremja viktige målkrav ute i samfunnet.
- Lokallag og fylkeslag søker, der dette er naturleg, samarbeid med fagrørsla om arbeidsgjevarar for å styrkja nynorsken. Gode røynsler vert melde inn til Noregs Mållag sentralt.
- Noregs Mållag oppmodar partane i arbeidslivet om å gje ut dei sentrale avtalane sine på nynorsk.

Til valkampen laga LO også i år eit flygeblad med tittelen «Bruk stemmeretten din». Mållaget i LO-administrasjonen omsette flygebladet til nynorsk, og det vart sendt ut til alle interesserte partilag og brukt aktivt i valkampen.

Friviljuge organisasjonar

I Noreg har me eit breitt spekter av friviljuge orga-

nisasjonar. Alle delar av befolkninga, i heile landet, er engasjert i ulike typar lag og foreiningar. Det potensialet vil Noregs Mållag nyttre for å få fleire organisasjonar til å nyttar nynorsk, og påverka til at friviljuge kan bruka nynorsk i engasjementet sitt.

- Noregs Mållag sentralt og lokallag skal knyta relasjonar til friviljuge organisasjonar, og oppmoda til meir bruk av nynorsk.

Regjeringa har bestemt at året i år er «Frivillighetens år 2022». Noregs Mållag er ein av 300 medlemsorganisasjonar i Frivillig Noreg. Denne organisasjonen stod bak framlegget om å laga eit heilt år der ein set søkjelyset på frivillige, og der dei tilbyr medlemene å velja seg ein dato for VÅR DAG, som ein særskild dag for markering av eiga sak. Me har peika oss ut VÅR DAG i løpet av dette året som skal vera Noregs Mållag og Norsk Målungsdom sin dag. Me har alt ein slik dag som me markerer årleg; Nynorskdagen torsdag 12. mai, og me vel rimeleg nok også denne datoene som VÅR DAG. Me markerer dagen fordi Stortinget denne datoene i 1885 vedtok å jamstilla nynorsk og bokmål, det såkalla «jamstillingsvedtaket». Mållaget oppmodar alle om å skriva nynorsk denne dagen. I år går spesielt denne oppmodinga til alle organisasjonar i Noreg om nettopp å bruka denne dagen til å skriva nynorsk. Me vil også oppmoda lokallaga våre om å bruka dagen til å samarbeida med organisasjonar eller andre i nærmiljøet for å invitera fleire inn til språket vårt.

Næringsliv

Å sjå nynorsk i butikken, i avislysingar og reklameblad



I 2020 var det Arne Brimi som fekk Nynorsk næringslivspris. Han fekk prisen for å vera eit ikon i bruk av dialekt og fordi han nyttar nynorsk i marknadsføringa med stor suksess.
(Foto: Noregs Mållag)

gjer det lettare for alle nynorskbrukarar å halda fram med å skriva nynorsk, og lettare for skuleborn å læra seg nynorsk. Det er òg viktig for arbeidstakarar å kunna skriva nynorsk på arbeidsplassen sin. Slik er desse verksemndene med på å gjera nynorsk lettare å bruka og å læra for både unge og voksne. Nynorsk verksemd-kampanjen til Mållaget er med på å løfta fram og gje heider til desse verksemndene. Det bør me halda fram med. Nynorsk næringslivspris er òg eit viktig tiltak for å løfta fram nynorskbruk i næringslivet.

- Noregs Mållag sentralt og lokalt skal samarbeida om å styrkja nynorsken i daglegvarekjedene og få fleire til å bruka nynorsk i marknadsføringa.
- Samvirkeorganisasjonane, særleg Tine, bør bruka meir nynorsk både andsynes bøndene og kundane.
- Lokale mållag skal jobba for at fleire reiselivsaktørar marknadsfører seg på nynorsk.

Gjennom nynorsk verksemd-kampanjen sender me med jamne mellomrom brev med skryt til verksemnder som brukar nynorsk. Dei får også eit Blest-hefte med tips og triks til god nynorsk marknadsføring, og #nynorskverksemd-klistremerke. Verksemndene vert

anten merkte i sosiale medium, me vert tipsa om dei på e-post, eller me oppdagar dei sjølv. I 2022 planlegg me å oppdatera klistremerket til kampanjen.

Mållaget tykkjer det er viktig å bruka mediearbeidet som eit positivt verkemiddel i arbeidet for nynorsk i næringslivet. Denne perioden har me hatt nokre utspel som har fått god pressedeckning. Det fyrste var i juni 2020 då hadde me eit utspel der me gledde oss over at Vy som er ein stor og viktig reiseaktør i Noreg, hadde lagt til rette for at du kan velja nynorsk som språkval på nettsida deira, og store delar av innhaldet er tilgjengeleg på nynorsk.

I februar 2021 var me glade for at Voss sparebank hadde laga nynorskbanken.no med bankkort med sjølvaste Ivar Aasen på.

I mars same året vart det kjent i media at fire kraftselskap: Tafjord, Sognekraft, Sogn og Fjordane Energi (SFE) og Tussa skulle gå saman om eit felles selskap som skal selja kraft på privatmarknaden i heile landet. Me sa at me forventa at det nye salsselskapet tok med seg nynorsken inn i framtida. Det var difor gledeleg hausten 2021 då det nye selskapet vart lansert. Det heiter Wattn, og brukar nynorsk og bokmål parallelt i kommunikasjonen retta mot kundane både på nettsidene, Facebook og i deira eigen wattn-app. På nyåret i 2022 gav me heider til den nysatsinga på nynorsk. Me



Oslo-biskop Kari Veiteberg fekk Målprisen 2020 for å bruk a «språket på ein måte som gjer trua nærmare for dei som trur og meir levande for dei som ikkje trur.» (Foto: Beate Haugtrø / NPK)

lyfter også med jamne mellomrom ulike nynorskbrukande verksemder i eigne sosiale medium-kanalar.

I mars 2020 hadde Mållaget eit utspel retta imot Visit Norway der me bad om meir nynorsk i den utetterretta informasjonen deira på nettsidene og annonsar. Det kom ikkje noka endring etter dette utspelet, og me vil ta opp att saka i vår. Det har ikkje vorte arbeidd opp imot lokale visit-selskap i denne årsmeldingsperioden. Det er fleire lokale mållag som gjev målprisar og heider til lokale reiselivsaktørar. Vinje Mållag som gav målpris til Groven Camping og Hyttegrend for god nynorsk marknadsføring, er eitt av dei ferske døma på dette.

Leiaren har i perioden hatt møte med tenkjetanken Initiativ Vest, mellom anna om næringslivet på Vestlandet og korleis dei kan fremja nynorsk.

NYNORSK NÆRINGSLIVSPRIS

Nynorsk næringslivspris vart fyrste gong delt ut i 2006. Føremålet med prisen er å fremja innsats for og bruk av nynorsk i næringsverksemd. Styret i Noregs Mållag peikar ut ein eigen jury og det er no Anders Riise som er juryleiar. Nynorsk næringslivspris for 2020 vart tildelt kokk, gründer og forretningsmann Arne Brimi. Han har gjennom mange år vorte eit ikon på bruk av dialekt, anten det er på fjernsynet eller i andre medium, og han nyttar nynorsk i marknadsføringa si med stor suksess. Juryen vonar at prisen er til inspirasjon for

Arne Brimi og folka rundt, og gjev kraft til også å nytta nynorsk i det vidare arbeidet. Prisen for 2021 gjekk til det nye kraftselskapet Wattn for det gode nynorsktibodet deira både til kundane og i eiga profilering.

Religion og livssyn

Fram til i 2012 var Den norske kyrkja ein del av staten. Med endringa i 2012 er kyrkja ikkje underlagt staten på same måte, sjølv om kommunane framleis har ei plikt til å stø den norske kyrkja. Kyrkja reknar framleis at dei skal halda seg til mållova.

Religion og livssyn er meir enn Den norske kyrkja. I nynorskområda er det etablert trudoms- og livssynsamfunn frå ei lang rekke religionar, og medlemene her bør òg få høve til å utøva religionen sin på nynorsk. Noregs Mållag vil særleg prioritera kontakt med dei islamske miljøa i nynorskområda for å kartleggja kva som trengst.

- Kyrkja skal framleis praktisera prinssippa i mållova, sjølv etter ny organisering.
- Trusopplæringsmateriell må liggja føre på både nynorsk og bokmål.
- Det er viktig å hjelpe muslimske trudomssamfunn til å få meir av tilfanget sitt på nynorsk.

- Det er viktig å følgje opp Human-Etisk forbund, dei muslimske trudomssamfunna og frikyrkjene for å sikra at dei har tilbod på både nynorsk og bokmål og bruker nynorsk i nynorskområdet.
- Trudoms- og livssynssamfunn som får statsstøtte, skal møta eit krav om å gje born og unge i nynorskområde nynorsk trusopplæring.

Noregs Mållag gav Målprisen 2020 til biskop i Oslo bispedøme, Kari Veiteberg. Ho fekk prisen for den markerte nynorskbruken sin og for å syna oss kor mykje språket vårt – nynorsken – rommar og ber med seg. «Ho brukar språket på ein måte som gjer trua nærrare for dei som trur og meir levande for dei som ikkje trur», heiter det i grunngjevinga frå styret. Styremedlem Inger Johanne Sæterbakke delte ut prisen til Kari Veiteberg i bakgarden på bispegarden i Oslo ein verkeleg kald vinterdag som også var prisvinnaren sin 60-årsdag.

Vinteren 2021 var me til hjelp for Bibelselskapet som arbeidde med eit undervisningsopplegg med animerte filmar som dei ynskte å få på plass i nynorskversjon, men det er ikkje klårt enno om dei kjem i mål med finansieringa/omsetjinga.

Kristent arbeid blant blinde og svaksynte kontakta oss våren 2021 for eit positivt medieutspel om at biblelen vart lesen inn på nynorsk. Han er tilgjengeleg for alle, men særleg til hjelp for målgruppa deira, og me var sjølvsagt med på eit slikt utspel.

Samarbeid med andre språkgrupper i Noreg

Noreg er, og har alltid vore fleirspråkleg. Det skal det også halda fram med å vera. Målrørla skal vera solidarisk med andre språkgrupper i Noreg. Mange språkpolitiske saker er like for målrørla og rørslene til nasjonale urfolks- og minoritetsspråk i Noreg. Der me har felles sak, bør me i større grad samarbeida med desse rørslene. Særleg dei samiske miljøa har me felles interesser med. Det kan gjelda parallelklassar, media, litteratur, opplæring og reglar for kommunal språkbruk.

- Målrørla bør samarbeida med samiske og andre miljø i relevante saker denne fireårspérioden. Særleg viktig er arbeidet med ny språklov.

I perioden har me teke til orde for rettane til andre språkgrupper i Noreg over alt der det har vore aktuelt, og særleg i arbeidet med språklova. I februar 2022 hadde me eit møte med sametingsråd for språk og utdanning, Mikkel Eskil Mikkelsen. Dette møtet hadde til hovudføremål å bli kjend med kvarandre og å son-

dera om mogleg framtidig samarbeid t.d. om oppfylginga av språklova.

Sumaren 2021 hadde me eit medieutspel der me helsa ein nystifta skogfinsk organisasjon velkomen som samarbeidspartner, og uttrykte støtte til eit nytt skogfinsk museum som er ein av dei aktuelle kampane deira for tida.

Opplæring

I all hovudsak er det i skulen at nye nynorskbrukarar kjem til, og i delar av landet er det i skulen dei òg forsvinn. I tillegg syner undersøkingar at barnehagen i stor grad fungerer som reine bokmålsbad for ungar som skal ha nynorsk som opplæringsmål.

Det er varsla at det kjem ei ny opplæringslov i 2020. Denne må vera ein hovudprioritet for Noregs Mållag. I 2017 tok arbeidet til med å utvikla nye læreplanar. Dette arbeidet er høgt prioritert hjå Noregs Mållag og må vera det til dei nye læreplanane er klare hausten 2020.

I august 2021 sende Noregs Mållag eit brev til Riksrevisjonen der me bad dei om å føra revisjon med tilhøva til nynorskelevane. Bakgrunnen er at Noregs Mållag er uroa for situasjonen til elevane i grunnskulen med nynorsk hovudmål og ynskjer ein gjennomgang av situasjonen for desse elevane. Noregs Mållag har fleire gonger bede Utdanningsdirektoratet om å føra tilsyn med dei rettane elevane har etter opplæringslova. Men det verkar vere liten vilje til å sjå til at nynorskelevane faktisk får oppfylt desse rettane.

Me vonar Riksrevisjonen, etter mal frå sin eigen rapport Dokument 3:5 (2019–2020): *Undersøkelse av samiske elevers rett til opplæring i og på samisk*, vil sjå på nynorskelevane sin rett til opplæring på nynorsk.

Barnehage

I dag er språket i barnehagen eit heilt uregulert område. Barnehagelova vart endra i 2017 og nemner ikkje nynorsk i det heile. Samstundes slår den nye rammeplanen fast at skriftspråkstimulering er ein viktig del av barnehagekveldagen. Ei undersøking Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) og Pirion har gjort, syner at barnehagane i nynorskområda i alt for liten grad nyttar nynorske bøker, nynorsk i songar og høgt-

lesing. Åtte av ti nyttar språkstimuleringsopplegg som berre finst på bokmål. Ein stor del av ungane som skal ta til med nynorsk i skulen, vert såleis bada i bokmål i barnehagen. Utan reguleringar vert det svært personavhengig kor mykje nynorsk språkstimulering ungane får, eller om ungane møter nynorsk i det heile. Noregs Mållag krev sterkare språklege rettar for barnehageungar.

- *Barnehagar kan berre kjøpa inn språkstimuleringsmateriell som også finst på nynorsk.*
- *Ungar som skal ha nynorsk på skulen, bør først og fremst møta nynorsk skriftspråk.*
- *Administrasjonsmålet i barnehagane, også private, må vera det same som skolemålet.*
- *Barnehagevitjingar må framleis vera prioriterte under nynorskstafetten for å auka medvitet kring nynorsk språkstimulering i barnehagen.*
- *Alle ungar skal få møta den lokale dialekten og nynorsk i barnehagen.*
- *Rammeplanen må ta omsyn til at det er annleis å skulla få opplæring i eit mindre brukta språk, enn i det største språket.*
- *Sentrallekken og lokallaga skal spreia nynorsk barnelitteratur til barnehagane og barneskulane.*

Barnehagelærarutdanninga

Barnehagelærarutdanninga bør speglar at Noreg har to offisielle skriftspråk. Utan språklege krav i barnehagen, skjer ikkje dette i stor nok grad i dag. Kunnskapsområdet språk, tekst og matematikk må speglar at det er to norske språk, og studentane må få innsikt i korleis dei driv språkstimulering for ungar som skal ha nynorsk opplæringsmål. Rammeplanen for barnehagelærarutdanning må tematisera nynorsk språkstimulering. Den nye planen for barnehagelærarstudiet må slå fast: «Barnehagelærarstudentar skal læra å brukar nynorske tekstar i formidling og at lokal kultur og talemål er sjølvsagt i alle barnehagar.»

Ungar som skal ha nynorsk opplæringsspråk, skal

møta mest nynorsk i barnehagen. Den retten må inn i barnehagelova og rammeplanen for barnehagelærarutdanning.

BARNEHAGE

Over 90 prosent av alle born i alderen 1–6 år går i barnehage, og barnehagen har i mange år vore minst like viktig for språklæring og språkopplæring som heimen er det. Det opnar for ei mogleg medviten språkopplæring som førebur borna til å leva i eit tospråkleg Noreg.

Framleis er språket i barnehagen mest heilt uregulert, men det har skjedd endringar som viser rett veg: Så vel barnehagelova som opplæringslova krev at alle kommunar lagar eigne planar for overgangen frå barnehage til barneskule. Her opnar det seg store sjansar for mårørsla til å påverka språkopplæringa i barnehagane.

LNK/Pirion gjennomførte ei ny granskning om nynorskbruk og nynorskopplæring i barnehagane i nynorskkommunar. Granskninga viser at bruken av nynorsk har gått ned sidan førre granskninga for fire år sidan.

Me har sett i gang eige arbeid for å sjå kva samanheng eller manglande samanheng mellom barnehage og barneskule som finst i nynorskkommunar. Vår eiga granskning av barnehagane i Hordaland viser at utanom Hardanger er det vandt å finna nemnande medvit om samanhengen barnehage–barneskule når det gjeld nynorsk. Etter eit møte saman med Arna Mållag på Garnes skule har skulen sett i verk tiltak i lag med barnehagane i Arna. Skuleleiingane i arnaskulane har eit uttalt ynske om å få til ein slik samanheng. Det same viser seg også på Ågotnes i Sotra etter at lokallaget, fylkeslaget og skrivarstova hadde møte med skuleleiinga.

I Nordfjord innleidde skrivarstova for regionsrådet om emnet. Jamvel om kommunane i Nordfjord driv godt barnehagearbeid, fortalde regionsrådet at også dei vanta eit sterkt medvit om rolla barnehagane har for å konsolidera skulane som nynorskular.

Skrivarstova innleidde også på digitalt seminar for lokallaga i Hordaland om emnet.

Svært mange lokallag arbeider godt andsynes barnehagane. Ikkje minst spreier lokallaga god og ny nynorsk barnelitteratur til bruk i barnehagane. Det me veit mindre om, er kor systematisk nynorsk barnelitteratur vert brukt og korleis borna får møta litteraturen: Les dei tilsette på nynorsk eller les dei på dialekt?

På nynorskstafetten i 2021 var vitjing av barnehagar ein sentral del. Og til liks med tidlegare stafettar møter me mykje velvilje og ynske om meir nynorsk i barnehagen. Som tidlegare ser me likevel at det ikkje er nokon plan for korleis språklæringa skal førebu borna på anten å vera nynorskelever eller læra nynorsk som andrespråk.

Rammeplanen for barnehagen slår fast at «Dei eldste barna skal få høve til å glede seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen». Trass i denne gode føremålsparagrafen, er det nett manglande samanheng som er det vanlege i kommunar der nynorsk er fyrste opplæringsmålet. Ørsta kommune har vist veg når dei i den lokale rammeplanen for barnehagane slår fast at «alle barnehagane i Ørsta skal førebu borna på å bli nynorskelever».

Somme kommunar har gode punkt om nynorsk i vedtekene for barnehagane, t.d. Kvam og Voss. Fleire kommunar drøftar også rolla til barnehagen i språkbruksplanen for kommunen. Like fullt er det avgjerande å få fleire kommunar til å vedta same føremål som Ørsta: Det legg sterke politiske føringar på språklæring og språkopplæring i barnehagen og kan føra til eit mykje større ålement språkleg medvit i heile kommunen. Sameleis er dette avgjerande for å undergrava framtidige røystingar om opplæringsmålet på nynorsksskular.

På våren 2022 er det ute ei høyring frå departementet om moglege endringar i rammeplanen for utdanninga av barnehagelærarar. I den 47 sider lange utgreiinga frå utvalet som har fått mandat til å fremja endringar i utdanninga, er korkje nynorsk eller dialekt nemnde i det heile.

Ein avgjerande premiss for å styrkja innføring i nynorsk skriftkultur i barnehagen er utdanninga av barnehagelærarar. Utdanninga i dag sikrar på ingen måte at dei ferdig utdanna barnehagelærarane er budde på å gje borna i nynorskkommunar ei opplæring som førebu borna på å vera nynorskelever. Og utdanninga sikrar heller ikkje at barnehagelærarar i område der nynorsk er andrespråk i skulen, førebu borna på å veksa opp i eit tospråkleg Noreg. Også i denne samanhengen kan gode føremålsparagrafer i lokale rammeplanar for barnehagen opna for at styresmaktene legg inn emnet vårt i utdanninga av barnehagelærarar: Dersom mange nynorskkommunar vedtek at barnehagane skal førebu borna på å vera nynorskelever, vert det vanskeleg for styresmaktene å sjå vekk frå når dei avgjer innhaldet i utdanninga av barnehagelærarar.

Barnesteget

I 2017 var det 76.549 nynorskelever i grunnskulen, mot 79.841 i 2010. Talet på nynorskelever er relativt stabilt, medan nynorskprosenten går ned. At det flyttar fleire folk til det sentrale austlandsområdet og til dei store byane, er ei av hovudforklaringane på at nynorskprosenten går ned. Likevel har det aldri teke til så få bokmålelever i Sogn og Fjordane som det gjer no, og i 2016 tok det til fleire nynorskelever enn på 10 år i Hordaland. Det er eit mål å nå alle fyrsteklassesforeldre



Nynorskstafetten 2021: Ungane i Lyefjell barnehage i Time kommune tok vel imot Mållaget. Leiar i Jæren Mållag, Knut Magnus Nordal, vart overkrt eit flott måleri som nokre av borna hadde laga, då han kom på besøk. (Foto: Hege Lothe)

i randsonene, eit halvt år før skulestart, for å få mange fleire til å velja nynorsk som hovudmål for ungane sine.

Eit aukande tal på parallelklassar med bokmål i randsonene er eit problem. Nokre gonger vert nynorskelevane i så tydelege mindretal at skulane bryt opplæringslova og blandar nynorskevar og bokmåselever i same klasse på barnesteget. Dette har me til dømes sett på skular i Arna bydel, Bergen og Hallingdal. Slik parallelklasseretten fungerer i dag, kan han svekkja nynorsken sin posisjon i eit område eller på ein skule. Mange stader får foreldre som ynskjer bokmål, eigne bokmåsklassar utan å stetta kravet til å vera ti elevar. Både på Orstad og på Gol til dømes, er det slik det som i dag er store bokmålsgrupper, tok til. Foreldre som ynskjer nynorsk, opplever på si side å verta motarbeidde av skuleleiing og kommunar. Noregs Mållag må sjå på andre måtar å hegna om nynorskelevane og dei nynorske lokalsamfunna på. For å rekruttera fleire nynorskelever bør sentrallekken laga materiell som fylkeslag og lokallaga kan bruka til kurs i nynorsk for foreldre å førskuleungar.

Det er skilnad på å læra det største og det minste av dei to norske språka, det må hovudmålsundervisinga til nynorskelevane ta høgd for. Nynorskelevane treng mindre eksponering for bokmål. Elevar med nynorsk sidemål bør starta sidemålsundervisinga på mellomsteget.

Etter nokre år med ro kring læremiddelsituasjonen ser me at inntoget av digitale læremiddel skaper ein uhalldbar situasjon for nynorskelevane. Store delar av marknaden tilbyr ikkje produkta sine på nynorsk i det heile. I tillegg vil det koma nye læremiddel i kjølvatnet av dei nye læreplanane. Dette er ei sak me bør samarbeida med lærarorganisasjonane og Norsk Målungdom om.

Lokale mållag gjer ein svært viktig jobb som lokale kampanjeorganisasjonar når det er skulemålsrøyting, og Noregs Mållag sentralt bidreg til dette arbeidet. Det er viktig å fanga opp uro kring skulemålet tidleg, slik at me kan setja inn tiltak før det vert snakk om skulemålsrøyting.

Læremiddelsituasjonen har endra seg med den digitale røynda. Alle læremiddel som er utvikla for bruk i skulen, må koma på både nynorsk og bokmål. Opplæringslova må speglia den digitale røyndomen.

OPPLÆRING

Ny opplæringslov

Dei siste åra har Noregs Mållag arbeidd særleg mykje med situasjonen for digitale læremiddel. Me får jamt inn meldingar om at situasjonen for nynorskelevane er for dårleg. Skilnaden no frå tidlegare er at utan trykte læremiddel som elevane tek med heim, er det vanske-

legare både for foreldra og for Noregs Mållag å ha oversikt over korleis situasjonen er.

I 2018 fekk me utarbeidd ein rapport som stadfestar uroa vår og som synter at nynorskelevane i veldig stor grad er omgjevne av bokmål i opplæringsituasjonar. Ingen ting tyder på at stoda har vorte betre.

I desember 2019 kom *NOU 2019: 23 Ny opplæringslov*. Då hadde Noregs Mållag sendt innspel og hatt møte med utvalsleiar i prosessen. Likevel var det skuffande lesnad. Denne føreslo diverre ingen tiltak for å betra læremiddelsituasjonen for nynorskelevane. Samstundes føreslo dei å fjerna kravet om at det må vera ålmenn røysting for å endra skulemålet. Noregs Mållag sende høyringsinnspel og arbeidde for å få dette endra. Utvalet føreslo heller ikkje at retten til språkdeiling skulle gjelda heile grunnskulen, slik me har spela inn i mange rundar.

I november 2020 møtte me Utdanningsforbundet for å diskutera situasjonen for digitale læremiddel på nynorsk og lyfta kor viktig denne saka er i arbeidet med ny opplæringslov. I mai 2021 møtte me Kunnskapsdepartementet for å diskutera det same.

Heilt på tampen av regjeringsperioden leverte Solberg-regjeringa høyringa si til forslag om ny opplæringslov og endringar i friskolelova. Då hadde Noregs Mållag hatt møte med Kunnskapsdepartementet og med sentrale politikarar. Me hadde fått stilt spørsmål i Stortinget om saka og ytra oss i media. Særleg galdt det saka om digitale læremiddel og at opplæringslova bør få ein betre definisjon på dette slik at unntaka frå regelen ikkje kan praktiserast så liberalt som i dag.

I framlegget frå Kunnskapsdepartementet som kom i august 2021, var det fleire gledelege oppdagingar. Departementet føreslo at retten til opplæring i eigne grupper skulle gjelda heile ungdomsskulen, og dei tok ikkje framlegget frå NOU 2019: 23 vidare. I det nye framlegget ligg heldigvis også framleis kravet om å gjennomføra folkerøysting om ein vil endra opplæringsspråket i krinsen.

Men det nye framlegget stod på den same definisjonen av digitale læremiddel og opna ikkje for å ta inn andre læringsverktøy eller ressursar i lova. Departementet gjorde rett nok framlegg om å ta inn eit krav om at skriveverktøy som skal brukast i skulen, må liggja føre på både bokmål og nynorsk, men la inn formuleringa «så langt som råd», som Noregs Mållag meiner ikkje vil gjera norske skuleeigarar i stand til å stilla krava dei treng i møte med store internasjonale leverandørar.

Høyringsfristen på framlegget til ny lov gjekk ut 20. desember 2021. Hausten 2021 arbeidde Noregs Mållag mykje med å få sentrale aktørar til å spela inn særleg kor viktig digitale læremiddel er for nynorskelevane og at ei ny lov må ta omsyn til det. Me skipa markering i Øystese og tok initiativ andsynes Aksjonsgruppa for nynorske læremiddel i Sunnmøre Mållag til å laga

markering i Ørsta på 50-årsmarkeringa for dei store læremiddelaksjonane. Me skipa til seminar om opplæringslova i november 2021.

Mange mållag og privatpersonar har levert gode høyringssvar om opplæringslova. Det same har mange kommunar, Forleggerforeningen, Utdanningsforbundet og nærskyldje organisasjonar. Me har arbeidd målretta for å få flest mogeleg høyringssvar som står vårt syn i saka.

Den nye lova er venta å koma i 2023.

- *Staten må føra tilsyn med at nynorskelevar får rettane sine etter opplæringslova, inkludert retten til læremiddel på nynorsk.*

I høyringsrunden til ny opplæringslov har spørsmålet om tilsyn vorte løfta av både Noregs Mållag og resten av nynorskrorsla. Me spela inn at Språkrådet var ein av dei som kunne føra slikt tilsyn. I framlegget til ny opplæringslov er dette diskutert, og departementet meiner dette ikkje er ein god idé, men meiner statsforvaltaren bør vurdera om det skal opnast tilsyn: «Departementet vil imidlertid understreke at det er viktig at statsforvalteren gjør en risikovurdering og vurderer om det bør åpnes tilsyn for å avklare om kommunenes og fylkeskommunenes praksis er i samsvar med minimumskravene i loven».

- *For å sikra godt og rett språk i lærebøker og digitale læremiddel bør Kunnskapsdepartementet innføra ei godkjenningsordning for alle læremiddel som forlaga vil tilby til skulen.*

Gjennom skiftande regjeringar har meldinga frå departementet dei siste åra vore at ei sentral godkjenningsordning for læremiddel aldri kjem attende. Med innføringa av innkjøpsstøtte til digitale læremiddel for skuleeigar har Utdanningsdirektoratet utvikla ei liste med digitale læremiddel som er godkjende og som skulane kan søkja midlar til. For å hamna på denne lista må produsentane mellom anna rapportera at læremiddellet finst både på nynorsk og på bokmål. Dette er rett nok basert på sjølvrapportering. Noregs Mållag meiner denne lista burde kontrollsjekkast for så å kunna fungera som ei liste over godkjende læremiddel. Det har me spelt inn til departementet i høyringsrunden på opplæringslova og til Udir i møte med dei.

- *Opplæringsmateriell til skulebruk laga av organisasjonar, må koma på både nynorsk og bokmål.*

Opplæring

I høyringsrunden om ny opplæringslov har Noregs Mållag spelt inn at ikkje berre digitale læremiddel, men også andre læringsressursar må vera omfatta av parallelitetskravet.

Denne perioden har Noregs Mållag samarbeidd med organisasjonen Sex og politikk om undervisningsoppsettet deira som heiter Veke 6 / Uke 6. Hausten 2020 lanserte dei for fyrste gong materiellet sitt på både nynorsk, bokmål og samisk, til glede for skulelevar i heile landet. Nestleiar Synnøve Marie Sætre deltok med innlegg på det digitale lanseringsarrangementet i regi av Sex og politikk. Hausten 2021 var nestlearen med på eit tilsvarande lanseringsarrangement for veke 16 - eit nynorsk undervisningsopplegg for elevar i vidaregåande skule.

- Ny læreplan må ta omsyn til at det er annteis å få opplæring i eit mindre bruk språk enn i det mest brukte språket.
- Ein må i større grad leggia den konkrete undervisinga til rette for dei elevane som skriv eit mindre bruk språk.

Ny læreplan vart vedteken 2019, og me spelte inn dette i høyringsrunden om den nye læreplanen i 2019, men fekk ikkje gjennomslag i den endelige læreplanen.

- Bokmålselevar må byrja med nynorsk sidemål på mellomsteget.

I den nye læreplanen i norsk er dette kompetansemåla etter 2. trinn:
lytte til og samtale om skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk

Og etter 4. trinn er dette kompetansemåla:
Lese og lytte til forteljingar, eventyr, songtekstar, faktabøker og andre tekstar på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk, og samtale om kva tekstane betyr for eleven.

Utforske forskjellar og likskapar mellom skriving på hovudmål og sidemål.

- Det bør alltid vera tilbod om nynorsk parallelklasser i dei store byane, utan krav til minstetal på elevar.
- Kravet om at det må vera 10 elevar att i klassen for å skipa parallelklasser, må koma attende.
- Det er viktig å stø opp om arbeidet med å skipa nynorske parallelklassar.
- I nynorskområda bør det vera ein prinsipiell rett til å gå i nynorskklasse.

- Det er viktig å stø opp om nynorsk leselystkampanje på mellomsteget.
- Det må greia ut korleis ein tek i vare nynorskelevane på skular der bokmålselevarane er i fleirtal.
- Det må økonomiske insentiv til for at nynorskelevane skal få den opplæringa dei har krav på.
- Administrasjonsmålet på skulane skal vera det same som skulemålet.

Noregs Mållag har spela inn ideen om parallelklassetilbod i dei største byane i arbeidet med ny opplæringslov, utan så langt å ha fått gjennomslag. Samstundes har me fått gjennomslag for opprettning av ein slik klasse i Bergen by. Arbeidet med å få til dette ved Midtun skole er no i gang, og me vonar ein klasse er mogeleg å få til skuleåret 2022/23.

Me har invitert oss sjølv til møte med kunnskapsminister Tonje Brenna for å drøfta både bruken av skjønsmidlar som skal finansiera parallelklassar og andre sider ved det å vera nynorskelev i grunnskulen og korleis språkpolitikken kan vera til hjelp eller det motsette. Temaa som gjeld vilkåra for nynorskelevane er også med oss i alle aktuelle møte når me er på nynorskstafett eller av andre grunnar er ute og møter skuleleiing eller kommuneleiing ulike stader i landet.

Noregs Mållag er med og spreier informasjon om dei nynorske leselystkampanjane som finst, i sosiale medium og i nyhendebrev og annan kontakt med medlemene våre.

I framlegget til ny opplæringslov som var ute på høyring hausten 2021, er framlegget at opplæringsspråket i krinsen òg skal vera administrasjonsspråk på skulen, og at ungdomsskular og vidaregåande skular skal ha eit opplæringsspråk som òg skal vera administrasjonsspråk.

- Om det dukkar opp eit initiativ til ei offensiv skulemålsrøysting, skal Noregs Mållag prioritera arbeidet med å vinna denne.
- Arbeidet med å vinna skulemålsrøystingar skal vera høgt prioritert og koma tidleg i gang.

Det har vore seks folkerøystingar om opplæringsmålet i perioden. Nynorsk vann to og tapte fire.

Stangaland skole (Karmøy):

Nynorsk: 151 / Bokmål: 625 / Røysteføre: 4477
Jendem skule (Hustadvika):

Nynorsk: 101 / Bokmål: 172 / Røysteføre: 944

Byremo skule (Lyngdal):

Nynorsk: 231 / Bokmål: 127 / Røysteføre: 577

Skram skule (Kinn):

Nynorsk: 339 / Bokmål: 423 / Røysteføre: 1903



Nynorskstafetten 2021: Inger Johanne Sæterbakk sit i styret i Noregs Mållag, men var med som forfattar. På Norli på Jærhagen vart ho intervjua om den siste boka ho har skrive «Jorda rundt og tilbake». Det var Else Berit Hattaland og dottera som stod for intervjuet. (Foto: Hege Lothe)

Aure barneskule (Aure):

Nynorsk: 556 / Bokmål: 697 / Røysteføre: 2084

Hemsedal barneskule

Nynorsk: 536 / Bokmål: 509 / Røysteføre: 2068

I Hemsedal vedtok kommunestyret med 9 mot 8 røyster å gå mot resultatet i folkerøystinga, og dermed vert det bokmål i Hemsedal.

Det var to røystingar som kom etter krav frå dei røysteføre; Aure skule (Aure) og Byremo skule (Lyngdal). I Aure var det snautti ti prosent som kravde røysting – like fullt vedtok kommunen å halda røysting. Dei fire andre røystingane kom etter tildriv frå kommuneadministrasjonen i kommunane.

Skrivarstova har samarbeidd tett med lokallaget i alle røystingane og hatt fleire møte med kvart lag. Sameleis med produksjon av tilfang til røystingane. I Hemsedal og Aure vart det laga svært godt tilfang som vart spreidd til alle røysteføre.

På grunn av koronastoda har det ikkje vore halde opne folkemøte om røystingane. Dette skapte vanskar for arbeidet fleire stader, m.a. Jendem og Aure. Einast i Kopervik heldt kommunen eit informasjonsmøte med sterkt avgrensa frammøte, der mållaget ikkje fekk koma med synspunkt.

I Aure var det svært høgt frammøte ved røystinga, og ei avgjerande årsak var at kommunen samstundes

heldt folkerøysting om kva fylke kommunen skulle tilhøyra. Dét kan vera ei årsak til det svært høge talet bokmålsrøyster: Til vanleg plar ein god del likesæle bokmålsbrukarar halda seg heime i folkerøystingar om opplæringsmål. Etter røystinga har lokallaget i samarbeid med skrivarstova og fylkeslaget sett i gang eit arbeid for å få laga parallelklassar.

På Skram (Måløy) kom røystinga av di kommunen ynskte endring frå bokmål til nynorsk ved skulen. Årsaka var å spara pengar. Skulen har fleirtal av nynorskelever, og kommunen meinte også difor at skulen bør endra hovudmål. Skrivarstova hadde møte med lokallaget før røystinga, og Noregs Mållag hadde lesarbrev i lokalavisa før røystinga. Alt tyder på at nynorsk vil vera verande fleirtalsmålet på skulen.

På Jendem kom røystinga etter at kommunen over fleire år aktivt har lagt ned nynorskklassar på skulen slik at det vart eit fleirtal bokmålelever på skulen. Deretter viser administrasjonen til at det er fleirtal for bokmål på ein nynorskskule og rår til å halda røysting. Denne røystinga har alt fått etterspel og eit samrøystes kontrollutval i kommunen har slege fast at kommunen har brote opplæringslova i fleire år. Så vel statsforvaltaren i Møre og Romsdal som Utdanningsdirektoratet er dregne inn i saka. Det er ikkje ulovleg å vedta opplæringsmål på spinkelt grunnlag, men det er særslig uregelmessig å sabotera oppretting av nynorskklassar på ein

Opplæring

nynorskskule. Skrivarstova og lokallaget har samarbeidd med lokalpolitikarar etter røystinga og m.a. har eit samla kontrollutval i kommunen kome med krass kritikk av årsaka til at det vart røysting.

På Karmøy skal skulen slå saman bokmålsskulen Eide og nynorskskulen Stokkastrand til Stangaland skule. Eide er ein stor skule, medan Stokkastrand har éin klasse på kvart steg. Røystinga gav om lag same resultat som skilnadene i elevtal på skulane og ein stor siger for bokmål. Etter røystinga har lokallaget arbeidd godt og sikra minst 3 parallelklassar på den nye skulen.

Byremo skule (Lyngdal) hadde si tredje røysting på snaue 30 år, og nynorsk vann stort – igjen! Lokallaget arbeidde i lang tid før røystinga og det vart skipa nytt NMU-lag som resultat av røystinga. Skrivarstova hadde møte med lokallaget over eit år føreåt. All røysnle fortel oss at di tidlegare arbeidet kjem i gang, dess større er sjansen for å vinna

I Hemsedal kom røystinga skuld samling av alle skulane på éin skule. Stoda i Hemsedal liknar noko på stoda i Jendem der kommunen og skulen i beste fall har hatt eit likesælt syn på vilkåra for å vera nynorskskule og nynorskelev. Samstundes er sjølv målstoda veldig annleis i Hemsedal ved at sjølv målet – hemsedalsmålet – er sterkt truga av bokmål og bokmålsnært talemål.

Det er mykje som ymsar frå røysting til røysting, og det er ulike årsaker til tap eller siger. Dei fleste lokal-laga arbeidde godt for å vinna flest mogleg røyster til nynorsk. Det som er sams for alle stadene der det har vore røystingar siste ti-tjue åra, er det store mistilhovet i språkopplæringa mellom barnehage og barneskule. Om me ikkje evnar å å skapa ein *samanheng* mellom språklæring og språkopplæring mellom barnehage og barneskule, kjem me til å missa mange nynorskskulular framover.

Heller ikkje i denne perioden har det vore noka som helst interesse i heile organisasjonen for å驱ra fram ei offensiv røysting. No har det vorte mykje enklare å arbeida fram krav om røysting skuld teknologi (internett) og å bruka offentlege sider med opprop. Dét kan verka både vegar, og me bør som rørsle ha som mål å driva fram offensive røystingar.

Skulemålet er det feltet som er mest direkte knytt til såkalla vesle målstriden, men på same tid òg det som vert hardast råka av den store målstriden. Tidlegare sa me at språket i skulen avgjer språket utanfor skulen. I dag er det mykje godt motsett, fordi mengda av tekst er mange gonger tidobra siste tiåra. Samstundes er det få område der målstoda vert meir utfordra av ålmenne språkhaldningane og straumdrag i samfunnet, enn skulen. Dei siste femti åra har alle røystingar minus to vore defensive røystingar og er såleis eit prov på at me må finna måtar og vegar for å gjera oss sterke nok til å møta dei ålmenne språkhaldningane og straumdraga som rår.

Ungdomsseget

I dag opphører retten til å få opplæring på eige språk når elevane går ut av barneskulen. Då kan elevane sjølv avgjera kva språk dei vil ha som hovudmål, men dei har ingen rett til å få opplæring i og undervisning på dette språket, utover sidemålsopplæringa. Noregs Mållag har arbeidd for at retten til å få opplæring på hovudmål skal gjelda heile grunnskulen.

I dag kan 12–13 år gamle elevar sjølv velja opplæringsspråk frå 8. klasse. Valet skjer før elevane har vore innom språkhistoria i pensum og før dei er fullkompetente i hovudmålet sitt. Noregs Mållag meiner nynorskelevane bør ha det same opplæringsmålet heile grunnskulen.

Sidemålsordninga i ungdomsskulen syter for at alle møter nynorsk i grunnskulen. Ho er viktig for statusen til nynorsk og for å sikra kompetanse i nynorsk i heile samfunnet. Eigen karakter og eksamen i sidemål er med og held oppe statusen til undervisninga i sidemål i norskfaget. Det er viktig at Noregs Mållag følgjer med på dei sidemålsforsøka som no går føre seg i skulen.

- Språkvalet til nynorskelevane skal følgja dei ut heile grunnskulen.
- Retten til opplæring på eige språk skal gjelda ut grunnskulen. På språkblanda ungdomsskular skal elevane frå nynorskkirinsar og bokmålskirinsar halda fram i kvar sine klassar.
- Lærarar i ungdomsskulen skal undervisa nynorskelevar på nynorsk i alle fag.
- Det må koma ei statleg støtte til nynorskopplæring i eigne grupper.

I regjeringa sitt framlegg til ny opplæringslov er det gjort framlegg om at retten til å gå i eigne språkklassar skal bli vidareført til å gjelda heile ungdomsskulen. Denne retten har Noregs Mållag arbeidd for lenge, og det er fyrste gong på nesten 100 år at nynorskelevane får ein heilt ny språkrett i opplæringlova, om det vert vedteke.

I lova er det føreslede at så lenge det er 10 elevar som har eit anna hovudmål enn resten, så skal dei ha rett til å gå i eiga gruppe også i ungdomsskulen. Departementet følgjer slik opp oppmodingsvedtaket frå Stortinget 22. november 2016.

I høyringsdokumentet tek departementet atterhald om at endringa først kan verta gjennomført når det er dekning for henne. Denne løyvinga må koma i statsbudsjetta.

- Elevane bør få sidemålsundervisning gjennom heile ungdomsskulen. Eleven sin kunnskap i sidemålet må vurderast

gjennom eigen standpunktakaracter og obligatorisk eksamen på ungdomsskulen.

I det nye framlegget til opplæringslov er formuleringa om at sidemålsundervisninga skal gå føre seg dei to siste åra på ungdomsskulen, fjerna. Grunngjevinga er at det er læreplanen som avgjer når sidemålsopplæringa startar, og i dag har læreplanen kompetansemål for sidemål alt etter 4. trinn. Då er det uheldig å ha lovfesta at opplæringa ikkje skal ta til før på 9. trinn. I den nye læreplanen fekk me ikkje gjennomslag for synet vårt om at halvårvurderinga i sidemål og hovudmål ikkje skulle slåast saman til éin karakter, men det skal framleis vera eigen standpunktakaracter etter 10. trinn. Departementet valde også å halda på trekkeksamen i sidemål på ungdomsskulen.

- *Elever med bokmål som opplæringsmål bør verta introduserte for nynorsk i andre fag enn norsk.*

Å driva sidemålsopplæring gjennom såkalla «positive sidemålsforsøk» har Noregs Mållag arbeidd for lenge. Difor har me spelt inn i arbeidet med opplæringslova at det framleis skal vera rom for slike forsøk.

- *Årsramma for norsklærarar i ungdomsskulen må reduserast.*

Mållaget tok nokre initiativ på dette feltet i førre arbeidsperiode utan hell. Me har ikkje arbeidd meir med saka dei siste to åra.

- *Lokallag og fylkeslag skal arbeida for å skipa til motivasjonsdag for lærarar som underviser i norskfaget.*

Sjå teksten under vidaregåande opplæring.

Vidaregåande opplæring

I randsone er språkskiftet stort i den vidaregåande skulen. Det er ofte store, sentraliserte skular der elevane kjem frå områda rundt. Mange kjem frå eit «trygt» nynorskområde og hamnar i språkleg mindretal. I slike situasjonar er det vanskeleg å halda på nynorsk. I tillegg er det fritt opp til lærarane kva språk dei vil undervisa på. Dette skaper skular som i praksis vert reine språkskiftefabrikkar. Noregs Mållag krev at alle elevane

i studieførebuande utdanningsprogram vert prøvd i to jamstelte oppgåver/oppgåvesvar 3. året i den vidaregåande skulen. Det skal vera to ulike eksamensdagar. Krava/vurderingskriteria skal vera dei same i hovudmål og sidemål.

- *Elevane skal framleis ha eigen karakter i sidemål, både standpunkt og eksamen.*

I den nye læreplanen fekk me ikkje gjennomslag for synet vårt om at halvårvurderinga i sidemål og hovudmål ikkje skulle slåast saman til éin karakter, men det skal framleis vera eigen standpunktakaracter etter 3. trinn på vgs. Departementet valde også å halda på trekkeksamen i sidemål på vidaregåande.

I arbeidet med partiprogramma før stortingsvalet i 2021 har Noregs Mållag sendt ut brev til alle dei politiske partia om kva som er god nynorskpolitikk.

- *Årsramma for norsklærarar i vidaregåande skule må reduserast.*

Mållaget tok nokre initiativ på dette feltet i førre arbeidsperiode utan hell. Me har ikkje arbeidd meir med saka dei siste to åra.

- *Opplæringsstyresmaktene må ha ein politikk for å stoppa språkskifte.*

I innspela til ny opplæringslov har Noregs Mållag kome med fleire tiltak som kan vera med på å stoppa språkskifte. Språkdelt ungdomsskule er eitt av dei tiltaka me har fått gjennomslag for, i framlegget til ny lov. Men tilgangen til digitale læremiddel på nynorsk er også viktig for å hindra at elevar byter frå nynorsk til bokmål.

Noregs Mållag har kome med konkrete innspel til tiltak i budsjethandsamingane både i 2020 og i 2021, og me har snakka med kulturkomiteen på Stortinget om tiltak for å hindra språkskifte.

- *Det skal vera eit ekstrapoeng til elevar som går ut av vidaregåande med nynorsk hovudmål.*

I høyringsrunden om opplæringslova har Noregs Mållag spelt inn at me ynskjer eit ekstrapoeng for dei elevane som vel nynorsk som hovudmål. Dette er tenkt som eit tiltak for å bremsa språkskiftet i vidaregåande



Synnøve Marie Sætre, fungerande leiar i Noregs Mållag, overrekte stafettpinnen til Eirik Faret Sakariassen, leiar i utval for oppvekst og utdanning i Stavanger kommune. (Foto: Hege Lothe)

og å hindra såkalla «taktisk språkskifte» der elevane byter hovudmål frå nynorsk til bokmål for å få ein betre samla karakter. Me har ikkje fått gjennomslag for dette så langt.

- Lokallag og fylkeslag skal arbeida for å skipa til motivasjonsdag for lærarar som underviser i norskfaget.

Noregs Mållag nådde akkurat å senda ut eit notat om mogleg gjennomføring av nynorske motivasjonsdagar for lærarar, før landet stengde ned seinvinteren 2020. Seinare har det i hovudsak vore vanskeleg å skipa til større fysiske samlingar, og desse dagane har ikkje kunna få den utbreiinga me vona.

I 2021 har det vore skipa til to motivasjons-/inspirasjonsdagar for lærarar som har fått støtte frå Noregs Mållag, den eine i regi av Trønderlaget og den andre i eit samarbeid mellom Vikværingen, Oslo Mållag, Bærum Mållag og Lærarmållaget. Utdanningsetaten i Oslo er medarrangør. Arrangementet i Oslo var på eit gunstig tidspunkt i september og vart fullteikna på kort tid. Trønderlaget hadde dagen sin i november og merka nok litt meir til smitte på veg opp, men det var likevel godt oppmøte også der.

Karmsund har fått støtte til ein tilsvarande dag, men har måttå utsetja gjennomføringa inntil vidare, og Naumdøla Mållag har gjennomført eit tilsvarande opplegg for lærarar i nærområdet sitt heilt for eigen økonomi.

Lærarutdanningane for grunnskulen og lektorutdanninga

Alle lærarar i grunnskulen og vidaregående er rollemodellar for god norskbruk, og dei er såleis norsklærarar uavhengig av kva fag dei underviser i. Ferdig utdanna lærarar i Noreg må kunna nynorsk. Det er viktig for opplæringa til elevar i nynorskområde, og det er viktig for å halda oppe den nasjonale kompetansen i nynorsk.

I dag får elevar som har hatt fritak frå vurdering i sidemål i vidaregåande, det same fritaket for vurdering i lærarutdanninga. Det tyder i praksis at institusjonane utdannar mange lærarar, medrekna norsklærarar, som berre kan bokmål. Det fører til mangefull opplæring for nynorskelevane. I staden for å gje studentane fritak, burde dei få opplæring i nynorsk, slik at dei meistrar både nynorsk og bokmål når dei skal ut i læraryrket.

Å læra seg å skriva eit mindre brukt språk er annleis enn å læra å skriva det språket ein ser mest

av rundt seg. Lærarutdanningane må difor undervisa i nynorskdidaktikk, både som hovudmål og sidemål. Lærarutdanningane har dessutan eit dessutan eit særskilt ansvar for ein fagleg diskusjon om nynorskelevar sine behov og om ein målretta morsmålsdidaktikk for nynorskelevar.

- Studentane på lærar-, lektor- og PPU-utdanningane må få opplæring i nynorsk språk og språkrettane til elevane. Dei må kunna relevant fagterminologi på nynorsk.
- Lærar- og lektorstudentane som skal undervisa i norsk, må få opplæring i nynorskdidaktikk.
- Det må leggjast opp pensum, drivast opplæring og nivået til studentane må vurderast i både målformer, også for dei studentane som ikkje vel norsk i lektorutdanninga for årstrinn 5–10.
- Norsk må verta obligatorisk for lektorutdanninga for årstrinn 5–10.
- Det skal ikkje kunna gjevast fritak for vurdering i sidemål i lektorutdanninga. Fritaket må erstattast av opplæring. Karakteren i nynorsk og bokmål må stå på vitnemålet.
- Alle lærarar må få tilbod om etterutdanning i nynorsk.
- «Nynorsk hovudmål» må inn som tema i rektorutdanninga.
- Lærarorganisasjonane skal vedta ein best mogleg språkpolitikk i samband med fagfornyinga og ny opplæringslov.

Eli Anne Eiesland ved Universitetet i Sør-Austnoreg gjorde i 2020 ei undersøking om nynorskundervisninga i lærarutdanninga som syntte at ho var svært mangelfull. I 2021 intervjuja Norsk Tidend henne, og ho heldt eit innlegg på eit ope digitalt møte for medlemene våre. Me har seinare synt til forskinga hennar i møte med sentrale styresmakter, sist på eit møte med Kunnskapsdepartementet hausten 2021.

Eitt av fem krav me spelte inn i valkampen og i arbeidet med partiprogramma før valkampen, var at lærarutdanningane må sikra gode nynorsklærarar. Heile fire parti hadde formuleringar om å styrkja nynorskkompetansen i lærarutdanningane (Kristeleg Folkeparti, Arbeidarpartiet, Miljøpartiet Dei Grøne og Raudt), og det er rimeleg å tru at det hadde samanheng med innspela våre.

Skrivarstova hadde eit seminar for lærarutdanninga på OsloMet der godt og vel 200 deltok, dei fleste digitalt. Seminaret tok føre seg korleis og kvifor undervisa i nynorsk..

Høgare utdanning

Studentrettar

Engelsk er i ferd med å ta over som forskingsspråk i Noreg, og det vert òg meir og meir vanleg å undervisa

på engelsk på alle nivå på høgskular og universitet. For å halda oppe eit norsk fagspråk må studentane få meir av pensum på norsk.

Det er viktig å hegna om retten til å få eksamen på eige språk. I dag er ikkje private høgskular omfatta av denne retten.

- Studentane må møta meir pensum på norsk og særleg nynorsk.
- Studentar skal ha rett på eksamen på nynorsk både på offentlege og private utdanningsinstitusjonar.
- Studentane må ha rett på undervisning på norsk til og med bachelor.
- Studentane må ha rett til å skriva bachelor- og masteroppgåver på norsk.
- Det må oppretta stimuleringsordningar for bachelor-, masteroppgåver, phd- og dr. philos-avhandlingar på nynorsk.
- Eksamenspå både målformer skal vera sikra etter forskrifter om målform i eksamensoppgåver.
- Høgare utdanningsinstitusjonar som ikkje gjev nynorskstudentane eksamen på nynorsk, skal møta sanksjonar.
- I fag der lærebøker eller undervisning er på engelsk, skal det finnast norskspråkleg støttmateriell.

Undervisning og forsking

Den sterke posisjonen engelsk språk har fått i akademia, gjer det endå vanskelegare å sikra den nynorske skriftkulturen. Arbeidet for å ta vare på og vidareutvikla norsk fagspråk er for lite prioritert og følgt opp innanfor sektoren.

Styrking av norsk språk er ikkje ein resultatindikator i akademiet, til liks med formidling av forsking overfor eit breitt publikum. Internasjonal inn- og utveksling av studentar er derimot ein slik indikator. Difor er det attraktivt å gje undervisning på engelsk for å trekka til seg utanlandske studentar. Formidling til den norske ålmenta må verdsetjast høgare. Publisering av lærebøker på norsk må verta viktige.

- Universitet og høgskular må følgja opp Språkrådet sin «Vegvisar for språkval i universitets- og høgskulesektoren»
- Sektoren må stilla sterkare tilsettjingskrav, slik at eit vilkår for fast jobb er at tilsette kan dokumentera at dei kan norsk innan ei viss tid.
- Språk må vera eit av kriteria i teljekantsystemet som skal premiera formidling på norsk, både til fagfellar og til eit breiare publikum.
- Publisering på norsk bør gje økonomisk utteljing.
- Terminologiarbeidet må få meir offentleg stønad.
- Høgare utdanning har ansvar for å ta vare på og vidareutvikla norsk fagspråk.
- Universitet og høgskular lyt følgja norsk lov slik ho er nedfelt i § 1-7 i universitets- og høgskulelova, som slår fast at universitet og høgskular har ansvar for vedlikehald og

vidareutvikling av norsk fagspråk. Staten må setja i verk straffetiltak mot dei som saboterer gjennomføringa av denne lova.

- *Universiteta og høgskulane må setja av ressursar til å arbeida med å oppfylla krava i mållova.*

I juni 2020 leverte me høyringsfråsegn til ny universitets- og høgskulelov. Der peika me på at norsk fagspråk er for dårleg fylgt opp av institusjonane og at det trengst tydelegare krav i lova. Me bad også om at lova bruker omgrepene språk i staden for målform, og me rosa departementet for å ha føresleger å lovfesta retten studentane har til å få eksamen på eige språk.

Dei fleste spørsmåla som er prioriterte i arbeidsprogrammet, tok me opp med statsråden for forskning og høgare utdanning i førre periode. På seinsumaren 2021 hadde me eit nytt møte med departementet, då med statssekretæren, der me tok opp tre saker: Ein rapport frå 2020 viser at 50 % av lærarutdanningane (6 stk) ikkje vurderer nynorskkompetansen til GLU 5–10 for dei som ikkje har norsk i fagkrinsen. Desse lærarane skal også undervisa i nynorskskular, og me bad om betre løysingar for nynorskelevane.

Sak to dreidde seg om ein rapport frå Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling (Diku) i 2021 som avdekte at utdanningsinstitusjonane ikkje bruker språkstrategiane som dei er ansvarlege for å laga, men legg dei rett i skuffa etter at dei er ferdige. Diku tilrår at det skal setjast opp mål for den språklege dugleiken til studentane ved enda studium. Det må også vera klåre krav til at ein må rapportera på språkstrategiane sine. Me gav støtte til desse tilrådingane som eit steg mot å sikra norsk i høgare utdanning i framtida.

Den tredje saka var etableringa av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). Me tok til orde for at det nye direktoratet som får hovudsete i Bergen, langt på veg blir eit nynorskdirektorat og eit språkleg føredøme for andre. Mellom anna bør det ha nynorsk som standardval på nettsida, ei overvekt av nynorske tekstar både analogt og digitalt, nynorsk skilting av kontora og dessutan systematisk fremja nynorsk innanfor dei fagfelta og faginstitusjonane det får ansvaret for.

Svara frå departementet var ulike variantar av at innspela var interessante og at det er viktig ikkje å detaljstyra institusjonane for mykje. Seinare har det vore regjeringsskifte, og me merkar oss med interesse at tildelingsbrevet for universitet og høgskular for 2022 inneheld fleire skjerpende krav. Mellom anna skal tilsette som hovudregel meistra norsk innan to år etter tilsettjing, institusjonane må ha eigne språkstrategiar, alle bachelor- og masteroppgåver og ph.d.-avhandlingar på andre språk skal ha eit samandrag på norsk, og institusjonane skal etterleva språklova.

I 2021 skipa me eit digitalt arbeidsprogramseminar der rektor ved HVL, Gunnar Yttri deltok og kommenterte konklusjonane i DIKU-rapporten og kom med sine tankar om korleis ein kan oppnå meir norsk i akademia.

Nynorskforskning

Det skjer mykje viktig forsking og kunnskapsutvikling på felt som er viktige for Noregs Mållag. Det har dei seinaste åra utvikla seg større forskingsmiljø som forskar på nynorskrelaterte problemstillingar. Det er viktig at Noregs Mållag følgjer med på det som skjer på feltet, tek til oss den kunnskapen dei formidlar og bruker fagfolk i nynorskforskingfeltet aktivt på kurs, seminar og konferansar.

Noregs Mållag følgjer med på nynorskforskinga og forsøker å vidareformidla ny kunnskap anten gjennom sosiale medium eller gjennom å invitera dei som kan presentera nye funn til seminar eller opne møte. I perioden har me hatt fleire innleiingar om nye funn i nynorskforskinga på tilskipingane våre, frå Jorunn Thingnes, Eli Anne Eiesland og Liv Astrid Skåre Langenes.

Me har også marknadsført gode digitale tilbod i regi av Nynorsksenteret. I denne perioden har det dreidd seg om både ein digital fagdag om nynorsk i lærarutdanninga og eit digitalt møte om bruk av digitale omsetjingsverktøy i opplæringa (blant elevar).

Norskopplæring for vaksne innvandrarar

Folkeveksten i landet vårt kjem i dag av utanlandsk innvandring. Innvandrarar er viktige tilflyttarar for heile Distrikts-Noreg. Det er difor viktig at dei lærer det lokale språket. Mange av dei nye innbyggjarane kjem med familie og ungar. Nynorskopplæring i vaksenopplæringa kan gjera det lettare å koma inn i det norske samfunnet fordi ein då lettare forstår det munnlege talemålet. Då vert det også lettare å forstå dialektar frå alle delar av landet. Arbeidstakrarar frå EØS-området har i dag ikkje rett til norskopplæring, men mange kommunar tilbyd dette likevel. I framtida bør denne gruppa ha rett til å læra norsk både av omsyn til integrering, tryggleik på arbeidsplassen og for å styrkja norsk språk. Dersom nokre av dei som har lært nynorsk, flyttar vidare til bokmålsområde, er det ikkje noka ulempe å kunna nynorsk, tvert om.

I dag er dette eit heilt uregulert område. Språkvalet er ofte opp til den som leier norskopplæringa. I tillegg er det ingen krav til at læremiddel skal koma ut på bære målformer. Situasjonen har betra seg noko på læremid-

delfronten, men det trengst eit parallellutgåvekrav for læremiddla for å sikra god nok tilgang.

- Det er viktig å gjera opplæringsspråket i norskopplæringa til eit politisk spørsmål i kommunane. Opplæringsspråket må følja kommunespråket i dei kommunane som har eit kommunespåsk.
- Læremiddel må inn under opplæringslova og koma på same tid og til same pris på bokmål og på nynorsk.
- Arbeidstakrar med utanlandsk bakgrunn må få opplæring på nynorsk i nynorskområda.
- EØS-borgarar som bur eller arbeider i Noreg, skal få rett til norskopplæring.

I perioden har me arbeidd mykje politisk med å få kravet om nynorsk læremiddel for vaksne innvandrarar inn under opplæringlova. Dette arbeidet må halda fram i komande arbeidsprogram-periode.

Dei siste fire åra har regjering og Storting ført ein streng innvandringspolitikk, og pandemien har også lagt ein dempar på høvet til å reisa mellom landa. Det tyder at langt færre har fått kome inn i Noreg og fått opphold. Det er mange av nynorskkommunane som tidlegare tok imot flyktningar og gav opplæring til vaksne innvandrarar, som siste åra ikkje får teke i mot flyktningar i det heile. Dermed har det som eigentleg kunne vorte ei viktig sak i fleire kommunar, vorte ei ikkje-sak. Me har prøvd å fylgja opp både mållag, kommunestyrerepresentantar, opplæringsmiljø og administrasjon med sakleg kunnskap og gode argument når me har vorte bedne om det. For sjølv om om lag halvparten av nynorskkommunane har nynorskopplæring, er det fleire av dei store nynorskkommunane, som framleis får lov til å ta imot flyktningar, som gjev undervisninga på bokmål. Dette var mellom anna emne på møte med nokre av kommunane på Nynorskstafetten i Rogaland hausten 2021. Det er også slik at me fylgjer opp kommunar som har gjort nynorskvedtak, men der det dreg ut med å avslutta bokmålsopplæringa. Kommuneoversikta av nynorskkommunane og opplæringsspråk står side 73 i årsmeldinga.

Det er kome fleire lærebøker på nynorsk siste åra, og den tydelege meldinga frå opplæringssenter som i dag gjev nynorskundervisning, er at dei stadfestar at utvalet av læremiddel er därlegare på nynorsk enn på bokmål, men det er godt nok til å gje god nynorskopplæring. Kompetanse Noreg har siste åra gjeve lønstillskot til noko dei har kalla Kompetansesenter for nynorsk i norskopplæringa av vaksne innvandrarar. Det er Ulstein opplæringssenter ved Mali Åm som har fungert i denne rolla. Mållaget har utveksla både kunnskap og informasjon underveis.

Frå nyåret 2022 overtok det nyoppretta Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (forkorta til Hdir)

over ansvaret for opplæring av norsk for vaksne innvandrarar. Direktoratet er lagt under Kunnskapsdepartementet. Det er framleis uklart korleis Hdir vil organisera dette arbeidsfeltet, og dette er eit emne Noregs Mållag bør ta opp med Kunnskapsdepartementet.

NYNORSK OPPLÆRINGSOPITIKK I STORTINGSVALKAMPEN

I arbeidet med partiprogramma før stortingsvalet i 2021 sende Noregs Mållag ut brev til alle partia før innspelsfristen. Den nye språklova er ferdighandsama når desse nye stortingsvalprogramma vert tekne i bruk, difor valde styret å prioritera krav knytte til opplæringsfeltet.

Dei fem hovudpunktene våre var:

- 1) Nynorsk og bokmål skal vera reelt jamstilte språk i Noreg
- 2) Hald på og løft sidemålsordninga
- 3) Innfør språkdelte ungdomsskule
- 4) Digitale læremiddel og kontorstøtteprogram må koma på nynorsk
- 5) Lærarutdanningane må sikra gode nynorsklærarar

Desse ynska har me fylgt opp med møte og kontakt med sentrale politikarar i programkomiteane. Sumaren 2021 hadde alle partia hatt sine landsmøte og vedteke kva program dei gjekk til val på. Me meiner Mållaget og målfolk har vorte lytta til i mange parti. Fleire parti overraska med positive formuleringar. Høgre med ei formulering, ikkje om valfritt sidemål, men felles karakter. Arbeidarpartiet la fram meir nynorskpolitikk i programmet enn nokon gong før. Både SV, Krf, Venstre og Senterpartiet hadde eksplisitte formuleringar om eigen sidemålskarakter i ungdomsskulen og vidaregåande skule. Krf, Arbeidarpartiet, MDG og Raudt hadde formuleringar om å styrkja nynorskkompetansen i lærarutdanningane. Det er viktig at retten til læremiddel på nynorsk må sikrast, og det er nemnt av både Krf, Venstre, Senterpartiet, Arbeidarpartiet, SV, MDG og Raudt. Dei same partia unnateke Krf vil alle utgreia eller innføra språkdelte ungdomsskule.

Eit viktig og vellukka grep denne valkampen, var ein serie med videoar med partileiarane der me utfordra dei på kva dei ville gjera for nynorsken i stortingsperioden. Dei fleste møtte leiar Peder Lofnes Hauge framfor kamera, men somme spelte inn eigen video og sende oss. Me publiserte så videoane med få dagars mellomrom på facebook. Desse videoane skapte mykje engasjement blant medlemene våre og andre som fylgjer oss i sosiale medium.

Kultur

Media

Mediebransjen er inne i ei tid prega av sterk endring på mange felt. I mange år har Noregs Mållag arbeidd hardt for å få dei store riksavisene til å opna for nynorsk. Det har vore rett, og i 2017 fekk me på kort tid fleire gjenombrot her. Denne prinsippsaka er viktig, men kanskje ikkje lenger viktigast. Landet rundt ser me små og store redaksjonar som ynskjer nynorsken velkommen i spaltene sine. Noregs Mållag bør gå i dialog med aktørar i og rundt målrørsla for å finna fram til kva verkemiddel som kan hjelpe desse avisene best mogleg.

NRK er sjølv motoren for nynorsk i media, med kontoret i Sogn og Fjordane som ein spjotspiss. Til no har kravet overfor NRK vore at 25 prosent av innhalten skal vera på nynorsk. Dette vert rekna ut ved at all dialektbruk vert fordelt likt på dei to skriftspråka. Dermed er den reelle bruken av munnleg nynorsk langt lågare enn 25 prosent, også i dei åra der NRK kan rapportera om at ein firedel av NRK-språket var nynorsk. Nett tek over for lineær-tv. I dag rapporterer ikkje NRK for målbruken på nett.

Noregs Mållag bør arbeida for å sikra mediebransjen utanfor hovudstaden betre vilkår. Mange nynorske lokalaviser er små og sårbare, og Noregs Mållag meiner golvet i produksjonsstøtta bør aukast til éin million. Dette bør ikkje gå på kostnad av dei riksdekkjande meiningsberande avisene. TV2 har i mange år vore viktig for nynorsken, men har ikkje krav på seg om å bruka nynorsk på nett, og gjer det dermed heller ikkje.

Nynorsk avisenter, Dag og Tid, Norsk Barneblad, Syn og Segn, Framtida, NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk Pressekontor er alle saman gode, nynorske medietiltak. Felles for dei alle er at dei kan visa til gode tal, god framgang og gode faglege resultat. Noregs Mållag skal arbeida for at desse får gode rammevilkår også i framtida.

Journalistutdanningane er for dårlige på å utdanna journalistar i eit tospråkleg Noreg. Difor er dei nynor-

ske journalistutdanningane i Førde svært viktige. Tron-
gen for nynorskjournalistane er stor.

- Alle riksaviser skal opna for nynorsk journalistikk. Alle lokalaviser burde òg sleppa til journalistar som ønskjer å skriva nynorsk.
- Det er særleg viktig å hjelpe redaksjonar som ynskjer å bruka meir nynorsk, til å nå målet sitt.
- Arbeidsgjevaravgift, preskestøtte og momsfratik er alle verktøy som kan brukast for å fremja nynorsk i media.
- Både NRK og TV2 må få krav på seg til å bruka nynorsk på nett.
- Dei nynorske medieverksemndene må vera sikra gode rammevilkår.
- Det er viktig å samarbeida med Kringkastingsringen for å sjå på korleis nynorskkravet i NRK kan fungera best mogleg i framtida.
- Program og filmar på nordiske grannespråk skal ikkje dubbast, men mindre dubbing må ikkje føra til mindre nynorsk.

I november 2020 var me på høyring i familie- og kulturkomiteen om mediestøttelova. Me bad om to tillegg i det utsende lovframlegget. Det eine handla om å få inn eit språkpolitisk føremål i § 1 og det andre handla om å få inn ei ekstra formulering der samisk språk er omtalt, som i tråd med språklova som då var komen, peika på at mediestøtteordningane også skal fremja utvikling av nynorsk og bokmål, og at det omfattar eit særleg ansvar for nynorsk. Me fekk diverre ikkje gjennomslag for nokon av framlegga.

Me har lange tradisjonar for eit årleg møte med kringskastingssjefen, og i denne perioden har det såleis vore to møte med Thor Gjermund Eriksen. Viktig saker har vore korleis nå målet om minimum 25 % nynorsk, at nynorskbruken må opp på nrk.no og dubbing av nabospråka våre.

I februar 2022 leverte me høyringsfråsegn om NRK-plakaten. Dei sentrale krava våre var:

- NRK skal framleis ha klåre mål for delen nynorsk i heile produksjonen sin, og halda på 25-prosentregelen. Det er særleg viktig at dette omfattar tekstproduksjonen til NRK.
- NRK skal løfta fram normert nynorsk tale.
- NRK bør gje gode vilkår for NRK Nynorsk mediesenter.
- NRK skal framleis ha eit godt lokalt tilbod og produsera saker lokalt.
- NRK bør halda på kravet om 40 prosent norsk musikk.
- Brukarar av samiske og andre nasjonale minoritets-språk må få eige stoff på sitt språk.

Sosiale medium og nynorsk på nett

I dag har dei fleste sosiale medium utanom Facebook eit brukargrensesnitt på bokmål eller engelsk. Dei viktigaste sosiale media bør ha brukargrensesnitt på nynorsk. Utviklinga av det nynorske internettet, sosiale medium og programvare må skje både gjennom krav frå det offentlege, arbeidet til nynorskvenner i næringslivet og organisasjoner og gjennom dugnadsinnsats frå medlemer og nynorskaktivistar. Dugnadsinnsatsen i omsetjinga av sosiale medium er ein sentral del av dette arbeidet. Noregs Mållag vil arbeida for nynorsksetjing av språklæringsappar, sosiale medium og dataprogram.

- *Sosiale medium, appar og dataprogram bør vera tilgjengelege på nynorsk.*

I 2020 oppmoda me fylgjarane våre på Facebook, og også alle lokal- og fylkeslagsleiarar om å ta i eit tak med å omsetja Facebook. Det har framleis ikkje resultert i at mobil-versjonen av Facebook er å få på nynorsk.

Me har sendt melding til Netflix om å få nynorsk grensesnitt, og spurt Tesla om å tilby nynorsk i appen sin. Me har ikkje fått svar.

I 2021 spreidde og stødde me oppropet frå 108 ordførarar for å få Google til å tilby nynorskversjonar av program som er mykje i bruk i skulen.

Me har ikkje arbeidd med Twitter, Snapchat, TikTok eller Instagram i perioden.

Film

Ein statleg støtta filmproduksjon må speglia heile Noreg, og dei regionale filmsentera er eit middel for å få det til. I dag skal all norsk film vera teksta for høyslehemma. Ny teknologi gjer det lettare å tilby teksting på både bokmål og nynorsk.

- *Norsk filmproduksjon må speglia det norske språkmangfaldet og bruka alle norske dialektar.*
- *Alle kinoar i nynorskområde skal tilby film med nynorsk undertekst. I samiske område burde filmane tilbydast med samisk undertekst.*
- *Det bør vera mogleg å velja nynorsk undertekst når ein kjøper film på DVD eller strøymekanalar.*

I utspelet leiar Peder Lofnes Hauge hadde til ny regjering etter valet 2021, var det streka opp elleve konkrete tiltak regjeringa kunne ta tak i kjapt for å forenkla kvardagen til nynorskbrukarar. Blant desse var eit krav om at alle kinofilmar må tekstast på både bokmål og nynorsk, slik at framsynaren/sjåeren kan velja språk.

Teater

Det Norske Teatret er det viktigaste teateret i Noreg, og det bør statsstønaden speglia. I Hordaland har Hordaland teater kome inn i nytt hus i sentrum.

- *Samarbeidet mellom dei nynorske teatera er svært positivt for nynorsk scenekunst.*
- *Det Norske Teatret bør få same budsjettloyming som Nationaltheatret.*
- *Arbeidet som lokale og regionale teater gjer for å styrkja talemålet i sine område, bør få positiv merksemad.*

Noregs Mållag er i alle samanhengar der det høver, med i felles krav frå nynorskmiljøet om at løyvinga til Det Norske Teatret må opp på same nivå som Nationaltheatret. Vanlegvis stiller me det kravet i samband med statsbudsjettarbeidet, og i denne perioden har me delteke i komitehøyringa med denne saka på blokka. Det har vore lite ordinær teaterdrift i perioden, men me har marknadsført strøymetilbod frå mellom anna Det Norske Teatret når det har vore høveleg. Leiaren har skrive innlegg om kompensasjonsordninga til støtte for Det Vestnorske Teateret, den nynorske storstova i Bergen sentrum, i ei kritisk tid for dei i pandemien.

Litteratur

Den nynorske litteraturen er det fremste uttrykket for den nynorske skriftkulturen. Det Norske Samlaget er det største av nynorskforlaga og har ei særleg viktig oppgave når det gjeld å gje ut nynorsk litteratur både for barn, ungdom og vaksne. Det er framleis vanskelegare å selja ei nynorsk bok enn ei bokmålsbok berre på grunn av språket. Samlaget gjer eit stort og viktig arbeid for at alle skal få tilgang til litteratur på nynorsk, og det er særleg viktig for barn og unge.



Thea Hjelmeland og Dag Inge Bøe fekk stipenda for 2020. Ho for eit prosjekt med nynorske samtidsstev, han for bloggen kinesiskpolitikk.no.
(Foto: Jannica Luoto)

Andre forlag gjev òg ut nynorske bøker, og det finst andre forlag som etter kvart har teke ein posisjon som nynorskforlag. Særleg gjeld det Skald forlag, som gjev ut både barnelitteratur og vaksenlitteratur. Det må framleis vera gode ordningar som sikrar at nynorskbøker òg kan gjevest ut utanfor Samlaget.

I dag står omsett barne- og ungdomslitteratur utanfor innkjøpsordninga. Dette gjer at små språksamfunn som nynorsk og samisk får mindre tilgang til litteratur på språket sitt i biblioteka enn dei kunne ha fått. For å kompensera for lågare produksjon bør ein kunna kjøpa inn omsett litteratur på samisk eller nynorsk gjennom innkjøpsordninga.

Biblioteka er svært viktige formidlarar av nynorsk litteratur. Det er viktig at biblioteka får økonomisk armlag til å fremja nynorsk litteratur på ein god måte. Kommunereforma må ikkje føra til nedlegging av bibliotek.

- *Det må framleis vera sterke støtteordningar for norsk litteratur.*
- *Barn og unge må få eit rikt tilbod av nynorsk litteratur, både på papir, som lydbok og på skjerm.*
- *Bibliotek ikkje må leggjast ned som ei følge av kommunesamslåing.*

- *Omsett barne- og ungdomslitteratur til nynorsk og samisk må koma inn under innkjøpsordninga.*
- *Alle lesestimuleringsstiltak retta mot barn og unge må ha eit breitt tilbod av nynorsk litteratur.*
- *Biblioteka skal syna fram nynorsk litteratur.*

Våren 2021 hadde Mållaget v/ leiaren møte med ei samling språk- og litteraturorganisasjonar om litteraturpolitikk. Organisasjonane skreiv i fellesskap oppropet «Visjon for leseløft» med fem viktige punkt for litteratur- og kulturpolitikken. Dei fem punkta var å ta vare på og utvikla norsk språk, å ta vare på breidda som gjev alle litteratur, å gje folk tilgang til bøker i heile landet, å gjera bøkene kjende og å skaffa betre kunnskap om lesing. Oppropet stod på trykk i ei rekke aviser over heile landet.

I 2021 var Noregs Mållag for fyrste gong til stades på Arendalsveka og stod med dei same organisasjonane for tilskipinga Kven er det beste lesepartiet? Det var ein god debatt med mellom anna noverande kulturminister Anette Trettebergstuen i panelet. Mellom 20 og 30 personar var til stades i salen, og tilskipinga vart også strøymt.

Dei me har samarbeidd med om desse utspela om litteraturpolitikken, er: Bokhandlerforeningen, Den

norske Forfatterforening, Den norske Forleggerforeningen, Det Norske Akademi for Språk og Litteratur, Dramatiker forbundet, Foreningen !Les, Forfatterforbundet, Leser søker Bok, Norsk Bibliotekforening, Norsk Forfattersentrum, Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening, Norsk Oversetterforening, Norske barne- og ungdomsbokforfattere, Nynorsk kultursentrums og Riksmålsforbundet

Bokpakketilbodet til Skald kan tingast direkte frå nettsidene deira, og blir brukt av lokallaga våre. Samlaget har ikkje lenger sitt tilbod på nettsida, men fleire lokallag har samarbeidd direkte med Samlaget for å få til gode bokpakker.

Nynorsk litteraturpris for 2020 gjekk til Tore Renberg for *Tollak til Ingeborg*, og Nynorsk barnelitteraturpris for 2020 gjekk til Harald Nortun for *Spådama i 7B*.

For 2019 fekk Jon Fosse Nynorsk litteraturpris for *Det andre namnet* og Marianne Gretteberg Engedal fekk Nynorsk barnelitteraturpris for *Pølsetjuven*.

Kunnskap

Dokumentasjon av og på nynorsk er viktig for at språket skal vera fullt utbygd på alle samfunnsmål. Fleire arkiv, bibliotek og museum har til føremål å dokumentera den nynorske skriftkulturen. Andre er først og fremst viktige fordi dei syner fram nynorsk til familiø og publikum. Oppslagsverka Allkunne og nynorsk Wikipedia er svært viktige for at nynorsk skal kunna brukast i alle samanhengar. Store norske leksikon vert presentert og brukt som ein kunnskapsressurs for skulen og er eigm av norske universitet. Dimed burde leksikona ha ei språkleg parallelutgåve på nynorsk.

- Det er viktig å stø opp om Allkunne og nynorsk Wikipedia.
- Institusjonar som Nynorsk kultursentrums må sikrast rammeverk for vidare vekst og utvikling.
- Noregs Mållag skal arbeida for å få Store norske leksikon i parallelutgåve.

I 2021 overtok Store norske leksikon (SNL) store delar av innhaldet i Allkunne, og Allkunne vart avvikla. SNL har ikkje ein vedteken språkpolitikk som talfestar fordelinga mellom nynorsk og bokmål, men likevel tydelege mål om at nynorskdeln skal opp. I august 2021 markerte dei nynorskartikkelen nummer 10 000 berre 1,5 år etter at dei talde 3000 artiklar.

Dialektarbeid

Ivar Aasen reiste eit norsk skriftmål på det fundamentet som norsk talemål gav – og gjev. Nynorsk er

uløyseleg knytt til dialektane fordi han er den skriftlege samnemnaren for norsk talemål. Talemålsgrunnlaget for nynorsk er langt større enn dei områda der nynorsk er det mest nytt skriftmålet. Noregs Mållag arbeider for at alle fritt skal kunna nytt dialekten sin og sjå samanhengen mellom dialekt og skriftleg nynorsk.

Mange stader vert dei lokale talemåla bytte ut med meir bokmålsnær tale. Dette skjer særleg på Austlandet, der mange av dei tradisjonelle dialektane er i fare for å døy ut. Noregs Mållag skal utvikla ny politikk for å motverka dette, og fleire lokale mållag bør skipa til prosjekt som liknar på prosjektet Hått halling.

- Organisasjonen bør driva dialektarbeid som til dømes dialektleiarar, ordinssamling, dialekttevlingar og anna.
- Det er viktig med opplæring som hjelper folk til å sjå samanhengen mellom dialekt og nynorsk.

Mållaget har gjeve økonomisk støtte til dialektleiarar når me har fått søknad om det. I denne arbeidsperioden har det likevel vore vanskeleg å gjennomføra den typen arrangement, så det har ikkje vore nokon etterspurnad frå laga.

STADNAMN

Stadnamn har ikkje vore sak for styret denne arbeidsperioden, då det har vore mange rundar med endringar i lova for berre få år sidan. Me merka oss at Språkrådet liste ut midlar til dei som ynskjer å arbeida med innsamling og registrering av stadnamn og har formidla denne ordninga med søknadsfristar vidare til lokal- og fylkeslaga, i von om at nokon kunne nytt seg av ordninga.

NYNORSKSTIPEND

Kvart år sidan 2007 har Noregs Mållag delt ut to nynorskstipend på 50 000 kroner kvar. Føremålet med stipenda er å hjelpe fram gode prosjekt som kan fremja nynorsk på alle samfunnsmål. I 2020 gjekk det eine stipendet til Dag Inge Bøe. Han fekk stipend for å utvikla ein blogg med kinesisk politikk som hovudtemne. Thea Hjelmeland fekk tildelt stipend for å laga nynorske samtidssstev, men har førebels fått utsetjing fordi prosjektet er forseinka. I 2021 fekk Ingvild Skodvin Prestegård stipend for å utvikla materiell om yoga på nynorsk. Tarjei Øvrebotten fekk stipend for å laga ferdig ein app med eit oppslagsverk som legar kan bruka til å slå opp informasjon dei kvar dag bruker som lege. Båe åra har styret sett etter prosjekt som fyller ynsket om at stipenda skal gje nynorsk på nye område, og med stor variasjon mellom søkerane og prosjekta deira, har det vore mogleg å syta for god breidd i innhaldet i tildelingane.

Organisasjonen

Noregs Mållag sentralt

Noregs Mållag er i vekst. Ein større og sterkare organisasjon gjer det mogleg å nå meir ambisiøse mål. Fleire sterke lag i randsonene for dei nynorske kjerneområda vil stø nynorsken i eit område der han er under press. Snittalderen for nye medlemer er under femti år, men snittalderen for lagsleiarar er ein god del høgare. Det er eit mål å rekruttera fleire leiarar frå den yngre delen av medlemsmassen.

Det er ei viktig oppgåve for Noregs Mållag sentralt å styrkja lokal- og fylkeslaga. Dette gjeld spesielt i randsonene for dei nynorske kjerneområda. Styret og skrivarstova skal vitja alle fylkeslaga og minst 30 mållag kvart år i perioden. Noregs Mållag skal samarbeida tett med Norsk Målungdom og særleg stø opp om skulevitjingsarbeidet deira.

Alle nyvalde leiarar skal takast godt imot og få tilbod om skulering frå sentralleddet. Mållaget skal skipa til seminar vår og haust med unnatak av landsmøtevåren. Hovudmålgruppa for seminara skal vera tillitsvalde og unge vaksne.

Medlemstalet er aukande, og Noregs Mållag skal halda fram med vervekampanjar. Det er viktig å halda fram veksten, men òg å syta for at fleire av dei nyinnmelde medlemene vert aktive lagsfolk. Særleg gjeld dette dei yngre. Noregs Mållag og Norsk Målungdom skal samarbeida om overgangen frå ungdoms- til vakseorganisasjonen.

Noregs Mållag skal gjennomføra organisatoriske tiltak for å styrkja nynorsken og særleg nynorsk skulemål i viktige randsoner. I dei områda der det er fare for skolemålsrøystingar, skal lokallaga gjerast i stand til å gjennomføra aksjonar for å halda på nynorsken. Lagsskiping er ein viktig reiskap for å nå dette målet. Noregs Mållag skal kvart år gjennomføra Nynorskstafetten i to til tre veker. Hovudemne og område vedtek styret kvart år.

Noregs Mållag har merka seg at Bergen kommune i dag er positiv til nynorsk. Kommunen har gjort framtidsretta vedtak for nynorsken. Noregs Mållag er også glad for at Bergen kommune har sagt ja til å skipa Bergenskonferansen for nynorsk i 2019.

Noregs Mållag sentralt har ansvaret for det politiske påverknadsarbeidet på riksplan, og dette arbeidet skal styrkja monaleg i perioden. Mållaget bør ha ambisjon om å verta ein tyngre politisk aktør i Noreg. Særleg viktig er arbeidet med partiprogram og statsbudsjett.

Noregs Mållag skal arbeida vidare for å styrkja økonomien på alle nivå i organisasjonen, mellom anna ved å utvikla nye måtar å gje målgåver på. Styret har fullmakt til å arbeida for at skrivarstova skal koma i eige hus.

Noregs Mållag skal vera synleg til stades på sosiale medium, og nyttja heimesida, meldingsbrevet Nytt om nynorsk og andre kanalar for å spreia informasjon. Norsk Tidend er medlemsavis for Noregs Mållag og skal koma ut jamleg.

Det er ei rekke jubileum i perioden. I 2018 er det 200-årsjubileum for Aasmund Olavsson Vinje og 150-årsjubileum for Det Norske Samlaget. I 2019 har side-målet femtiårsjubileum i ungdomsskulen. I 2020 fyller 25-prosentregelen i NRK femti år. I 2021 er det hundre år sidan heile Bibelen for første gong var omsett til nynorsk, og det er femti år sidan retten til nynorske lærebøker til same tid og same pris vart slegen fast. I desse åra er det òg 150 år sidan dei første mållaga i Noreg dukka opp. Noregs Mållag skal fyrst og fremst nyttja jubilea til å få merksemrd om dagsaktuelle tema.

I denne arbeidsperioden har det vore vanskeleg å halda fram organisasjonsarbeidet akkurat slik arbeidsprogrammet legg opp til. Me har hatt langt færre fysiske seminar enn me vanlegvis brukar å ha. Me har berre gjennomført ein nynorskstafett, og reiseaktiviteten ut til lokale mållag har vore langt mindre enn han brukar å vera. Me merkar også at mange oppstartsprosjekt for

lokale mållag, initiativ for å laga motivasjonsdagar eller seminar og møte av ulikt slag, har vorte sett på vent eller lagt vekk siste åra. Mange lag har laga digitale årsmøte og andre møte, men vel så mange lag har lagt ned aktiviteten inntil vidare. Trass i dette merkar me at det er medlemsvekst, aktivitet i sosiale medium og merksmed i pressa. Inn i komande arbeidsperiode vil me sjå langtidsverknadene av koronapandemien.

REISE TIL LOKALLAG OG FYLKESLAG

Me har mål om å vitja alle fylkesmållaga våre kvart år og minst 30 lokallag for året. Det er viktig at det er god kontakt mellom sentrallekken og lokalt, og besøk i laga gjev ofte veldig verdifull informasjon og realitetsorientering til målarbeidet. Årsmøtevåren 2020 var me godt i gang med å vitja alle laga våre på fylkesårsmøta fysisk, og så vart ein del møte avlyste for deretter å bli gjenomførte digitalt. Me var dermed til stades på alle fylkesårsmøte og også årsmøtevåren 2021 vart ein møtevård me var med på alle fylkesårsmøte og mange lokallagsårsmøte fordi me vart med i digitale møte. Ut ifrå listene kan det sjå ut som at nokre lag fekk besøk, som elles ikkje ber om vitjing frå sentrallekken. I 2021 ser me også at det samla sett vart skipa til langt færre årsmøte, og det handlar nok om at det var eit korona-år og at det ikkje var eit landsmøteår.

I 2020 vitja me 2 lokallag digitalt og 30 lokale mållag fysisk, og tala er prega av at Nynorskstafetten måtte avlysast. I 2021 vart det 43 digitale møte og 39 fysiske møte inkludert Nynorskstafetten. Alle fylkeslag har fått vitjing i perioden.

MØTE OG SEMINAR

På grunn av korona-pandemien vart alle seminarplanar for 2020 lagde vekk. Hovudarrangementet den hausten vart det utsette landsmøtet. Me fekk heldigvis skipa til eit fysisk dagsseminar hausten 2021, i eit lite vindauge der det var mindre smitte og lov å reisa og å samlast.

LANDSMØTET

Landsmøtet var planlagt gjennomført på Sola helga 24.–26. april, men grunna møterestriksjonane, var det berre valet som vart gjort den helga, og då på e-post. Seinare heldt styret fast ved eit ordinært landsmøte med oppmøte helga 16.–18. oktober, som sist i august vart omgjort til eit digitalt landsmøte. Styret og skrivarstova + ordstyrarar og redaksjonsnemnd var likevel på Sola, slik at arbeidet og møtet skulle gå lettast råd for både sentrallekken og utsendingane.

Den store politiske sakar prinsipprogramordskiftet måtte strykast frå saklista og stå på vent til det første fysiske landsmøtet me gjennomfører. Det var heller ingen eksterne innleiarar / hovudtalarar til stades. Dei politiske sakene på landsmøtet var med det redusert til fråsegnerne me vedtok. Landsmøtet vedtok like fullt viktige fråsegner om språklov, opplæringslov og

digitale læremiddel, der organisasjonen stadfeste at styret held ein god kurs i dei vurderingane og prioriteringane styret har gjort i dei sakene. To fråsegner vart oversende til styret; éi om arbeidsoppgåvene våre (Ein ny nynorskpolitikk), som arbeidsprogramnemnda vil få oversendt til arbeidet dei skal førebu for landsmøtet i 2022 og ei om å skipa til eit valmøte før neste stortingsval der me utfordrar dei politiske partia på dei sentrale krava våre, m.a. språkdelte ungdomsskule.

Det var opphavleg påmeldt 163 utsendingar til landsmøtet (i april). Det vart nokre forfall i tida inn mot det digitale landsmøtet, og då landsmøtet opna, var det registrert 152 utsendingar med røysterett. Samla gjennom landsmøtet har 140 av dei røysta i minst éi røysting. Dei 12 som ikkje har markert at dei er til stades med å bruka røysteknappen, veit me ikkje om har logga seg inn og kikka på eller om dei rett og slett ikkje var med. 14 utsendingar (attåt styret) hadde ordet, og dei siste åra har snittet vore rundt 50. Det var fem kvinner som hadde til saman 13 innlegg, og ni menn med til saman 16 innlegg. Kjønnssfordelinga var med andre ord noko skeivare enn i 2018.

Rekneskapen for landsmøtet viser eit underskot på godt og vel 600 000 kroner. Det er i tråd med forventingane, men rundt 350 000 kroner høgare enn det ville vore med ei ordinær gjennomføring.

Vi hadde leigd inn ekstern hjelp til å stå for ei digital youtube-sending av landsmøtet. Mykje av løysinga vart programmert direkte for oss, og det var svært mykje arbeid i vekene før møtet. Spaninga om den tekniske løysinga ville fungera, stod ved lag heilt til timane før «prøvelandsmøtet» kvelden før landsmøtestart, men alt gjekk strålende då dagen var der. Dei siste to vekene før landsmøtet brukte skrivarstova også mykje tid på å kontakta utsendingar og tilby test av lyd-/videoløysinga for å kunna ta ordet. Førearbeidet var med andre ord nokså omfattande i innspurten. Mange hadde aldri vore borti slike løysingar før, og det var nok avgjerande for eit vellukka resultat, at sentrallekken brukte den naudsynete tida på å sikra at alle kom seg på lufta. Ut frå dei tilbakemeldingane me fekk, var både røynde og urøynde digitale brukarar nøgde med løysinga.

PRESSEARBEID KNYTT TIL LANDSMØTET

Sidan landsmøtet i 2020 vart delt, og e-post-landsmøte skulle velja nytt styre, utan at nokon var fysisk samla, var det viktig å gjera ein ekstra innsats for å få til nokre gode bilete. Løysinga vart å senda blomebukett til dei som var innstilt på verv og få dei til å ta eit «valbilete» med blome av seg sjølve. Dette vart fine og visuelle delebilete på sosiale media. I tillegg vart det sendt ut pressemeldingar til nasjonale og lokale media, og teke eit eige pressebilete av påtroppande leiar Peder Lofnes Hauge, som vart bruk til å skapa blest om Mållaget og gjera leiarskiftet kjent. Landsmøtet på Sola på hausten vart eit digitalt møte, der det var vanskeleg å få store

Organisasjonen

presseoppslag. Men me fekk brukt landsmøtet til ei rekje lokale oppslag, og så fekk me gjort nokre presseutspel som stadfesta politikken vår knytt til forventingane til den komande språklova og opplæringslova.

DIGITALE SEMINAR

Vinteren og våren 2021 var det framleis eit nedstengt organisasjons-Noreg, og me inviterte til fleire digitale seminar på Zoom. Oppmøtet var over all forventing, og det var god stemning på seminara. Inntrykket var at mange sette pris på at me laga tilbodet, og at det er godt å møtast på tvers av laga. Det var ei god blanding av heilt nye tillitsvalde i organisasjonen og meir velkjende namn. Erfaringa er at slike digitale samlingar kan me godt halda fram med å skipa i tillegg til fysiske samlingar. Alle dei opne seminara hadde mellom 30 og 45 deltakrar.

Digitalt organisasjonsseminar om økonomi

Hovudemne for seminaret var økonomiarbeid i laga, korleis føra ein enkel rekneskap eller eventuelt ein meir avansert rekneskap med debet og kredit-kontoføring. Det vart snakka om økonomiarbeid knytt til medlemspengar, organisasjonsfond, og momsrefusjon. Det var også ein lengre bokl om studiearbeid som økonomitiltak, i tillegg til produksjon og sal av gradestokkar og kalendrar som inntektsbringande arbeid.

Digitalt organisasjonsseminar om ulike typar aktivitet i lokallaga

Hovudemne for seminaret var ulike typar aktivitet som lokallag og fylkesmållag kan driva med. Det var litt om grunnorganiseringa knytt til medlemspengar, årshjul og årsmeldingar og om sosiale medium. Deretter handla det om språkbruksplan i kommunane, om å laga motivasjonsdag for lærarar og å kjøpa barnebøker til barnehagane.

Digitalt seminar om julehefte og årbøker

Fleire redaktørar og andre vart inviterte til å fortelja om eigne røynsler knytte til innsamling og skriving av stoff, formgjeving og ikkje minst det viktige salsarbeidet. Målgruppa for seminaret var dei som er engasjerte i arbeidet med å skriva, laga eller selja julehefte, årbøker eller andre lokale tidsskrift, eller dei som ynskjer å starta opp slikt arbeid.

Digitalt seminar om demografi og språklov

Seminaret var ope for alle medlemer. Det var høve til å stilla spørsmål til innleiarane og koma med innspel til arbeidsprogrammet og refleksjonar kring tema som har vore oppe på seminaret. Dette var innleiings-emna: *Korleis ser det framtidige NyNoreg ut? Ein gjennomgang av distriktsdemografiutvalet sine funn. Åslaug Krogsæter, kommunedirektør i Stad kommune og medlem i utvalet. Ny språklov. – Kva potensial ligg i formu-*

leringa om at offentlege organ har eit «særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst brukta norske skriftspråket», i føremålpargrafen til den nye lova. Det var tre som innleia til ordskifte: Gunnar Yttri, rektor ved Høgskulen på Vestlandet, Gunnar Hæreid, assisterande statsforvaltar i Vestland og Trond Sæbø Skarpeteig, tidlegare byråkrat i Viken fylkeskommune.

Digitalt seminar om opplæringsfeltet

Seminaret var ein del av arbeidet til arbeidsprogrammene og var ope for alle medlemer. Dette var innleiings-emna: *Er den digitale skulen eit trugsmål mot nynorsken?* ved Arild Torvund Olsen, høgskulelektor ved Nynorskcenteret, *Utdannar lærarutdanningane nynorsklararar?* Ved Eli Anne Eiesland, fyrestteamannen ved Universitetet i Søraust-Noreg, *Lokale folkerøystingar: for eller mot nynorsk* ved Morten Søberg, direktør for samfunnskontakt i SpareBank 1 Gruppen og *Stemmer kartet med terrenget? Stikkprøver i NyNoreg* ved Astrid Marie Grov, redaktør i Norsk Tidend

Digitalt seminar om valkampen

Det siste digitale seminaret våren 2021 var i juni og tok for seg spørsmålet korleis kan lokal- og fylkeslaga løfta nynorsksaka i valkampen. Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag, orienterte om kva som er hovudsakene til Noregs Mållag i denne valkampen, deretter snakka Liv Signe Navarsete, avtroppande stortingsrepresentant for Senterpartiet om «*Korleis kan målrørsla drive ein god valkamp?*» og Marit Aakre Tennø, politisk rådgjevar i Noregs Mållag, avslutta med tips og råd til kva lokallaga og fylkeslaga bør gjera i valkampen. Om å stå på stand, skriva lesarbrev og ymse materiell. Det vart sett av god tid til ideutveksling og spørsmål.

Digital bylagssamling

I august 2021 skipa me til bylagssamling for storbylaga etter initiativ frå Nidaros Mållag. På seminaret drøfta laga og sentrallekken særleg skulemålsarbeid/parallellklassearbeid. Tillitsvalde frå Bergen, Oslo, Kristiansand og Nidaros deltok, attåt leiaren og fleire frå sentrallekken. Det var interesse for å gjera slike samlingar til ein tradisjon.

FYSISK DAGSSEMINAR: EI OPPLÆRINGSLOV FOR FRAMTIDA

I slutten av november 2021 vart det invitert til eige dagsseminar om opplæringslova og arbeidsprogrammet. Dette var lagt til ein del av landsrådshelga, slik at landsrådet var invitert til å delta på dagsseminar på laurdag og ha landsrådsmøte på sundag. Emnelista såg slik ut: *Det innegjerda nasjonalpråket* ved Jorunn Simonsen Thingnes, fyrestteamannen på Høgskulen på Vestlandet, *Opplæringslova – ein historisk gjennomgang* ved Marit Aakre Tennø, politisk rådgjevar for Noregs Mållag, *Kva skjer når kravet til språkdelte norskbøker*



Våren 2021 var det ikkje mogleg å invitera til vanlege fysiske samlingar. Då inviterte Noregs Mållag til fleire digitale seminar og samlingar som vart svært godt besøkte. (Foto: Erik Grov)

forsvinn? ved Liv Astrid Skåre Langnes, høgskulelektor hjå Nynorskenteret, *Ålmenn røysterett om skulemalet. Kvifor, og kva kan alternativet vera?* ved Kjetil Aasen, styremedlem i Noregs Mållag, *Tiårig språkdelt grunnskule. Konsekvensar for opplæringa med og utan deling* ved Liva Thiis, student og tidlegare elev i Odda. Deretter vart det debatt om spørsmåla: *Kva er problemet med læreridla? Kvifor greier ikkje forlaga å levera, og kvifor stiller ikkje kommunane og skulane strenge krav?* Irene Halvorsen, redaktør i Nationen, var ordstyrar for debatten mellom Synnøve Marie Sætre, fungerande leiar i Noregs Mållag, Thom Jambak, styremedlem i Utdanningsforbundet, Ulv Pedersen, leiar av læremiddelutvalet i Forleggerforeningen og John Arve Eide, styreleiar i NDLA, den digitale læringsplattforma for vidaregående skulen. Til slutt la Synnøve Marie Sætre, leiar i arbeidsprogramnemnda, fram framlegg til nytt arbeidsprogram for Noregs Mållag 2022–2026.

SEMINAR FOR UNGE VAKSNE

I denne årsmeldingsperioden har me dessverre ikkje fått til å laga seminar for unge vaksne. Seminaret var planlagt gjennomført i Ørsta i juni 2021, men måtte avlysast pga. reise- og samlingsrestriksjonar. Det har vorte oppretta ei Facebook-gruppe for unge vaksne som har vore seminardeltakarar på dei siste samlingane.

SEMINAR FOR NYE TILLITSVALDE

Det har ikkje vore eigne seminar for nye tillitsvalde i perioden. Den digitale seminarrekka var eit forsøk på å gje ei erstatning for dette.

REGIONALE SEMINAR

I perioden har det vore færre regionale seminar enn vanleg grunna pandemien. Sentrallekken har gjeve økonomisk støtte til fylkeslag som har søkt om det, og stilt opp med innleiatarar så langt som råd. Når me sender innleiatarar, er det sentralt som kostar utgiftene. I denne perioden har Nordmøre Mållag og Austmannalaget begge invitert til gode regionale samlingar.

VERVING

Eit høgt medlemstal er viktig i møte med styresmakter og for økonomien til Mållaget. Fleire medlemer gjev større kraft bak krava våre. Mange har fått med seg at Mållaget er ein organisasjon i vekst, og dette gjer også vervearbeidet lettare. Gjennom sosiale medium greier me å nå ut til veldig mange potensielle medlemer, men den personlege vervingsa til lokallaga er minst like viktig.



FpU stilde med bilet av Ivar Aasen og påskrifta «F**k nynorsk» på skuledebatt i Trøndelag. Marit Voldsum Fjeldvær tok bilet og sende det til sentralstyret i Norsk Målungdom. Biletet utløste ein bratt medlemsvekst Noregs Mållag aldri har sett maken til.

(Foto: Marit Voldsum Fjeldvær)



Ein sytte samstundes for å syna fram medlemsveksten i sosiale media. (Illustrasjon: Noregs Mållag)

2020

På grunn av den gode vervehausten i 2019, og at nye medlemer etter 1. oktober også betalar for påfylgjande år, starta me 2020 med 670 betalande medlemer. Hausten 2020 sette det nye styret seg eit ambisiøst mål om 14 000 medlemer innan året var omme, og løyvde ekstra pengar for å få det til. Den store vervedagen 1. oktober markerte startskotet på vervekampanjen, og berre denne dagen fekk me 47 nye medlemer.

Kampanjen var i stor grad retta mot Facebook. Me laga ulike illustrasjonar, som me sponsa meir enn før både på Facebook og Instagram. Særskilt illustrasjonen med demonstrasjonstoget frå 1971 og teksten «Vi styrkjer nynorsk i eit samfunn dominert av bokmål» gjorde det godt i sosiale medium. Me hadde annonsar i Norsk Tidend, Syn og Segn og Motmæle, og også istikk med info om husstandsmedlemskap i Norsk Tidend. Me sende e-post til NMU-medlemer som var vortne eldre enn 26 år, og derfor ikkje lenger var teljande medlemer for statsstønad. NMU hjelpte også til med å verva foreldre og familie. Særskilt etter 20. november verva me mange.

VERVETEVLING 2020

For å pirra konkurranseinstinktet skipa me vervetevling mellom lokallaga, slik som i 2019. Nytt for 2020 var at me kåra topp 20. Dette gjorde me fordi dei største byane oftast tek mange av plassane. Dei tjue laga som fekk flest nye medlemer i løpet av 2020 vart premierte med bokpakker. Me sende hyppige påminningar om status på tevlinga og det samla medlemstalet. Fylgjande liste inneholder berre dei nye medlemene som faktisk betalte.

LOKALLAG	NYE I 2020
1. Oslo Mållag	76
2. Bergen Mållag	67
3. Nidaros mållag	23
4. Jæren Mållag	19
4. Suldal Mållag	19
6. Kvam Mållag	18
6. Sogndal Mållag	18
8. Stavanger Mållag	17
8. Volda Mållag	17
10. Førde Mållag	14
10. Mållaget i Kristiansand	14
12. Borgund Mållag	13
13. Ørsta mållag	12
14. Alversund Mållag	11
14. Gloppen Mållag	11
14. Hå Mållag	11
14. Rauma Mållag	11
18. Nord-Aurdal Mållag	10
18. Senjamållaget	10
18. Vinje Mållag	10

Dei tjue beste vovelaga i 2020 stod for til saman 288 nye medlemer. Til samanlikning verva dei ti beste laga i 2018 207 nye medlemer, medan dei ti beste i 2019 verva 266. Til saman i 2020 fekk me 1000 nye medlemer, inkludert om lag 100 nye i ungdomslaga. Det var auke i alle fylkeslag utanom i Østfold.

2021

Utover våren 2021 vart det klart at medlemstalet låg framom året før. Me starta året med 608 betalande medlemer, som hadde meldt seg inn etter 1. oktober 2020. Avtalegiro og e-faktura har også gjort at veldig mange fleire betalar tidlegare enn vanleg, utan trong for purring.

I juni 2021 sende me flygebladet «Partipolitikk er nynorskpolitikk» til 1800 stortingskandidatar, der me oppmoda dei om å melda seg inn. I tillegg til å spreia god og viktig informasjon om språkpolitikk, skaffa tiltaket oss om lag 10 nye medlemer.

23. august delte me biletet av eit banner frå Fremskrittspartiets Ungdom (FpU) med teksten F**K NYNORSK på. Den enorme medlemsauken som fylgte, kom i hovudsak i byane, i tillegg til i Sunnhordland. Me trur forfattar Anders Totland sine medieutspel har mykje av æra for det. Medienoreg laga mange saker om medlemsauken, der særskilt NRK-saka «Plingfest i Mållaget» bidrog til stor auke. At me var så aktive i sosiale medium, og i tillegg trefte på eit «roleg» tidspunkt i valkampen, var viktig for utfallet. Til saman melde om lag 1300 medlemer seg inn på éi veke, og mange oppmoda også andre om å gjera det same.

«Den store vervedagen» har me gjort til ein årvis tradisjon. Me legg ut verveinnlegg på Facebook, Instagram og Twitter, og sponsar der det er mogeleg. Det viktigaste er likevel at heile organisasjonen er med på dugnaden, og både i 2020 og 2021 sende me e-post til dei 1000 tillitsvalde i Mållaget. På den store vervedagen i 2021 verva me 52 nye medlemer.

Etter å ha runda 15 000 medlemer brukte me det fine biletet av leiaren og ballongane som verveannonse i Dag og Tid, Syn og Segn og Motmæle. Heile hausten hadde me fokus på opplæringslova, og oppmoda folk om å melda seg inn for å stø krava våre.

I 2021 tok me ein pause frå vervetevlinga mellom lokallaga, men lista over topp ti ser slik ut, og står for 806 av dei nyinnmelde.

LOKALLAG	NYE MEDLEMER
1. Oslo mållag	220
2. Bergen Mållag	198
3. Nidaros mållag	64
4. Stord Mållag	63
5. Kvinnherad Mållag	61
6. Førde Mållag	49
7. Kvam Mållag	44
8. Bømlo Mållag	40

9. Voss Mållag	34
10. Fana Mållag	33
10. Sogndal Mållag	33
10. Ørsta mållag	33

Til saman melde 1990 nye medlemer seg inn i løpet av 2021. Det er det nest høgste talet på nyinnmeldingar i nyare tid, etter 2012. 87 av desse er nyregistrerte i ungdomslaga. 351 medlemer melde seg inn etter 1. oktober, som er ein del færre enn dei andre gode verveåra me har hatt. Dette vil påverka medlemstalet i 2022.

MEDLEMSTAL

Noregs Mållag har dei siste åra opplevd ein medlemsauke på mange tusen medlemer. Me lukkast med å få gamle medlemer til å betala år etter år, og vever samstundes mange nye. Då stig medlemstalet. I 2020 gjennomførte me, trass pandemien, ein veldig vellukka verveaksjon, som fekk oss over 14 000 betalande medlemer, til totalt 14 104. Etter FpU sitt F**K nynorsk-utspel i august 2021 gjorde medlemstalet eit nytt byks, som tok oss over 15 000. Me er no 5000 fleire enn for ti år sidan, og med 15 483 medlemer har me det høgste medlemstalet sidan 1985. Det er også det høgste medlemstalet etter at Noregs Mållag gjekk over til sentral innkrevjing av medlempengar i 1986.

Det er mange grunnar til auken, men det viktigaste er at me har hatt fokus på det i organisasjonen. E-faktura, faktura på e-post, sms, Vipps og bruk av sosiale medium til verving spelar ei stor rolle. Nye nettsider med betalingsløysing hjelper på, samstundes som mange lokallag er flinke til å verva medlemer i sitt område. Høge medlemstal gjev meir medlempengerefusjon til laga med lokal- eller fylkeslagssats, og påverkar utsendingsrettane til landsmøtet.

Talet på utmeldingar og avlidne er stabilt. I 2020 melde me ut 585 medlemer, og registrerte 119 avlidne. Det er nesten nøyaktig det same som året før. I 2021 var talet 530 for utmeldingar og 106 for avlidne. Dei siste to åra har me også byrja å ringja medlemene som ikkje har betalt på tre år, og som står i fare for å bli utmelde. Me meiner dette gjev gode resultat. I 2020 var talet 164, i 2019 156, medan det i 2018, -17 og -16 var høvesvis 265, 207 og 311. På slutten av 2021 melde me ut «berre» 108 medlemer fordi dei ikkje hadde betalt på tre år. Det er viktig å hugsa at mange melder seg ut når dei får telefon frå oss, og derfor ikkje er med i dette talet, men heller er blant dei 523 «vanlege» utmeldingane. På slutten i 2021 hadde me 1303 aktive medlemer som ikkje hadde betalt for 2021. Det vil alltid vera ein del slike, og fleire di fleire me blir, men målet er å halda dette talet så lågt som mogleg.

Tabellen under syner medlemstalet dei siste ti åra, med tal på nyinnmelde for kvart år. Talet på betalande medlemer i laga våre, og auke frå år til år, finn ein i lagsoversynet bak i årsmeldinga. Me vever best når det



Sogndal Mållag markerer 25 årsjubileum til Bokbyen i Fjærland. Alle fekk vere med å gjette vekta på Norsk Ordbok utgjeven i 1918 [1873].
Frå venstre: Karl Peder Mork, Kjell Einar Barsnes, Kirsti Lunde, leiar, og Gudrun Skjerdal. (Foto: Stein Bondevik)

er politiske saker som står på spel. Det største utslaget var i 2012 då over 2000 meldte seg inn fordi kunnskapsminister Kristin Halvorsen tok til orde for å svekkja sidemålsordninga. Vestlandsregionsaka gav klart utslag på medlemstilstrøyminga i 2016 (og 2017), medan læreplansaka gjorde det i 2019. I 2020 brukte me språklova i tillegg til opplæringslova. Opplæringslova har også vore sentral for rekrutteringa i 2021, men mest av alt skal FpU ha æra for auken i 2021.

ÅR	MEDLEMER	ENDRING	NYNNMELDE
2011	10433	+365	986
2012	12256	+1823	2027
2013	12164	-92	783
2014	11726	-438	600
2015	12022	+296	680
2016	12411	+389	1089
2017	13240	+829	1303
2018	13050	-190	850
2019	13581	+531	1249
2020	14104	+523	1000
2021	15483	+1379	1990

E-FAKTURA, AVTALEGIRO OG DIGITALISERING

I februar 2020 kunne Noregs Mållag for første gong senda medlemspengekrav rett i nettbanken til 4500 medlemer, som e-faktura eller avtalegiro. I 2021 var dette medverkande til at medlemstalet tidleg var veldig høgt. I slutten av 2021 var talet på medlemer med e-faktura eller avtalegiro oppe i 7639. Dette sparar oss for trykkeri- og portokostnader, og talet betalingar går markant opp, då det er mykje enklare for medlemene våre å godkjenna desse fakturaene.

I 2020 sende me for første gong faktura på e-post til dei medlemene med registrert e-post, som ikkje har sagt ja til e-faktura. Dette sparar også papir og pengar, og målet er å auka den elektroniske faktureringa. I løpet av 2021 har me bede medlemene utan registrert e-postadresse om å sende ho inn, med gode resultat. I 2022 treng me difor berre å senda faktura på papir til om lag 2500 stk.

Me brukar oftare digitale kanalar for å purra på ubeatalande medlemer. Me informerer også om at medlemene kan betala med Vipps, og mange vel den løysinga.

INNSAMLING AV MEDLEMSINFO

Mange medlemer har mangla e-post, mobilnummer og/eller fødeår i medlemsregisteret. I 2021 gjorde me ein stor innsats for å samla inn så mykje som mogeleg av dette, og tykkjer me har lukkast godt. Over 1800 medlemer har svara, og var med i trekninga av ein vasstett sekk med eit rørospledd oppi. Me fekk inn 913 fødeår, 747 e-postadresser og 315 mobilnummer. Å enkelt kontakta medlemer er viktig og verdifullt både for Mållaget sentralt, og også for lokallaget. Meir og meir av medlemsinfoen går ut på e-post (innrapporterte gávebeløp, spørsmål om personnummer, informasjon om høyringar og liknande).

DIGITALT MEDLEMSKORT

I 2020 starta me samarbeid med Joyn, ein app for å samla fleire medlemskort på éin stad. Med digitalt medlemskort får medlemene våre lett oversikt over medlemsføremónene sine, om ein har betalt, og har medlemskortet lett tilgjengeleg når dei treng det. På slutten av 2021 har 417 medlemer lasta ned medlemskortet, og me har nyleg oppdatert det med fleire nye medlemsføremóner.

NYNORSKSTAFETTEN 2021

Nynorskstafetten er eit tett samarbeid mellom Noregs Mållag og Norsk Målungsdom. Prosjektet er ein arv frå Språkåret 2013 då me i løpet av eitt år hadde stogg og opplegg i heile 154 dagar. Opplegget i åra etter er at me reiser i femten dagar fordelt på tre veker. Me fyller ein bil med materiell og bøker, og tre personar frå organisasjonane, og desse vitjar ein kommune kvar dag. I hovudsak har alle kommunane me vitjar, elevar som har nynorsk hovudmål. Me vitjar barnehagar, barne-skular, ungdomsskular og vidaregåande skular. Då har me møte med styrar og tilsette i barnehagar, rektor og lærarar på skular og møte med oppvekstetaten i kommunane, i tillegg til møte med bibliotek og eventuelt andre offentlege og private aktørar i kommunen. Norsk Målungsdom er med på Nynorskstafetten for å reisa på målferd. På førehand avtalar dei undervisningsopplegg direkte med ungdomsskular og vidaregåande skular.

Nynorskstafetten 2020 skulle vera tre veker i Rogaland. Han var opphavleg planlagt til oktober og november 2020, men måtte utsetjast på grunn av smittevern knytt til koronasituasjonen. I fyrste omgang utsette me stafetten til nyåret 2021, men også desse vekene vart avlyste. Dermed vart dei tre vekene flytt til hausten.

Oktober og november 2021 reiste me på Nynorsk-stafett for åtande gongen. Me fordelte dei femten dagane slik: Forsand, Sandnes, Stavanger, Rennesøy, Finnøy, Sola, Hjelmeland, Strand, Sauda, Suldal, Gjesdal, Klepp, Time, Hå og Bjerkeim. Det vil seia at me var innom alle dei lokallaga som ligg under Rogaland Mållag.

I år hadde me fått økonomisk støtte til å ta med oss forfattarar på stafetten. Det vil seia at lokallaga som laga dagsopplegga for oss, også fekk oppdraget med å laga avtalar for forfattarane, i tillegg til møte og opplegg for mållags-representantane.

Røyndomen for nynorsken er svært ulik i desse kommunane. Men sjølv om nokre av kommunane er nynorskommunar og endå til alle elevane er nynorsk-elevar, er det rett å seia at nynorsken er under press i alle kommunane på Jæren og i Ryfylke. Nokre av kommunane er språknøytrale kommunar og kjänner slik sett ikkje like sterkt ansvar for å ta bruk og syna fram nynorsken. Dette var sjølv sagt eit viktig emne i møte med administrasjonen. Det er likevel veldig godt å oppleva at me vert godt mottekte på skular og i barnehagar, og at me møter lærarar og rektorar som ynskjer å gje elevane den aller beste nynorskundervisninga dei kan få.

STATSBUDSJETTET

I denne perioden har Mållaget arbeidd mykje både andsynes partia for å spela inn saker til partiprogramma og med statsbudsjettet for komande periode. Me er i teorien i mål med det største økonomiske gjennomslaget på fleire tiår: finansiering av språkdelte ungdomsskule. Me manglar likevel provet på at betalingsviljen er der, då innføringa av språkdelte ungdomsskule truleg ikkje skjer før ny opplæringslov vert sett i kraft. Me har delteke på munnleg høyring i familie- og kulturkomiteen, utdannings- og forskingskomiteen og kommunal- og forvaltningskomiteen.

MÅLGÅVER

Noregs Mållag har letta målgåvearbeidet og rekneskapsføringa for fylkeslaga gjennom å tilby ei løysing med KID-nummer som gjer at gáveinnbetalingane fylkeslaga organiserer, kjem inn sentralt og blir overført som samla sum i staden for ei rekkje einskildposteringar i fylkeslaga. Så langt er det berre Hordaland Mållag som har teke i bruk denne løysinga.

Over dei siste åra har me også ordna gode ordningar for å kunna bruka vippes og sms både til medlemspengar og til gåver. Det ser me at ein god del medlemer set pris på og føretrekkjer å bruka. Samstundes har slike innbetalinger ein kostnad i form av avgifter til leverandørar for oss, så det er ei avveging der fleire innbetalinger og lågare netto innbetalte sum per person må reknast mot kvarandre. Så langt vurderer me det slik at me samla sett tener på dei nye ordningane.

Norsk Tidend vert sendt med frivillig gávegiro fem gonger i året. 155 medlemer har teikna avtalegiro for målgåver, og vert automatiskt trekte fem gonger i året. I samband med større saker ber me om gávestøtte på sms. I 2020 fekk me inn i overkant av 130 000 kr i støtte til arbeidet med språklova. I samband med FpU-utspelet i 2021 sende me også ut ei oppmoding om å stø



Ny gnist og nye folk i Giske Mållag! Frå venstre: Lene Gjelsvik, Anne-Lise Roald, Trine Røssevold, Robert Fylling, Sindre Røsvik og Arnfinn Vartdal.
(Foto: Ingebjørg Røyrvik Øyehaug)

oss med ei gâve. Dette gav om lag 150 000 kr i ekstra gâveintekter. På 115-årsdagen til Noregs Mållag bad me også om gåvestøtte via Facebook, og fekk inn litt ekstra pengar på det tiltaket.

ARBEID FOR Å KOMA I EIGE HUS

Noregs Mållag har sett på to aktuelle kontorlokale i perioden, som me hadde hatt råd til å kjøpa. Det eine måtte me la gå frå oss fordi me mangla vedtak frå landsmøtet med fullmakt til låneopptak, og det vart selt i dei dagane me hadde digitalt landsmøte sist. Det andre lokalet lét me etter nøyare vurdering fara utan å vera med i bodrunden fordi det var for mange usikre faktorar knytte til at lokalet skulle setjast i god nok stand. Me fylgjer heile tida med på marknaden.

LAGSSENDINGAR

Lagssendingane inneholder det viktigaste av informasjon til lokal- og fylkeslaga. Medlemslister, informasjon om tilskipingar, viktige høyringar, kampanjar, økonomiske støtteordningar, verving og anna organisasjonsarbeid. I 2020 sende me åtte lagssendingar, og våren var prega av tips til målarbeid under pandemien, korleis arrangerer digitale møte og liknande. I 2021 har me sendt ni lagssendingar. Me sender også andre info-e-postar med ujamne mellomrom. Me sender alle lagssendingar elektronisk, utanom den siste kvart år, som inneholder ymse skjema. Særskilt gjeld dette året før eit landsmøte.

Framlegget til nytt arbeidsprogram vart sendt elektronisk til alle tillitsvalde i organisasjonen, om lag 1000 stk.

NYTT OM NYNORSK

Nytt om nynorsk er nyhendebrevet vårt, og det sender me ut via e-posttenesta Mailchimp. I samband med at me fekk nye nettsider i 2020, oppdaterte me også utsjåna til nyhendebrevet. Etter april 2020 har me sendt eitt nyhendebrev i månaden, utanom på sumaren. Til samanlikning sende me til saman fem i 2018 og fem i 2019. Me held fram tradisjonen med «ei før-julshelsing frå leiaren» i desember. Det er i skrivande stund 5369 tingarar, 750 fleire enn for to år sidan. Nye tingarar er i hovudsak medlemer som kryssar av for det ved innmelding, men også nokre av dei som sende oss e-postadressa si i løpet av 2021. Prosentdelen som faktisk opnar e-postane er stabil rundt 35 %. Nytt om nynorsk inneholder dei viktigaste nynorsksakene sidan førre utsending, og også våre eigne saker om verving, adventskalender, tilskipingar eller liknande.

NORSK TIDEND

Norsk Tidend er medlemsavisa til Noregs Mållag. Avisa vert sendt ut til medlemene i Noregs Mållag og Norsk Målungsdom, og til tingarar av avisa. Ho kjem ut fem gonger i året, vanlegvis i utgåver på 28 sider. Oppslaget er kring 14 800. Avisa vert lagd ut på nettstaden til

Mållaget og kan lesast gratis digitalt. Astrid Grov var redaktør fram til nr. 4/2021. Sidan har Anita Grønning-sæter Digernes teke over. Norsk Tidend vert redigert etter redaktørplakaten.

Medlemsavisa skal fylgja med på stoda for nynorsk og dialektane, og kasta lys over utfordringar som kan oppstå. I tillegg skal ho gje informasjon til medlemene i Mållaget og rapportera om arbeidet laget gjer. Skrivarstova skriv det meste av det redaksjonelle innhalten i avisat, men hentar også ein del stoff frå Nynorsk pressekontor, Framtida, lokalavisar og andre skribenter. Norsk Målungsdom har ei side til disposisjon, og dagleg leiar i Kringkastingsringen har ei fast spalte. Faste bidragsytarar elles har vore Svein Soldal Eggerud (kviss), og Rolf Theil på baksida. Laurits Killingbergtrø laga kryssordet fram til våren 2021. Sidan har Einar Søreide teke over. Bladet vert sett av Audun Skjervøy ved Språksmia i Valldalen og trykt hjå Amedia Trykk.

PLAST RUNDT NORSK TIDEND

Fleire medlemer har etterlyst ei meir miljøvenleg løysing på pakkinga av gave- og adressegapiroen i Norsk Tidend. Frå Norsk Tidend nr. 5/2020 vart avisat pakka i PE-plast, som er laga av 50 prosent fornybar biobasert råvare, og er 100 prosent resirkulerbar.

PRESSE OG INFORMASJONSARBEID

Mållaget gjer eit så aktivt presse- og mediearbeid som me har kapasitet til. Me sender ut pressemeldingar i saker der me meiner det er rett eller viktig at Mållaget uttaler seg. I nokre saker vel me å ringja eller gå direkte til einskjoldjournalistar som me meiner bør vera spesielt interesserte. Strategien avgjer me frå sak til sak, og både leiar Peder Lofnes Hauge og nestleiar Synnøve Marie Sætre, som også har fungert som leiar i delar av perioden, er sentrale i dette arbeidet. Kvar veke er det info-møte. Då går ein gjennom mediebiletet, kva som bør vere saker frå Mållaget i sosiale medium og kva saker som bør verta pressesaker frå Mållaget. I desse møta vert presse- og informasjonsarbeidet også knytt til verving og det vanlege organisasjonsarbeidet. I nokre saker høver det best for oss å skriva om ei sak på heimesidene våre eller i Norsk Tidend, for også då opplever me at saker blir plukka opp av pressa. Frå skrivarstova møter kommunikasjonskonsulent og redaktør i Norsk Tidend, informasjons- og organisasjonskonsulent og organisasjonskonsulent i infomøta, i tillegg til leiar og/eller nestleiar. Talet på presseoppslag har vore noko lågare siste åra. Det har noko samanheng med at me ikkje fekk arrangert landsmøte, Nynorskstafett eller reist på vitjingar slik me vanlegvis har høve til. Desse åra har også vore prega av at språkdebatten har vore mindre framme, mellom anna fordi det politiske Noreg har vore opptekne med å handtera pandemien. Ei anna forklaring er at leiar har vore i to farspermisjonar utan at nestleiar har hatt eit tilsvarande frikjøp. Samstun-

des må me sjå pressearbeidet i samanheng med sosiale medium som gjev oss mykje merksemد om einskildsaker no og då, og dessutan til dømes fører til at leiaren hamnar i viktige debattar i Dagsnytt 18. Dei beste postane våre i sosiale medium har såleis langt større rekjkjevidde enn ein del innlegg som lokalavisar tek inn.

TAL PÅ MEDIEOPPSLAG SISTE ÅRA:

	«NOREGS MÅLLAG»	«MÅLLAG»
--	--------------------	----------

2008	645	1157
2009	563	1237
2010	806	1560
2011	609	1321
2012	1347	2176
2013	1245	2102
2014	914	1676
2015	954	1311
2016	1222	2018
2017	1039	1797
2018	1068	1896
2019	803	1503
2020	585	1160
2021	781	1411

SOSIALE MEDIUM

Informasjonsarbeidet til Noregs Mållag på sosiale medium rettar seg inn mot Facebook, Instagram og Twitter. På Instagram er målet vårt å vera litt meir lettbeinte og humoristiske enn i andre medium, med teikneseriar, aktuelle saker, nynorske skilt av ulike slag, artige kommentarar og liknande. På Instagram har me i dag 5 123 følgjarar. Det er ein auke på 1 386 sidan førre årsmelding då det var 3 737 følgjarar. I løpet av 2020 la me ut 122 bilete og i 2021 har me lagt ut 162 bilete og videoklipp. I tillegg til dette legg me jamleg ut «instasoger», som består av bilete frå oss og andre som ligg på profilen vår i eit avgrensa tidsrom.

Facebook er vårt viktigaste og klart største sosiale medium. På Facebook har me meir politiske saker, vervesaker og tilskipingar. Det største enkelttiltaket i år gjorde me i valkampen der me bad partileiarane i partia om å spela inn ein kortfilm kvar om nynorsk til Facebook-sida vår. Me kommenterer eller deler aktuelle saker i media, her. På Facebook har me i dag 18 194 følgjarar og det er ein auke på 3 223 sidan førre årsmelding, då me hadde 14 769 følgjarar. Me betalar for meir spreiing fyrst og fremst for verveinnlegg, og det er ein sentral del i vervestrategien å leggja ut saker me trur gjev gode vervetal. Saka med desidert mest spreiling i 2021, var vårt svar på FpUs kampanje i august: «Vi i mållaget er vane med at ikkje alle deler haldningane våre, men dette valkampmateriellet frå FpU treng å bli motsagt. Nynorsk er den største kulturelle skatten Noreg har, og må styrkast, ikkje svekjast. Reager og



Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag, held sin første leiartale for landsmøtet i Mållaget. Salen er bortimot tom. Derimot var det tilhøyrarar og landsmøtedeltakrarar ved datamaskiner over heile landet. (Foto: Hege Lothe)

del for å vise at du står nynorsken – og meld deg gjerne inn i Noregs Mållag!». Innlegget vart vist overe 230 000 gonger, delt knappe 1000 gonger og fekk over 1000 innlegg i kommentarfeltet.

På Twitter prøver me å dela dei aktuelle sakene og å koma ut med eigen politikk. På Twitter har me 4 245 følgjarar. Det er ein oppgang på 388 sidan førre årsmelding då me melde om 3 857 følgjarar.

NETTSIDER

I førre årsmeldingsperiode vart det arbeidd fram nye nettsider. Desse vart lanserte i juli 2020. Dei nye nettsidene fekk både nytt publiseringssystem og nytt design på framsida. Nettsida er ei mobiltilpassa side, og ho har betalingsløysingar for både å kjøpa varer i Krambua og for innmelding i Mållaget. Den nye nettsida vart godt motteken, men det er også eit ynske om å få til ein gjennomgang med ulike brukarar for å finna ut om det er fleire saker og meir informasjon som også burde vore tilgjengeleg på nettsida. Den nye sida var ei stor investering både økonomisk og i arbeidstid, men ho har heldigvis vore driftssikker og eit godt hjelpebidel for sentrallekken då ho fyrst var på plass. Me har fått mange gode tilbakemeldingar om at sida er flott og at det var på høg tid og vel så det, at me moderniserte mållaget på den fronten.

115-ÅRSJUBILEUM FOR NOREGS MÅLLAG

Den 5. februar 1906 vart Noregs Mållag skipa som ein nasjonal organisasjon for alle dei frå før etablerte lokale mållaga. I februar 2021 markerte me 115-årsjubileum. Me hadde eit sterkt ynske om å laga til ei offisiell markering, men sidan det var streng nedstenging på grunn av pandemien, vart ideen lagt vekk. Difor vart det ei annleis markering. Me sende blomar på døra til alle nolevande tidlegare leiarar med takk for innsatsen i høve dagen. Me laga delebilete som me og mange av laga og medlemene delte i sosiale medium på dagen, og leiar Peder Lofnes Hauge laga ein kronikk som vart trykt i fleire aviser.

50-ÅRS JUBILEUM FOR LÆREMIDDELAKSJONANE

Den 28. oktober 1971 streika 30 000 elevar ved 112 skular for å få lovfesta retten til at lærebøker på nynorsk skulle koma til same tid og pris som lærebøker på bokmål, og for å få større løyvingar over statsbudsjettet til nynorske lærebøker. Elevstreiken og krava fekk mykje merksemd den gongen. Og det var den fyrste store elevstreiken. Løyvinga vart auka av Stortinget same hausten, og tre år seinare fekk målrørsla det viktige gjennomslaget med jamstilling i opplæringslova. Styret hadde peika ut dagen som ein viktig markeringsdag med tanke på kor viktig elevstreiken var, kor langt

me er komne, og kor avgjerande dagens kamp for å få digitale læremiddel på nynorsk, er. Me tok kontakt med Kvam vgs avdeling Øystese, og dei var svært i møtekomande. Dermed laga me til ei marking 27. oktober i same festsalen som gymnasiastane organiserte ein landsomfattande streik 50 år tidlegare. Det var appellar og innlegg, og etter det vart det sjølvsgåt kakefest som Mållaget spanderte på alle elevane og lærarane. På kvelden skipa me mållagsmøte saman med Kvam Mållag i Øystese.

Dagen etter, på sjølve dagen, var det stor markering i Volda. Elevane, lærarane og målrørsla markerte at det er 50 år sidan den store elevstreiken for språkleg jamstilling og lærebøker på nynorsk. Denne markeringa var det aksjonsgruppa for nynorske læremiddel (på Sunnmøre) og elevråda ved Volda vidaregåande skule og Volda ungdomsskule som stod bak. Noregs Mållag ytte økonomisk tilskot til gjennomføringa og fungerande leiar Synnøve Sætre heldt appell.

Fylkesлага

Fylkesлага i Noregs Mållag skal驱maa rbeid på regionalt nivå og vera eit bindledd mellom lokallag og Noregs Mållag sentralt. Fylkesлага skal samordna det lokale målarbeidet og inspirera lokale målfolk, mellom anna ved å skipa til seminar og samlingar. Kvart fylkeslag skal følgja opp landsfemnande kampanjar, med mål om at alle lokallag tek del i dei.

Fylkesлага skal vurdera kvar det er høve til å starta nye lag og samarbeida med nabolokallaga og Noregs Mållag sentralt om lagsskiping. Fylkesлага skal også gje hjelp og støtte til lokallag som treng det eller bed om det.

I perioden vert arbeidet med regionreforma den viktigaste politiske enkeltsaka for dei fleste av fylkeslag. Alle relevante fylkeslag skal prioritera arbeidet med denne reforma både i skulering og i politisk arbeid.

Fylkesлага bør arbeida for gode målvættak og målbruksplanar i kommunar og fylke. Fylkesлага skal samarbeida med lokallaga om å verva medlemer og å stø målungdomslag i sin region eller sitt fylke.

Dei seinare åra har så godt som alle fylkeslag vakse i medlemstal. I eit lengre perspektiv er situasjonen slik at Telemark, Rogaland og Trønderlaget har hatt fallande medlemstal. Noregs Mållag sentralt skal prioritera å styrkja desse tre fylkeslag i perioden. Dersom det er teikn til at Nordland Mållag kan verta oppattskipa, skal dette fylkeslaget få hjelp frå Noregs Mållag.

Mållaga

Dei lokale mållaga er grunnfjellet i Noregs Mållag. Mållaga skal styrkja det direkte målpolitiske arbeidet retta mot skule, barnehage, næringsliv, media, norskopplæring og kommunal verksamhet. Mange lokallag har medlemer

med sentrale verv og posisjonar i lokalsamfunnet. Det er eit godt utgangspunkt for å samarbeida med og påverka andre, i politikken, i kultur- og organisasjonslivet, i barnehagen og skulen, i media og i næringslivet.

Lokallaga skal verva medlemer og gjera målsaka synleg i lokalmiljøet. Fleire lag bør skipa til inspirasjonsdagar for lærarar. Noregs Mållag sentralt skal gje økonomisk og praktisk støtte til slike tilskipingar. Lokallaga bør samarbeida med lokale målungdomslag der det finst slike, og tipsa NMU sentralt om unge målfolk på stader der NMU ikkje har lag. Laga må leggja vinn på å rekruttera yngre styrefolk. Meir kunnskap om valnemndsarbeid er eit tiltak for å nå dette målet. Noregs Mållag skal tilby valnemndsskulering til lokal- og fylkesmållag. Noregs Mållag skal tilby leiarskulering for lokallagsleiarar.

Vinteren 2020 vart det laga eit notat til alle fylkesmållaga om å laga motivasjonsdagar for lærarar. I løpet av pandemien har dette vore mindre aktuelt, men vinteren 2022 vil styret lysa ut midlar som skal gå til å skipa slike motivasjonsdagar. Styret meiner det ein viktig aktivitet, både i nynorskområde og i bokmålsområde. Me vonar at satsinga på VÅR DAG i «Frivillighetens år» kan vera ein døropnar for fleire lokallag til å fornya kontaktar i lokalsamfunnet eller finna heilt nye samarbeidspartnarar. Det kan vera viktig for å bli synleg i lokalsamfunnet på ein ny måte.

Arbeidet med å rekruttera nye tillitsvalde til organisasjonen er viktig. Det gjev inspirasjon i dei laga som får inn nye folk, og det gjev mållaget eit breiare nedslagsfelt. Det er eit emne som bør på dagsorden når lokallaga skipar til årsmøte.

LOKAL- OG FYLKESLAGA

I 2020 og 2021 leverer laga inn årsmelding for høvesvis 2019 og 2020. For 2019 vart det levert inn 141 årsmeldingar frå lokallag og fylkesmållag. For 2020 kom det inn til saman 115 årsmeldingar, der 11 av 17 fylkeslag leverte. Til samanlikning var tala for 2017 og 2018 på høvesvis 173 og 174. Grunnen er openbert koronaen, og i tillegg at 2021 ikkje var eit landsmøteår. Nokre lag har også slege seg saman i årsmeldingsperioden, og dette påverkar også talet. Grunna utsendinga av utkast til nytt arbeidsprogram purra me ekstra på årsmeldingar i 2021. Me kjem til å jobba for at talet skal opp att i neste årsmeldingsperiode. Dei siste tre åra sett under eitt har 184 ulike lokal-, yrkes- og fylkeslag levert årsmelding. I førre årsmeldingsperiode var talet 191. Laga som ikkje sender inn årsmelding, får ikkje nytta dei demokratiske rettane sine i samskipnaden eller betalt ut lokal- eller fylkeslagsdelen av medlemspengane. Sju av laga våre er med i både Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag. I årsmeldingsperioden har Os Mållag og Fusa

Organisasjonen

Mållag slege seg saman til Bjørnafjorden Mållag, Time Mållag og Klepp Mållag har vorte til Jæren Mållag, og Balestrand Mållag, Leikanger Mållag og Sogndal Mållag har slege seg saman til Sogndal Mållag. Alle lokallaga i det gamle fylkeslaget Naumdøla Mållag har gjort seg om til eitt einveges innmeld lokallag - Naumdøla Mållag - som dimed ikkje lenger er eit fylkeslag.

OPPATTSKIPING AV LOKALLAG

Denne årsmeldingsperioden har det vore færre oppskipingar samanlikna med førre periode. Det kjem av at ein del organisasjonsbygging vart sett på vent som følgje av korona-situasjonen. Dess meir gledeleg er at det likevel har vore tre oppattskipingar i denne perioden. Det tre laga er Aukra Mållag i Romsdal Mållag (2020), Hå Mållag i Rogaland Mållag (2020) og Giske Mållag i Sunnmøre Mållag (2021). Alle desse tre laga er lag der det ikkje har vore aktivitet på mange år, og der me trur at laga kan bli viktige aktørar for målsaka i sin kommune. Kvart oppattskipa lag får 5000 kroner frå Mållaget.

Me trur at det er mange som har sett arbeidet med å skipa opp at lokallag på vent desse siste åra, og at det er noko me kan få meir arbeid med i komande arbeidsperiode.

TRØNDERLAGET, ROGALAND MÅLLAG OG TELEMARK MÅLLAG

Arbeidsprogrammet peikar ut tre fylkesmållag som sentrallekken skal gje ekstra merksemd gjennom denne arbeidsperioden. Samla sett vil me seia for denne årsmeldingsperioden at me ikkje har fått gjort det me ynskte frå sentralt for desse laga. I førre årsmeldingsperiode fekk Telemark Mållag besök frå Nynorskstafetten, og i haust (etter eit års utsetjing) fekk Rogaland Mållag også besök. I Rogaland hadde me fleire planar for 2020, då også dei hadde 100-årsjubileum, men det måtte dverre avlysast eller utsetjast på grunn av pandemien.

OVERSIKT OVER LØYVINGAR

Organisasjonsmidlar

2021

Hordaland Mållag, stilling	50 000
Rogaland Mållag, løyving til antologi	70 000
Herøy Mållag, kulturfestival/festspel	7 000
Kvam Mållag, kulturfestival/prisutd.	7 000
Sandefjord og Sandar Mållag, møteserie	12 000
Molde Mållag, skrivekonkurranse	9 000
Kvam Mållag, Blix-kveld	7 000
Norsk Målungsdom, 60-årsjubileum	90 000
Troms og Finnmark Mållag, lagssamling	14 000
Stranda Mållag, ope møte	6 100
Hustadvika Mållag, poesi- og musikkveld	3 200
Rogaland Mållag, kulturfestival	15 000
Nissedal Mållag, møteserie	10 000

Hordaland Mållag, lokallagssamling	5 500
Vinje Mållag	6 000
Herøy Mållag	6 880
Trønderlaget, inspirasjonsdag	35 000
Venneslag Mållag, barnehagearbeid	3 000

2020

Follo Mållag, møteserie	3 000
Hadeland Dialekt og Mållag, lyrikk-kveld	5 000
Ulstein Mållag, hefte	10 000
Vikværingen, inspirasjonsdag	20 000
Juristmållaget, skriveseminar	35 000
Valdres Mållag, dialektleir	10 000
Herøy Mållag, skrivekurs	3 500
Meland Mållag, «Målpodden»	4 000
Karmsund Mållag, motivasjonsdag	20 000
Hordaland Mållag, stilling	50 000
Nord-Aurdal Mållag, skrivetevling	10 000
Karmsund, avsett løyving	2 000

VALNEMNDSARBEID

Eit godt valnemndsarbeid er viktig i og for laga våre, men me har ikkje fått tilbydd det som eit eige emne på samlingar denne arbeidsprogramperioden. Det har likevel vore emne i utsendingar til laga.

Norsk Målungsdom

Noregs Mållag skal samarbeida tett med Norsk Målungsdom. Organisasjonane skal halda kvarandre oppdaterte om kva dei arbeider med, og om aktuelle saker som høyringar og røystingar. Noregs Mållag og Norsk Målungsdom skal samarbeida om politisk påverknad, der Norsk Målungsdom har hovudansvaret for ungdomspartia. Organisasjonane skal saman finna betre måtar å overföra medlemer til Noregs Mållag på når dei bikkar 30, og halda fram samarbeidet om å overföra unge medlemer til Norsk Målungsdom.

Norsk Målungsdom og Noregs Mållag informerer jamt eigne medlemer og dei som ynskjer å vera medlemer, om at dei ut frå alder truleg heller ynskjer medlemskap i den andre organisasjonen. Det er nyttig og arbeidsparande å dela kontor, og særleg at me gjennom mange år har hatt ein tradisjon der NMU-leiaren er deira representant i styret vårt. Me samarbeider ofte og godt om ymse høyringar og fordeler lobbyarbeid. Sist haust har me også hatt eit godt samarbeid om å markera 50-årsdagen for dei fyrste store læremiddelaksjonane. Kvart år gjennomfører me dessutan i fellesskap det store lyftet som Nynorskstafetten er.

Yrkesmållaga

Arbeidsoppgåvene i programmet høver i varierande grad for yrkesmållaga, som må gripa fatt i dei oppgåvene i programmet som dei ser er viktige på sine område. Det er viktig at yrkesmållaga lagar eit miljø for målarbeid innanfor sine yrkesgrupper. Yrkesmållaga har eit ansvar for å gje Noregs Mållag sentralt innspeil om stoda på sitt fagområde.

Styret samarbeider gjerne med dei yrkesmållaga som har faglege innspeil på aktuelle arbeidsfelt. Denne perioden gjeld det Juristmållaget knytt til språklova og Noregs Lærarmållag knytt til opplæringslova. I framkant av førre landsmøte fekk me saman med Norsk Målungdom på plass ei ny ordning for å gjera det lettare for yrkesmållaga å ha studentmedlemer. Det var spesielt Juristmållaget og Lærarmållaget som bad oss få til ei teneleg ordning for dei.

Revisjon av prinsipprogrammet

I denne perioden skal Noregs Mållag revidera prinsipprogrammet. Styret set ned ei nemnd og inviterer heile organisasjonen med i arbeidet. Det er eit mål at arbeidet gjev meir målpolitisk skulering og ordskifte i samskipnaden, slik at medlemer i Noregs Mållag vert tryggare i å argumentera for nynorsken.

Det meste av arbeidet med prinsipprogrammet gjekk føre seg i førre toårsperiode, og det kan ein lesa om i årsmeldinga for 2018–2020. I denne perioden har det nye styret handsama det føreslegne programmet frå førre styre og gjort ei eiga innstilling på endelag tekst til handsaming på landsmøtet 2022.

ARBEID MED NYTT ARBEIDSPROGRAM FOR 2022 TIL 2026

Landsmøtet i Noregs Mållag vedtek nytt arbeidsprogram kvart fjerde år. Hausten 2020 valde styret Synnøve Marie Sætre til å leia nemnda som fekk i oppgåve å laga eit framlegg til nytt arbeidsprogram for 2022 til 2026. Dei andre i nemnda vart: Kjetil Aasen, Ingebjørg Røyrhus Øyehaug, Solgunn Liestøl, Runar Bjørkvik Mæland og Ådne Reidar Nes Kleppe, representant frå Norsk Målungdom. Marit Aakre Tennø vart peika ut som sekretær for nemnda. Våren 2021 vart det invitert til to digitale seminar (omtalt under digitale seminar) der både demografi, språklova og opplæringsfeltet var emne. I august gjekk det ut ei eiga oppmoding om å koma med framlegg til nemnda, og så la nemnda fram framlegg til nytt arbeidsprogram i september. Framlegget til nytt arbeidsprogram vart sendt elektronisk til om lag 1000 tillitsvalde i organisasjonen. Etter dette

fekk organisasjonen nær to månader til å koma med tilbakemeldingar på det som vart sendt ut. Det var også eit eige emne på dagsseminaret i november 2021. Både i media og i organisasjonen var framleggset som fekk mest merksemd - og motstand, det å be kongen halda nokre av talane sine på nynorsk. Det kom også tilbakemeldingar på fleire andre emne til nemnda. I januar 2022 laga nemnda sitt endelege framlegg til arbeidsprogram, som vart sendt til styret for vedtak.

STORTINGSVALKAMPER 2021

Noko av det viktigaste politiske påverknadsarbeidet Mållaget gjer, har me med oss frå stiftinga av Noregs Mållag: Me prøver å påverka kva dei politiske partia vedtek at dei skal gå til val på. Me byrja arbeidet våren 2020 med å laga eit skriftleg innspeil til partiprogramma. Dei fem hovudpunktene våre var:

1) Nynorsk og bokmål skal vera reelt jamstilte språk i Noreg

2) Hald på og løft sidemålsordninga

3) Innfør språkdelte ungdomsskule

4) Digitale læremiddel og kontorstøtteprogram må koma på nynorsk

5) Lærarutdanningane må sikra gode nynorskklærarar

Desse ynska vart tekne opp i møte med og kontakt med sentrale politikarar i programkomiteane. Me følgde opp landsmøta i partia og vurderte og informerte om vedtaka i etterkant. Sumaren 2021 hadde alle partia hatt sine landsmøte og vedteke kva program dei gjekk til val på. Fleire parti overraska med positive formuleringar. Det vart sett i gang ein eigen vervekampanje retta spesielt inn mot kandidatar på stortingslistene. Me gjekk aktivt ut og inviterte alle partileiarane til å laga ein filmsnutt, gjerne saman med leiar Peder Lofnes Hauge. Fleire av partileiarane var svært positive til dette. Det enda med at leiarane for Ap, SV, V, Krf stilte til intervju med leiaren vår, H, Sp og Frp spelte inn eigen video med partileiar som dei sende oss og R stilte til intervju med ein stortingskandidat frå Hordaland.

Desse filmsnuttane delte me på Facebook utetter valkampen. Me inviterte også til digitalt møte om å laga valkampdebattar i valkampen. Det vart veldig yllukka og både Rogaland Mållag og Hordaland Mållag inviterte til gode debattar om nynorsk i valkampen.

For Mållaget vart det mest presseomtale då FpU laga F**K nynorsk-kampanje i valkampen. Det gav oss særsmake mange medlemer og mykje omtale i valkampen, og ikkje minst meinte mange at dette vart for usakleg av FpU.

I eigen organisasjon sende me like før ferien ut .pdf av valkampflygeblad og vervepostkort, til bruk på stand for dei som planla aktivitetar i valkampen. Flygebladet omtalte dei fem krava våre, med ein vri der me omtalte den manglande jamstillinga i barnehagen i staden for å sitera setninga i krav nummer 1.

Økonomi

Den økonomiske stoda for Mållaget har vore stabil og som regel litt på plussida dei siste åra, og 2020 enda med eit overskot på 310 000. Overskotet i 2021 landa på 657 000, dobbelt så mykje som budsjettet. Ein viktig grunn til overskotet kjem av eit auka tilskot / koronastøtte frå staten, auka gåver og medlemsvekst. Effekten av to utruleg gode år med medlemsrekordar har vore høgare enn den negative konsekvensen av t.d. ekstra kostnader med eit avlyst landsmøte i 2020. I tillegg er det heilt kortsiktig ein økonomisk vinst i å bli hindra frå fysisk aktivitet, fordi seminar, reiser i organisasjonen osb. fører med seg netto kostnader for sentrallekken. Pandemien har absolutt kosta, berre ikkje i rekneskapen. Det har gjort at eigenkapitalen vår no er styrkt med om lag 967 000 kroner. Ein god eigenkapital kan vera avgjerande i uventa situasjonar som krev styrkt innsats frå Mållaget over ein periode, eller for å greia å realisera planane om ein gong å få kjøpt eit kontorlokale til skrivarstova. Det er framleis slik at brorparten av inntektene våre kjem frå medlemene, først og fremst gjennom medlemspengar og målgåver. Det gjer stillinga vår temmeleg fri, og framtida for organisasjonen ubunden av skiftande politiske fleirtal.

KOMMENTARAR TIL REKNESKAPEN

Rekneskapen for 2020 viser eit overskot på 310 000 kroner og 2021 eit overskot på 657 000 kroner, med rekna finansinntekter. Det var budsjettert med overskot i 2020 på 378 000 og underskot i 2021 på 205 000 kroner som styret i seinare revisjonsvedtak forandrar til overskot på 219 000 og 270 000 kroner. Eit høgt medlemstal hjelper også på inntektene, både på kort og lang sikt. Noregs Mållag har no ein positiv eigenkapital på 6 735 886. Skrivarloftet (husværet i Schweigaardsgate 52) er bokført med kjøpesummen i 1992 medan marknadsverdien truleg er nær ti gonger så høg. Inntektene til Noregs Mållag står i hovudsak på tre pilarar: årspengar, andre medlemsinntekter og statsstøtte.

Under nokre av postane under står 2021-talet fyrst, deretter står 2020-talet i parentes.

SAL AV MATERIELL

Posten gjeld sal av tilfang (servise, bøker og anna profesjoneringsmateriell).

NORSK TIDEND

Norsk Tidend kom ut med fem nummer både i 2020 og i 2021. Noregs Mållag stod sjølv for annonsesalet. Tingartalet har vore stabilt i fleire år, utan særlege framstøytar for å auka det.

JULEKALENDER

Kulturlotteriet har vore ei viktig inntektskjelde for Noregs Mållag, og eit godt høve for lokallaga til å skaffa seg inntekter. I 2018 bytte me ut loddet med ein adventskalender med daglege vinstar.

Laga har hatt høve til å tinga kalendrar til 50 kr per stk, og selja dei for 100 kr. Dette har gjeve lokallaga høve til å spe på lagskassa.

Medlemer har også hatt høve til å tinga kalendrar direkte frå Krambua for 100 kr.

I 2021 selde laga 674 kalendrar, medan medlemene kjøpte 1 448 kalendrar direkte frå Krambua, i alt 2 122 kalendrar. I 2020 selde laga 825 kalendrar, medan medlemene kjøpte 1 562 kalendrar direkte frå Krambua, i alt 2 387 kalendrar.

MEDLEMSPENGAR

Talet på medlemer gjekk opp med 1379 i 2021 etter ein auke i 2020 på 523.

PRISAR OG STIPEND

100 000 kroner er løyving frå Kulturdepartementet til utdeling av to stipend à 50 000 kroner. Ordninga er årvisss. 20 000 kroner er frå Samlaget og Det Norske

Teatret for Nynorsk litteraturpris som me står saman om å dela ut.

MØTE- OG SEMINARINNTEKTER

Denne posten inneheld dagsseminar i Oslo.

TENESTESAL

Det var inga inntekter på nynorskkurs som skrivarstova kan tilby, og på tenester der andre nærskylde tiltak er med og spleisar.

MÅLGÅVER

I hovudsak innbetalingar over gåvegiroane som ligg ved Norsk Tidend, men også litt gåver på sms og vippes.

STATSTILSKOT

Driftstilskot frå Kulturdepartementet på 5 970 000 kroner (5 640 000 kroner). 200 000 i 2021 var til løyvt til litteraturformidling på Nynorskstafetten.

LØYVINGAR, GÅVER, SPONSORINNTEKTER

Løyving frå Opdalsfondet.

PROSJEKT I FYLKESLAGA

Kostnadene med tilsette for Agderfylka og Hordaland går gjennom sentrallekken. Inntektene her er innbetaing frå desse fylkeslaga, som svarer til dei kostnadene me har hatt (synleg på eiga linje under kostnader). Kostnadene for Agderfylka vart avslutta mars 2020.

LEIGEINNTEKTER OG ANDRE KONTORINNTEKTER

Leigeinntekter frå skrivarloftet (i Schweigaardsgt 52) og kontorplass til Kringkastingsringen og Norsk Målungsdom.

UTTAK AV VARER

Gåver til innleiarar og andre.

MVA-REFUSJON

Vanlegvis refusjon av om lag 70–75 % av mva-kostnadene våre. I 2021 fekk me for fyrste gong full refusjon og i tillegg 96 000 kroner i støtte over mva-ordninga for eventuelle ekstrautgifter i pandemien.

YMSE

Posten inneheld refusjon som gjeld frikjøp av tilsette som har politiske verv, ei overføring frå gåvefondet (2021) der me løyvde 225 000 kroner til organisasjonen i 2020 og nokre småsummar.

OFFENTLEGE TILSKOT:

	2021	2020
Kulturdepartementet	6 070 000	5 740 000
SUM	6 070 000	5 740 000

100 000 er kvart år øyremerkt utdeling av to arbeidsstipend, og står såleis oppført på eiga linje i resultatrekneskapen. I den ordinære tildelinga for 2021 var 200 000 av driftsløyvinga øyremerkt å skulla gå til å ha forfatarar med på nynorskstafetten. Me fekk i tillegg 200 000 kroner hausten 2021 som ei øyremerkt eingongsløyving til å skipa til motivasjonsdagar for lærarar. Dei er førte balansen då det var for seint på året til å få brukt dei på hausten, og me fekk løyve til å bruka dei i 2022.

MATERIELL FOR SAL

Det meste av kostnadene her gjeld profiltilfang, aksjonsmateriell, bøker innkjøpte for vidaresal og endring i varelageret.

NORSK TIDEND

404 000 (376 000) er utforming og trykk av Norsk Tidend. 384 000 (405 000) er adresserings- og portokostnader. Elles ligg det også kostnader som reiser og kjøp av artiklar og bilete i denne posten.

ANDRE TRYKKJEKNOSTNADER

Kostnader med flygeblad og anna materiell til aksjonsbruk.

ADVENTSKALENDER

I hovudsak vinstar, porto og trykking av kalendrar. Elles kostnad for løyve og for destruksjon av ikkje selde kalendrar.

REFUSJON MEDLEMSPENGAR

Refusjon av medlemspengar skal gjeraast innan 1. mars kvart år. Refusjon medlemspengar for 2021 er utrekna til totalt 1 143 000 kroner (976 000 kroner). Dei fleste fylkeslaga har ein sats på 20 eller 30 kroner per medlem og dei fleste lokallaga ein sats på 40 kroner.

LØN OG HONORAR

Lønskostnadene fordeler seg på løn til tilsette og engasjerte, arbeidsgjevaravgift, sosiale kostnader, personalforsikringar, pensjonspremie, honorar til revisjon. Honorar til kursinnleiarar, skribentar i Norsk Tidend og prosjektarbeid er førte på dei respektive prosjekta. Refusjon av sjukepengar er ført her. Oversyn over stillingar og tilsette står ovanfor under 'Skrivarstova'. Dagleig leiar er plassert i lønssteg 75 i statsregulativet. Den store endringa frå 2020 til 2021 kjem i hovudsak av at både leiar og den tilsette i Hordaland var i foreldrepermisjon store delar av 2020 og at lønsoppgjjet i 2021 medførte ei større eingongsinnbetaling til pensjonsordninga.

Økonomi

LØNSKOSTNADER OG GODTGJERSLER (INKL. STILLINGAR I FYLKESLAGA)

LØNSKOSTNADER	2021	2020
Løn, feriepengar o.l.	5 184 461	4 496 166
Arbeidsgjevaravgift	855 169	670 569
Anna oppgåvepliktige kost.	13 405	36 000
Pensjonspremiar	856 688	522 666
Sosiale kostnader	70 971	121 597
Sum lønskostnader	6 980 694	5 846 998

GODTGJERSLE 2021 DAGLEG LEIAR STYRET

Løn	728 269	745 607
Pensjon / sosiale kostnader	121 603	35 664
Sum	849 872	781 271

GODTGJERSLE 2020	DAGLEG LEIAR	STYRET
Løn	700 879	737 269
Pensjon / sosiale kostnader	69 609	37 735
Sum	770 488	775 004

Gjennomsnittleg tal på tilsette/frikjøpte: 9

REVISOR

Kostnadsført revisjonshonorar for 2021 er kr 120 000,- og 126 000,- for 2020.

TENESTESAL

Kostnader med kurstilbod.

HUSLEIGE OG STRAUM

Posten inneholder husleige, straum, reinhald, forsikringar og ymse huskostnader. Husleige, straum og ymse kostnader til husværet i Schweigaardsg. 52 er også ført her. Husleigeposten er bruttoført. Det vil seia at alle kostnader i samband med husvære kjem her, og alle inntektene kjem på leigeinntekter.

PRESSEKLYPP

Noregs Mållag abonnerer på ei teneste som sender oss dei fleste presseoppslag om målsak kvar dag. Tenesta er eit spleislag med Nynorsk kultursentrum, Lands-samanslutninga av nynorskkommunar og Nynorsk-senteret.

PRISAR OG STIPEND

Posten gjeld to arbeidsstipend à 50 000 kroner og litteraturprisane.

DRIFTS- OG KONTORUTGIFTER

Porto og telefon utgjer 492 000 kroner (528 000 kroner). Elles er det leige av kopimaskin og frankeringsmaskin med driftsavtale, IT-kostnader (mellan anna

heimesida), rekvisita som kopipapir, brevpapir, konvo-luttar og anna driftsmateriell.

LANDSMØTE

I 2020 måtte me dverre betala for det meste av hotell-kostnadene sjølv om møtet vart gjennomført digitalt og under 30 personar var samla på landsmøtehotellet. I 2021 vedtok styret å sponsa ein del av utsendingane til landsmøtet i 2022 fordi mange må ha tre overnattingar, og 250 000 vart overført til balansen til løyving i landsmøteåret.

SEMINAR OG KONFERANSAR

Det har knapt vore halde seminar den siste toårsperioden. Kostnadene skriv seg fra seminar om opplærings-lova november 2021, og der er storparten av kostna-dene ført på landsrådsmøte som var same helga.

STYRE-/LANDSRÅDSTMØTE

Summen fordeler seg vanlegvis ganske halvt om halvt på kostnaden med det årlege landsrådsmøtet og med styremøta.

ANDRE MØTE/REISER

Kostnader til å reisa på møte ute i organisasjonen og reine administrasjonskostnader om tillitsvalde og tilsette har andre representasjonsmøte, lobbymøte eller reine arbeidsreiser til Oslo eller andre stader.

PROSJEKT I FYLKESLAGA

Dei kostnadene me betaler knytt til tilsette i fylkeslag. Den same summen står på inntektssida, då fylkeslag betaler tilbake til oss etter faktura.

LØYVINGAR, GÅVER

2021

Frå andre løyvingar:

Nordnorsk Forfatterlag, jubileum	25 000
Nidaros Mållag, forfattarkveld	11 200
Rauma Mållag, utdeling målpris	7 500
Tokke Mållag, nynorskprosjekt	15 400
BUL Ervingen, familiekonsert	10 000
Levanger Mållag, bokkveld	4 200
Vegårshei Mållag, besøk av Hoem	8 000
Hå Mållag, arr. under nynorskstafetten	7 500
Sauda Mållag, aktivitet/føredrag	5 000
Suldal Mållag, boklansering og fyrebilsbibelen	5 910

Frå gåvefondet:

Hordaland Mållag (Alver og Arna)	115 000
Rogaland Mållag (Suldal)	50 000

Frå skulemålposten:

Bergen Mållag, parallelklassearbeid	46 150
-------------------------------------	--------

2020

Frå andre løyvingar:

Sauda Mållag, oppattskipning	5 000
Framtida junior, gåveabonnement	10 500
Austegdelaget, 100-årsfeiring	10 000
Borgund Mållag, oppattskiping	5 000
BUL Ervingen, «Ervingen»	10 000
Hå Mållag, oppstart	5 000
Volda Mållag	3 000

Frå gåvefondet

Senjamållaget, språkopplegg for ungdomsskulane	100 000
Rogaland Mållag, skuleprosjektet «språkglede»	125 000

Frå skulemålposten:

Løyving Hordaland, randsoneseminar	4 800
Avsett løyving Sunndal Mållag	12 000

Digitale læremiddel:

Ørsta/Volda	4 000
-------------	-------

LØYVING NMU

Driftstilskot til Norsk Målungdom.

MÅLPOLITISK SATSINGSOMRÅDE 1:**SKULEMÅL**

Kostnader til møte, reiser og materiell i samband med skulemålsarbeid.

MÅLPOLITISK SATSINGSOMRÅDE 2:**BARN OG UNGE**

Kostnader til barnehagearbeid og arbeid med litteratur for barn og unge.

MÅLPOLITISK SATSINGSOMRÅDE 3:**OFFENTLEG MÅLBRUK**

Kostnader til arbeid med offentleg målbruk.

LÆREMIDDELKAMPANJE

Kostnader med tilskipingar i Øystese og i Volda høve 50-årsmarkeringa for dei fyrste store lærermiddelstrekane.

NYNORSKSTAFETTEN

Stafetten vart avlyst i 2020. I 2021 har me hatt unormalt høge kostnader fordi 200 000 var løyvde over statsbudsjettet særskilt til bruk av forfattarar under stafetten.

ORGANISASJONSMIDLAR

2021

Hordaland Mållag, stilling	50 000
Rogaland Mållag, løyving til antologi	70 000
Herøy Mållag, kulturfestival/festspel	7 000
Kvam Mållag, kulturfestival/prisutd.	7 000
Sandefjord og Sandar Mållag, møteserie	12 000
Molde Mållag, skrivekonkurranse	9 000
Kvam Mållag, Blix-kveld	7 000
Norsk Målungdom, 60-årsjubileum	90 000
Troms og Finnmark Mållag, lagssamling	14 000
Stranda Mållag, ope møte	6 100
Hustadvika Mållag, poesi- og musikkveld	3 200
Rogaland Mållag, kulturfestival	15 000
Nissedal Mållag, møteserie	10 000
Hordaland Mållag, lokallagssamling	5 500
Vinje Mållag	6 000
Herøy Mållag	6 880
Trønderlaget, inspirasjonsdag	35 000
Venneslag Mållag, barnehagearbeid	3 000

2020

Follo Mållag, møteserie	3 000
Hadeland Dialekt og Mållag, lyrikk-kveld	5 000
Ulstein Mållag, hefte	10 000
Vikværingen, inspirasjonsdag	20 000
Juristmållaget, skriveseminar	35 000
Valdres Mållag, dialektleir	10 000
Herøy Mållag, skrivekurs	3 500
Meland Mållag, «Målpodden»	4 000
Karmsund Mållag, motivasjonsdag	20 000
Hordaland Mållag, stilling	50 000
Nord-Aurdal Mållag, skriveteavl	10 000
Karmsund, avsett løyving	2 000

FINANSPOSTAR

Finansposten inneholder renteinntekter fra ymse bank-kontoar. Utbyte på aksjane i Orkla er også med her. Renteutgiftene er gebyr.

TAL I 1000 KRONER	2018 REK	2019 REK	2020 LM	2020 REK	2021 LM	2021 Rev. styret	2021 REK
INNTEKTER							
Sal av materiell	107	77	130	63	90	65	73
Norsk Tidend	35	60	80	57	70	60	29
Kulturlotteri	166	186	110	200	250	230	181
Medlemspengar	4013	4253	4200	4394	4350	4400	4919
Prisar og stipend	120	120	120	120	120	120	120
Landsmøte	973	0	900	97	0	0	0
Møte-/seminarinntekter	15	93	50	0	70	30	11
Tenestesal	0	9	5	0	5	10	0
Målgåver	1547	1723	1270	1815	1500	1655	1920
Statstilskot	5500	5491	5610	5640	5750	5970	5970
Tilskot frå udir.	0	0	100	0	0	0	0
Løyvingar og gåver	577	150	50	0	50	59	50
Prosjekt i fylkeslaga	0	686	650	235	550	550	460
Leigeinntekter kontor	226	226	230	226	230	226	226
Uttak av varer	0	0	20	0	10	5	0
Mva-refusjon	481	428	450	588	450	460	766
Ymse	213	357	80	116	130	155	609
Sum inntekter	13 973	13859	14055	13551	13625	13995	15334
KOSTNADER							
Materiell for sal	69	80	80	67	90	85	55
Norsk Tidend	756	762	860	781	830	830	788
Andre trykkjekostnader	200	91	130	87	110	110	130
Kulturlotteri	144	123	70	101	150	105	94
Ref.medlemspengar	880	924	880	976	930	980	1143
Løn og honorar	5710	5928	6000	5734	6200	6200	6588
Tenestesal	0	0	2	0	0	0	0
Husleige, straum	1093	1140	1190	1152	1200	1185	1167
Presseklypp	76	80	80	85	80	85	88
Prisar og stipend	163	192	180	183	180	185	185
Drifts- og kontorutg.	1314	2075	1450	1870	1500	1600	1665
Landsmøte	1281	0	1170	716	0	0	255
Seminar, konferansar og arr.	88	305	190	0	300	140	23
Styre-/landsrådsmøte	193	188	190	174	200	205	218
Andre møte/reiser	235	252	220	177	220	160	224
Prosjekt i fylkeslaga	677	686	650	235	550	550	460
Løyvingar, gåver	59	41	30	181	70	80	265
Løyving NMU	200	350	350	350	350	350	350
Satsing 1: skulemål	90	150	150	181	150	150	139
Satsing 2: Barn og unge	16	4	30	0	30	30	10
Satsing 3: Offentleg målbruk	45	0	40	0	30	30	0
Læremiddelkampanje	0	11	0	4	30	30	75
Språkstafetten	73	309	120	0	150	320	369
Organisasjonstiltak	264	322	300	173	300	300	357
Avskr., tap på krav	4	1	5	1	5	0	-30
Sum kostnader	13630	14014	14367	13228	13655	13710	14618
Resultat før finanspostar	343	-155	-312	323	-30	285	716
FINANSPOSTAR							
Utbyte	12	6	20	6	10	5	9
Finansinntekter	62	68	75	34	75	35	14
Finansutgifter	-39	-64	-35	-53	-40	-55	-82
Sum finanspostar	35	10	60	-13	45	-15	-59
Ekstraord.inntekter	0	75	0	0	0	0	0
RESULTAT	378	-70	-252	310	15	270	657

Balanse 2019/2020/2021

	2019	2020	2021
ANLEGGSMIDLAR			
Husvære ^{1, 10}	326 070	326 070	326 070
Sum varige driftsmidlar	326 070	326 070	326 070
Depositum husleige Lilletorget 1	389 629	389 629	391 772
Fondet for norsk målreising	533 000	533 000	469 384
Sum finansielle anleggsmidlar	922 629	922 629	861 156
Sum anleggsmidlar	1 248 699	1 248 699	1 187 226
OMLAUPSMIDLAR			
Varer ^{2, 13}	125 000	111 000	111 000
Kundekrav ¹⁴	541 786	166 156	7 014
Opprente inntekter ³	26 667	-41 229	-58 883
Forskotsbetalte driftskostnader	0	0	0
Forskotsbetalt IT-støtte	48 534	48 534	48 534
Fondet for norsk målreising ¹²	70 643	74 311	74 268
Sum krav	687 630	247 772	70 933
Luter ^{4, 11}	16 200	16 200	16 200
Sum investeringar	16 200	16 200	16 200
Bankinnskot ^{5, 15}	13 762 944	14 395 848	15 770 558
Sum bankinnskot	13 762 944	14 395 848	15 770 558
Sum omlaupsmidlar	14 591 774	14 770 820	15 968 691
SUM EIGE	15 840 473	16 019 519	17 155 917
EIGENKAPITAL			
Eigenkapital	-5 839 690	-5 769 716	-6 079 399
Resultat i perioden	69 774	-309 683	-656 487
Sum opptent eigenkapital ⁶	-5 769 916	-6 079 399	-6 735 886
SKULD			
Gåve ⁷	-5 636 944	-5 636 944	-5 411 944
Husfond ⁸	-75 000	-75 000	-75 000
Sum anna langsiktig skuld ¹⁶	-5 711 944	-5 711 944	-5 486 944
Leverandørgjeld	-334 514	-193 851	-102 379
Skuldige medlemspengar	-1 073 378	-1 151 303	-1 397 848
Medlemspengar neste år	-91 200	-92 000	-92 000
Nedlagde/sovande lag	-133 043	-133 808	-152 662
Skuldige off. avg./feriepengar	-1 043 842	-891 923	-1 123 766
Anna kortsiktig skuld ⁹	-1 682 636	-1 765 291	-2 064 432
Sum kortsiktig skuld	-4 358 613	-4 228 176	-4 933 087
SUM SKULD	-10 070 557	-9 940 120	-10 420 031
EIGENKAPITAL + SKULD	-15 840 473	-16 019 519	-17 155 917

(Revisormeldingar side 90)

Notar til balansen for 2020

Rekneskapsprinsipp

I årsrekneskapen er alle postane verdsette og periodiserte i samsvar med reglar og retningslinjer i rekneskapslova og i samsvar med god rekneskapsskikk for små føretak.

Krava er første opp i balansen med pålydande verdi etter frådrag for konstaterte og medrekna tap.

Note 1: Husvære

Husvære i Schweigaards gate 52, Oslo

Oppført verdi kr 326 070,-

Kjøpt for kr 326 070,- i 1992

Noregs Mållag hadde takst på husveret i Schweigaards gate i februar 1999. Marknadsverdien var sett til kr 750 000,-.

Note 2: Varelager

Noregs Mållags lager av profileringsmateriell og bøker oppført til innkjøpsverdi.

Note 3: Opptente inntekter

Opptente inntekter inneholder utestående krav, m.a. medlemspengar frå lag med lokal innkrevjing.

Note 4: Luter

Noregs Mållag har luter i:

	KOSTPRIS/BOKF.VERDI/LIKN.VERDI		
Det Norske Teatret, 23 stk	11 200	0	0
Orkla A-aksjar, 1 380 stk.	16 200	16 200	95 703
Dag og Tid, 475 stk	10 000	0	3
	37 400	16 200	95 703

Den reelle verdien av lutene er høyare enn bokført verdi.

Note 5: Bankinnskot

Av bankinnskot er kr 236 594,- bundne til skattetrekk. Depositum for lotteriet 200 000,-.

Note 6: Eigenkapital

	2019	2020
Eigenkapital	5 839 690	5 769 916
Årsresultat	- 69 774	309 682
Sum eigenkapital	5 769 916	6 079 598

Note 7: Langsiktig skuld

Motteken gáve skal nyttast til spesielle formål jf. avtale med gjevar.

Note 8: Husfondet

Husfondet 75 000 kr.

Note 9: Kortsiktig skuld

Kortsiktig skuld inneholder avsetjing til lotterivinstar, avsetjing til revisjonskostnader for 2020 og kostnader i 2020 med forfall i 2021.

Notar til rekneskapen for 2021

Rekneskapsprinsipp

I årsrekneskapen er alle postane verdsette og periodiserte i samsvar med reglar og retningslinjer i rekneskapslova og i samsvar med god rekneskapsskikk for små foretak.

Krava er første opp i balansen med pålydande verdi etter frådrag for kontaterte og medrekna tap.

Note 10: Husvære

Dette er husvære i Schweigaardsgate 52, Oslo

Kostpris i 1992 var kr. 326.070

Verkeleg verdi pr i dag er høyare enn dette.

Note 11: Luter

NAMN	TAL	KOSTPRIS	LIKN.VERDI
Det Norske Teatret	23	11 200	
Orkla A aksjar	1380	273	119 301
Dag og Tid AS	492	10 000	101 731
Andre luter		46 976	-
Fonna Forlag LL	2	0	3556
Nedskrive		-52 249	-
Bokført verdi		16 200	224 588

Den verkelege verdien av lutene er høyare enn bokført verdi.

Note 12: Investering i fondet Norsk Målreising

Dette er kostpris for overtekne fondsdeler frå andre enn Noregs Mållag.

Note 13: Varelager

Dette er lager av profileringsmateriell og bøker oppført til innkjøpspris.

Note 14: Kundekrav

	2021	2020
Kundekrav til pålydande	7 014	166 156
Avsetning til tap på krav er	0	29 960
Balanseførte kundekrav	7 014	136 196

Note 15: Bankinnskot

Av bankinnskota er kr. 226.151 bundne til skattetrekksmidlar.

Det er også sett inn kr. 602.678 på konti fond fondsrekneskap.

Det er stilt kr 100.000 som trygd for lotterirekneskapen.

Note 16: Langsiktig skuld

Av desse unytta gåvemidlar for kr. 5.411.944.

Husfondet utgjer kr. 75.000, og gjeld til Inga Lutros legat utgjer kr. 602.678.

Note 17: Løn

	2021	2020
Løn og feriepenger	5 184 461	4 496 166
Andre oppgåvepliktige ytingar	13 405	36 000
Arbeidsgjeveravgift	855 169	670 569
Pensjonspremiar	856 688	522 666
Sosiale kostnader	70 971	121 597
Sum lønskostnader	6 980 694	5 846 998

Tal årsverk:

	2021	2020
Løn dagleg leiar	728 269	700 879
Andre oppgåvepliktige ytingar	121 603	69 609
Totalt	849 872	770 488
Styret	745 607	737 269
Andre oppgåvepliktige ytingar	35 664	37 735
Totalt	781 271	775 004

Rekneskap adventskalender

	2020	2021
INNTEKTER		
Loddsal	197 450	178 520
Porto	2 631	2 327
Sum inntekter	200 081	180 847
KOSTNADER		
Vinstar	37 123	33 600
Trykking	38 000	50 418
Porto	25 463	-
Administrasjon	3 000	3 000
Gebyr	7 709	6 998
Sum kostnader	101 295	94 016
OVERSKOT	98 786	86 831

Rekneskap Inga og Gjøa Lutros legat

	2020	2021
INNTEKTER		
Renter	2 711	492
Overført til Noregs Mållag	2 711	492
BALANSE		
<i>Aktiva</i>		
Bankinnskot	602 678	602 678
<i>Passiva</i>		
Legat	602 678	602 678

Årsmelding for Fondet for norsk målreising 2020 og 2021

Fondet for norsk målreising er skipa for å sikra den økonomiske innkoma til Noregs Mållag. Etter vedtekten (sist endra i 2001) skal fondsmidelen plasserast på høgste rente i bank eller på annan sikker og rentebерande måte eller i aksjefond med god risikospreiing. Målet er at Noregs Mållag kvart år skal få overført ein pengesum tilsvarende om lag rente i pengemarknaden, rekna av verdien av fondet ved inngangen av året. Pengane kan brukast i den daglege drifta av samskipnaden. Fondet kan elles berre brukast til garanti for Noregs Mållag. Innskytarane kan teikna partar à 1000 kroner og må binda innsatsen sin i minst fem år.

Fondsstyret vedtok i 2001 desse retningslinjene for plassering av midlane i fondet: Om lag 40 prosent skal plasserast i bankinnskot, obligasjonar og pengemarknadsfond. Resten skal plasserast i norske og utanlandske aksjefond. Det skal ikkje plasserast midlar i enkeltaksjar eller i bransjfond.

Kapitalplasseringa vert teken hand om av Formuesforvaltning as. I 2020–2021 er den bokførte kostprisen minka med 23 612 kroner, men urealisert, ikkje bokført verdiauke for dei to åra er samla 246 621 kroner, 3,8 % auke i 2020 og 9,7 % i 2021. Pengemarknadsindeksen for 2020 og 2021 hadde ein vekst på 1,2 % og 0,1 %, det vil seie ei meiravkastning i fondet på 223 500 kroner.

Fondsstyret har ikkje gjort vedtak om utdeling av avkastning til Noregs Mållag i perioden.

Fondet vert leidd av eit styre på tre personar, alle oppnemnde av styret i Noregs Mållag for to år om gongen. I meldingsperioden har desse sete i fondsstyret: Erik Bolstad, leiar (til 2021), Karl Peder Mork, leiar (frå 2021), Frida Mikkelsen og Eva Marie Mathisen (frå 2021). Dagleg leiar i Noregs Mållag er skrivar for fondsstyret.

Styret har hatt to møte i perioden. I tråd med drøftingane på dei møta, held ein fast ved investeringsstrategien.

Det er ikkje teikna nye partar eller sagt opp partar i fondet i 2020 eller 2021.

Ved utgangen av 2021 hadde fondsmidelen ein urealisert verdi på 2 024 283 kroner mot 1 777 662 kroner ved utgangen av 2019. Fondet har 222 innskytarar og Noregs Mållag har 533 av i alt 936 partar à 1000 kroner.

Merk at gåve til Noregs Mållag på 5 600 000 kroner vart sett inn til forvaltning saman med målreisingsfondet sommaren 2019. Pengane er ikkje ein del av fondet, og avkastninga blir rekna ut særskilt for kvar av summane. Rekneskapen for fondet vil likevel inkludera også gåva, fordi pengane er plasserte saman.

OSLO, 21. FEBRUAR 2022

Karl Peder Mork (leiar), Frida Mikkelsen, Eva Marie

Mathisen

Gro Morken Endresen (skrivar)

Balanserekneskap for Fondet for norsk målreising

EIGNELUTAR ANLEGGSMIDDEL 2021 2020

FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL

Investeringar i fond	6 682 903	6 908 985
Sum finansielle anleggsmiddel	6 682 903	6 908 985
Sum anleggsmiddel	6 682 903	6 908 985

OMLAUPSMIDDEL

Bankinnskot	61 027	94 508
Sum omlaupsmiddel	61 027	94 508

Sum eignelutar	6 743 930	7 003 493
-----------------------	------------------	------------------

EIGENKAPITAL OG GJELD

EIGENKAPITAL

INNSKOTEN EIGENKAPITAL

Annan innskoten eigenkapital	936 000	936 000
Sum innskoten eigenkapital	936 000	936 000

OPPTENT EIGENKAPITAL

Annan eigenkapital	393 512	382 274
Resultat av året	-34 850	11 238
Sum opptent eigenkapital	358 662	393 512

Sum eigenkapital	1 294 662	1 329 512
-------------------------	------------------	------------------

GJELD

KORTSIKTIG GJELD

Mellomrekning Noregs Mållag	5 449 268	5 673 981
Sum kortsiktig gjeld	5 449 268	5 673 981

Sum gjeld	5 449 268	5 673 981
------------------	------------------	------------------

Sum eigenkapital og gjeld	6 743 930	7 003 493
----------------------------------	------------------	------------------

Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde

HEIDERSMEDLEMER

Heidersmedlemer i Noregs Mållag er no:
Audun Heskstad, Guri Vesaas, Oddny Miljeteig og
Olaf Almenningen. Heidersmedlem Marie Lovise
Widnes gjekk bort i 2021.

STYRET OG ARBEIDSUTVALET

Styret og arbeidsutvalet har i perioden vore:
Leiar: Peder Lofnes Hauge (AU)
Nestleiar: Synnøve Marie Sætre (AU)
Styremedlemer: Inger Johanne Sæterbakk (AU),
Anders Riise, Ellinor Bergli Bustad, Kjetil Aasen,
Gunnhild Skjold (NMU 20–21) Frida Pernille Mikkelsen (NMU 21–22)
Varamedlemer: Bjørn Seljebotn, Birgitta Lim Ersland,
Reidun Ramse Sørensen og Øystein Skjæveland

Frå 31. oktober 2021 til 28. februar 2022 er Synnøve Marie Sætre fungerande leiar medan Peder Lofnes Hauge er i foreldrepermisjon. Bjørn Seljebotn er i perioden fast styremedlem, og varamedlemene er i same perioden eitt steg høgare i nummerrekka.

Styret har hatt 13 møte i perioden, og av desse har seks vore digitale. Om lag 160 saker har vore handsama, og dei viktigaste har vore den nye språklova som er vedteken i perioden, og ny opplæringslov som har vore på høyring og er i arbeid. Styrearbeidet har vore prega av pandemien på det viset at organisasjonsarbeidet har vorte snudd på, reiser og aktivitetar omorganiserte eller avlyste.

Leiar Peder Lofnes Hauge har hatt frikjøp i 100 % i perioden, og nestleiar Synnøve Marie Sætre har hatt 50 % frikjøp skuleåret 2021/2022 for å dekkja opp for at leiaren delar av året er borte i foreldrepermisjon. Arbeidsutvalet har hatt fire formelle møte i perioden, primært for å førebu meir omfattande styremøte. Elles har AU og dagleg leiar telefon- eller e-postkontakt mest kvar veke for å diskutera aktuelle arbeidsoppgåver.

LANDSRÅDET

Landsrådet har hatt to møte i perioden, i januar og i november 2021. Haustmøtet 2020 vart utsett i von om at det kunne gjennomførast fysisk, men det viste seg å vera uråd å få til vinteren 20/21. Rådet har handsama 9 saker. Dei viktigaste sakene har vore arbeidsprogram for 2022–2026 og høyringsfråsegn til ny opplæringslov. Landsrådet drøftar elles den politiske diskusjonen og har i tillegg ei lengre erfaringsutveksling fylkeslaga mellom om arbeidet dei gjer, på kvart møte.

VALNEMNDA

Valnemnda har i perioden vore:
Leiar: Helen Johannessen
Nestleiar: Åsmund Kvifte
Medlemer: Øyvind Fenne, Else Berit Hattaland
Håkon Remøy (NMU)
Varamedlemer: Hege Myklebust, Ola Haugen Havrevoll og Liv Eldegard Talle
Varamedlemer NMU: Svein Soldal Eggerud og Anna Lovise Rekdal

SKRIVARSTOVA

Tilsette i perioden har vore:
Dagleg leiar: Gro Morken Endresen
Organisasjons- og informasjonskonsulent: Hege Lothe (i permisjon delar av 2021 – 25 % frå 1. februar til 15. april, 50 % frå 16. april til 17. mai og 100 % frå 18. mai til 13. september)
Økonomikonsulent: Per Henning Arntsen
Politisk rådgjevar: Marit Aakre Tennø
Skolemålsskrivar: Ingar Arnøy
Organisasjonskonsulent: Erik Grov
Redaktør og kommunikasjonsrådgjevar: Astrid Marie Grov (til 31.08.2021) og Anita Grønningsæter Digernes (15.09.2021–)

Live Havro Bjørnstad var engasjert i om lag 2 månadsverk for å vera med i førearbeidet til nynorskstafetten

og som informasjonsmedarbeidar gjennom sumaren då Hege Lothe hadde permisjon.

NEMNDAR OG UTVAL

Lista gjev eit oversyn over nemnder, utval og representasjon i Noregs Mållag for arbeidsåra 2020–2022. Funksjonsperioden står attom namnet. I dei tilfella der det har vore ny oppnemning i årsmeldingsperioden, står både den som har vore, og den som er representant no. Reine mellombelse arbeidsnemnder og uformell representasjon er ikkje ført opp. Lista har berre med dei representantane Noregs Mållag har oppnemnt. Oppnemningane er gjorde av styret, eventuelt av arbeidsutvalet eller dagleg leiar etter fullmakt frå styret.

Jury for Nynorsk barnelitteraturpris

Rita Mundal (2019–2022)
Ingrid Rogne (2020–2023)
Roald Kaldestad (2021–2024)
Kristin Hatledal (2022–2025)

Jury for Nynorsk litteraturpris

(Mållaget peikar ut éin jurymedlem)
Marta Norheim (2018–2021)
Margit Walsø (2021–2024)

Styret for Norsk Barneblad

Øystein Espe Bae 2020–2022
Vara: Mariann Schjøide (2020–2022)

Rådet for Norsk Barneblad

Magnus Bernhardsen (2018–2022)
Marianne Granheim Trøyflat (2020–2022)
1. vara: Helene Urdland Karlsen (2020–2022)
2. vara: Synnøve Midtbø Myking (2018–2022)

Nynorsk pressekontor

Tom Hetland (2015–2023)
Ragnhild Bjørge (2020–2022)
Vara: Svein Olav Langåker (2016–2023)
Birgitta Lim Ersland (2020–2022)

Vestmannafondet

Haakon Aase (2015–2025)
Vara: Håkon Remøy (2021–2025)

Jury for Nynorsk næringslivspris

Øystein Skjæveland (2015–2023)
Olin Johanne Henden (2018–2022)
Anders Riise (2020–2023)
Kristofer Olai Ravn Stavseng (2020–2022)
Marianne Granheim Trøyflat (2020–2022)

Stiftinga Vener av Dag og Tid
(før Riksfondet for nynorsk presse)
Helene Urdland Karlsen (2015–2022)
Fredrik Hope (2020–2022)

Fondet for Norsk målreising

Erik Bolstad (2013–2021)
Karl Peder Mork (2017–2023)
Frida Pernille Mikkelsen (2019–2023)
Eva Marie Meling Mathisen (2021–2023)

Rådet for Nynorsk kultursentrum

Karl Peder Mork (2020–2024)
Vara: Martine Rørstad Sand (2020–2022)
Monika Haanes Waagan (2022–2024)

Valnemnda for Det Norske Teatret

Inger Vederhus (2019–2022)

Stiftinga Magasinett

Vebjørn Sture (2015–2021)
Ingvild Aursøy Måseide (2021–2023)

Stiftinga Pirion

Vebjørn Sture (2015–2021)
Ingvild Aursøy Måseide (2021–2023)

Halldor O. Opedals fond

Håkon Remøy (2017–2025)

Sandefjord og Sandars legat

Daniel Ims (2015–2021)
Gro Morken Endresen (2021–2023)

Akademifondet i Rauland

Gro Morken Endresen (2017–2023)
Vara: Fredrik Hope (2021–2023)

Oslo Nye Sparebanks fond

Morten Søberg (2018–2024)
Vara: Karl Peder Mork (2018–2024)

Anne Røflo Longva og Alf Andre Longvas fond

Nina Berge Rudi (2019–2023)
Vara: Fredrik Hope (2019–2023)

Norsk Målungdom

Dei to siste åra har også vore spesielle år for Norsk Målungdom (NMU). Åra har bydd på mange avlysingar, og ei organisasjonsdrift som har skilt seg frå normalen. I 2021 vart Norsk Målungdom 60 år. Det har vore fleire store prosjekt knytt til jubileet. Det politiske arbeidet har gått tilnærma likt som ved tidlegare normalår. Utetter har me i hovudsak arbeidd med språklova og opplæringslova, og innetter har det for det meste vore arbeid med å finne fram til smittevernvenleg organisasjonsdrift.

UTETTER

Dei største politiske sakene for Norsk Målungdom i perioden har vore språklova og opplæringslova. I tillegg har me arbeidd mykje for nynorsk (og norsk) i høgare utdanning og akademia og vist støtte til andre mindretalsspråk.

Gjennom mange år har me skulert organisasjonen i arbeidet med språklova og førebudd oss. I perioden som har gått har NMU fått brukt denne kompetansen. Me har vore aktivt med i alle innspels- og høyringsrundar, og løfta ordskifte om språklova. Det har vore viktig å få fram kvifor og korleis språklova er viktig for unge i Noreg. Organisasjonen er greitt nøgd med lova og ser fram til å bruke lova i åra framover.

På slutten av 2019 kom utgreiinga til ei ny opplæringslov. For Norsk Målungdom var det viktig at ei ny opplæringslov måtte innehalde språkdelt ungdomsskule. Gleda var stor då lovframlegget kom i 2021, med språkdelt ungdomsskule. Våre viktigaste krav i det vidare arbeidet med opplæringslova er digitale læremiddel og verktøy på nynorsk. Dette er ei sak som skapar stort engasjement blant medlemmane i organisasjonen. Norsk Målungdom har i perioden delteke i alle høyringar og innspelsrundar i lovarbeidet.

I 2021 var det 60 år sidan Norsk Målungdom vart skipa. Det har lenge vore ein plan om at dette jubileet

skulle bli feira. Hausten 2021 vart alle medlemmar inviterte på jubileumssamling. Seinare på hausten vart dei som tidlegare har vore aktive i Norsk Målungdom, inviterte på seminar og festmiddag. Nynorsk kultursentrum la i slutten av 2021 ut den digitale utstillinga *Ungt språkengasjement*. Utstillinga tek ein gjennom 60 år med arbeid i Norsk Målungdom. NMU har sendt over mykje materiale til Nynorsk kultursentrum. Det blir også arbeidd med ei enkel bok om Norsk Målungdom. Denne blir først klar i 2022.

Dialektprisen for 2020 gjekk til Victor Sotberg, ein kjend youtubar og programleiar, medan prisen i 2021 gjekk til artisten Per Åki Sigurdsson Kvikne, kjend som Kjartan Lauritzen.

I tillegg til det politiske arbeidet tar me også vår del av ansvaret for å opplyse elevar om den norske språkstoda. Me reiser landet rundt på målferd og held føredrag for elevar. Målferdsaktiviten har blitt sterkt prega av pandemien. Til saman i 2020 og 2021 har me snakka for rundt 1500 elevar.

INNETTER

Norsk Målungdom har jobba for å stabilisere medlemsstalet, men ser godt igjen at lite aktivitet gir konsekvensar for lokallags- og medlemstalet. I 2020 hadde me 1 455 medlemmar, og i 2021 1 302 medlemmar. Av desse var 997 under 26 år i 2020, mens tilsvarande tal for 2021 var 948 medlemmar. Organisasjonen hadde 22 lokallag i 2020 og 15 lokallag i 2021, gitt at laga leverer årsmelding for 2021.

Lokallagsaktiviteten har vore veldig låg gjennom pandemien. Eit fåtal av laga har hatt stabil aktivitet gjennom perioden. Desse laga er også dei einaste som har hatt vekst i medlemsmassen. Truleg vil NMU måtte jobbe aktivt i åra framover for å bygge opp igjen organisasjonen til det han var før pandemien.



Landstyret 2021. Bak: (f.v.) Dordi Boksasþ Lerum, Magnus Vesterøy Bryne, Julie Garmo, Marit Voldsund Fjeldvær, Ingrid Mølmen Gråsletten og Ingvild Maria Utne Nese. Framme (f.v.): Stine Fjellkårstad, Frida Mikkelsen (leiar) og Synne Solberg. (Foto: NMU)

I perioden har Norsk Målungdom samla arkivet sitt og sortert dette. I 60 år har mykje av arkivet til NMU vore husa privat og stabla saman på eit uorganisert lager. Arkivet har no blitt rydda og levert til trygg husing. Mykje av materialet er også skrive over til andre. Dette er gjort for at arkivet skal vere meir synleg og til nytte for framtida. Ein kan no søkje seg fram til mykje historie hjå Nasjonalbiblioteket og digitalt arkiv.

Hausten 2020 tilsette Norsk Målungdom ein kontormedarbeidar i ei 50% stilling. Denne stillinga styrker kontoret til Norsk Målungdom og sørger for at medlemsbladet til NMU blir gitt ut tre gongar i året. Stillinga ligg no fast inne i budsjettet til organisasjonen.

Økonomien til NMU har gått godt dei siste åra. Etter mange tronge år har organisasjonen spart opp ein god eigenkapital. Det gir rom til større satsingar, og til at ein nokre år kan planleggje å gå i minus. Dei to siste åra har bydd på mange avlysingar av planlagt aktivitet, men det har ikkje ført til større økonomiske tap. Dei tilsette i NMU har lenge vore løna langt

Medlemer per fylke

FYLKE	2018	2019	2020	2021	(+/-)
Agder**	59	57	64	47	-17
Innlandet**	52	64	59	55	-4
Møre og Romsdal	166	148	144	114	-30
Nordland	11	7	13	8	-5
Oslo	256	254	237	181	-56
Rogaland	148	116	108	84	-24
Troms og Finnmark**	42	39	29	39	+10
Trøndelag*	135	144	143	158	+15
Vestfold og Telemark**	47	39	41	38	-3
Vestland**	555	511	528	512	-16
Viken**	86	86	83	61	-22
Utlandet	17	5	6	5	-1
Sum	1574	1470	1455	1302	-153

* Nord- og Sør-Trøndelag slo seg saman til Trøndelag 1. januar 2018.

** Viken, Troms og Finnmark, Vestland, Innlandet, Agder og Vestfold og Telemark var nye fylke etter samanslåingane 1. januar 2020. Tala for desse før 2020 er sett saman av tala for dei tidlegare fylka.

Nærskylde

DAG OG TID

Selskapet Dag og Tid AS gjev ut den frie og ubundne vekeavisa Dag og Tid, som særleg legg vekt på stoffområda kultur og politikk. Dag og Tid har vore i framgang gjennom mange år og nådde i fyrste halvår 2021 eit opplag på over 13 000 for fyrste gong. Selskapet gjev av og til også ut forlagsprodukt.

DET NORSKE SAMLAGET

Det Norske Samlaget er eit litteraturselskap, ein kultur-politisk interesseorganisasjon skipa i 1868, og eit forlag, Stiftinga Det Norske Samlaget. Forlaget gav i 2021 ut 100 titlar, fordelt på skjønnlitteratur for vaksne og barn, sakprosa for eit allment publikum, ordbøker og pensumbøker for høgare utdanning. Til trass for pandemien og til tider stengd bokhandel var 2021 eit relativt godt bokår. Jon Fosse avslutta Septologien med å vinna Brageprisen, og Vestlandsvegar av Halvor Folgerø beit seg fast høgt oppe på salslistene gjennom hausten. Boksalet var om lag på same nivået som i 2020. Litteraturselskapet Det Norske Samlaget gjev ut tidsskriftet Syn og Segn, som er av dei største allmennkulturelle tidsskrifta i Noreg. Tingartalet har dessverre gått ned til 1650 etter at tidsskrift ikkje lenger blir innkjøpte over innkjøpsordninga til biblioteka.

DET NORSKE TEATRET

Det Norske Teatret er eit djervt, ope og engasjerande teater dit folk søker for refleksjon, oppleveling og underhaldning. Det Norske Teatret skal med nynorsk som scenespråk og eit breitt samfunnsengasjement skape nye uttrykk og nå eit stort publikum.

2020 blei året då dramatikken i all hovudsak utspelete seg utanfor scenerommet på Det Norske Teatret. Januar og februar var rett nok som vanleg, prega av

optimisme, store kunstnarlege ambisjonar og høg aktivitet. Det var eit forventningsfullt teater som stod fullrigga og klart til å erobre det nye tiåret; eit tiår som kunne fyllast med nye straumdrag, nye tendensar og nye uttrykk. Men 2020 blei ikkje som planlagt. På ettermiddagen den 12. mars blei Det Norske Teatret ufrivillig stengt for første gong sidan 10. april 1940. Frå midten av april blei nær alle tilsette permittere i 80 prosent, men alle var heldigvis tilbake i vanleg arbeid før sommarferien, mange framleis på heimekontor.

I to lange periodar var det regelrett forbode å ha publikum i salen. Først frå 12. mars til 6. mai 2020, og så igjen frå 10. november 2020 og til og med 25. mai 2021. Samla utgjer dette 109 dagar i 2020 og 145 dagar i 2021. Berre nokre få dagar mellom 12. mars 2020 og 31. desember 2021 har teateret kunna spele utan restriksjonar. Det var etter at samfunnet opna igjen 25. september, men då var det arbeidskonflikt på norske teater. Då streiken var slutt, kunne Det Norske Teatret spele utan restriksjonar på publikumstal i 39 dagar. Så blei det på ny innført restriksjonar frå 3. desember.

Framsyningane på teateret har frå 6 til 8 vekers prøvetid før dei får premiere. Sidan smittevernreglane blei oppdaterte veke for veke, valde teateret hausten 2020 og gjennom heile 2021 å lage framsyningars som normalt, slik at vi kunne vere klare til å spele teater den dagen styresmaktene opna salane for publikum igjen. Vinteren og våren 2021 blei det avvikla i alt 61 framsyningars utan anna publikum enn inntil ti tilsette. Dessverre har vi også hausten 2021 måttå avlyse fleire framsyningars enn vanleg, grunna symptom på korona, koronasmitte og karantene hos dei involverte på scenen.

Under desse krevjande tilhøva var det samla publikumstalet for 2020 likevel over 100 000. I 2021 var det

samla publikumstalet på 48 000. Til samanlikning fann 280 000 publikummarar vegen til Det Norske Teatret i normalåret 2019. I 2020 hadde vi 18 premierar på dei fire scenane våre og 31 titlar i spel. I 2021 var talet på premierar 19 og talet på titlar i spel var 34.

Pandemien har tvinga Det Norske Teatret til å tenke nytt, og på den måten har vi også nådd fram til eit nytt publikum. Strøyming av utvalde framsyningar har ført til at teateret har nådd ut i eit større geografisk område. Mange stader har kulturhus, bibliotek og andre institusjonar invitert til lokale samlingar rundt strøymde framsyningar frå Det Norske Teatret. Slik sett har utforskinga av nye formidlingsformer bidrege til å oppfylle teateret sitt føremål om å syna fram skodespel på norsk mål i bygd og by. Det er særleg interessant om det aukar teaterinteressa og gjer at fleire får lyst til besøke Det Norske Teatret og oppleve verkeleg teater. Strøyminga har gitt mange elevar eit populært teater-tilbod i eit år der det har vore færre tilbod enn vanleg i Den kulturelle skolesekken. Særleg *Villanda* har nådd fram til mange skoleklassar og gitt eit sterkt møte med drama – og Henrik Ibsen på nynorsk og i eit moderne språk. Det er ein god måte å oppfylle ein del av teateret sitt språkkoppdrag på, anten dei vi møter er elevar som har nynorsk som sitt skriftspråk eller elevar med stor avstand til det.

Nynorsk språk er teateret sitt viktigaste særmerke, og Det Norske Teatret skal føre eit godt og ledig språk både på og utanfor scenen. Podkasten Språkkoppdraget er siste nyvinning frå teateret, der språkarbeidet ved teateret er tema i samtale med ulike gjestar.

Teateret har som mål å spegle Noreg i dag, både på scenen og i salen. Det tredje kullet med skodespelarstudentar frå vår eiga skodespelarutdanning på bachelornivå, Det multinorske, blei uteksaminerte våren 2021. 16 skodespelarar med familiebakgrunn utanfor Europa har no fullført utdanninga og dei bidreg til eit markant auka mangfold på scenane våre, og på scenane ved andre norske teater. Utdanninga vil halde fram, men no vil Det Norske Teatret legge vekt på å utdanne regissørar og scenografar med familiebakgrunn utanfor Europa. Dette skjer i samarbeid med Riksteatret og Teater Manu.

Erik Ulfsby er teatersjef, Hans Antonsen er direktør og Nina Refseth er styreleiar ved Det Norske Teatret.

FRAMTIDA.NO

Framtida.no er ein nynorsk nettstad med nytt for unge mellom 14 og 25 år som vart starta opp hausten 2010 av LNK og ABC Startsiden. I 2021 var over 880.000 brukarar innom Framtida.no. Det nest høgaste talet nokon gong. Kvar månad har 70–140.000 brukarar vore innom nyhende- og debattavisa for unge. Journalistikken vert òg lagt merke til i andre medium i aukande grad. I 2021 vart avisasitert eller omtalt 341 gonger.

Svein Olav Langåker slutta som redaktør for Framtida.no 31. desember 2021 då han tok over som dagleg leiar i LNK. Han har kontor på Stord, medan resten av Framtida.no-redaksjonen har kontor i Oslo. I snitt har Framtida.no hatt fire redaksjonelle årsverk dei siste åra. Økonomien kjem i stor grad frå prosjektstøtte. Etter at LNK klarte å få auka støtta frå Kulturdepartementet i 2018, har økonomien vore meir føreseileg.

Framtida.no har elles kurs for unge som eit satsingsområde, og har kursa fleire tusen ungdommar i debattleiing, bokbad og journalistikk. Framtida.no arrangerer fleire debattmøte, bokbad og seminar. Hausten 2021 samarbeidde Framtida.no med Rogaland Mållag og Garborgsenteret om å laga til ein direktesendt språkdebatt frå Time vidaregåande skule.

Viser elles til redaksjonelle rapportar på nettsida.

FRAMTIDAJUNIOR.NO OG FRAMTIDA JUNIOR

Landssamanslutninga av nynorskkommunar driv Framtidajunior.no og papiravisa Framtida Junior. Nettstaden vart offisielt opna 17. oktober 2017. To journalistar jobbar dedikert med denne nettstaden, Marte Husabø i Oslo og Janne Nerheim i Skånevik og på Stord. Svein Olav Langåker er redaktør. I 2021 var over 137.000 brukarar innom nettstaden. Det er ny rekord. Framtidajunior.no har opplevd ein særleg auke i trafikken etter at skulane blei meir digitale i koronatida. Kvart år kjem det inn rundt 1000 bidrag i skrivekonkurransane som Framtida Junior har arrangert. Framtida Junior arrangerer òg bokbadarkurs og journalistkurs for barn på mellomsteget.

I samarbeid med Hallingdølen, Hordaland, Os og Fusaposten, Sogn Avis, Sunnhordland og ABC Startsida starta LNK opp papiravisa Framtida junior i november 2017. Avisa kjem no ut kvar månad til abonnentar over heile landet. Målet er at inntektene frå abonnementssal vil gje eit bidrag til meir journalistikk på nynorsk for barn gjennom Framtida junior. Slik det er no går det akkurat rundt, men papiravisa er avhengig av auka tal på abonnement for å halda fram. Lokalavisene har allereie bidrege mykje inn i samarbeidet, med både gratis marknadsføring og produksjon av nesten halvparten av innhaldet til papiravisa. Hausten 2021 vart papiravisa sendt ut til 16.000 elevar i den nasjonale avisveka.

DET VESTNORSKE TEATERET

Det Vestnorske Teateret er eit nynorskteater for alle som bur på vestlandet. Teateret har fast scene i Bergen sentrum (i ærverdige Logen), Ole Bulls plass 6, som ligg like ved den blå steinen. Her spelar vi våre framsyningar for publikum i Bergen og tilreisande gjester. Du finn oss også ute på turné i Vestlandsregionen.



Tore Renberg fekk Nynorsk litteraturpris 2020 for romanen *Tollak til Ingeborg*. (Foto: Ingeborg Skrudland)

Vi har ei sterk satsing på ny dramatikk og ein identitet som er forankra i det vestnorske. Ved sida av teaterrepertoaret driftar vi også eit kulturprogram støtta av Bergen kommune som styrkar den nynorske identiteten.

Teateret er i sterkt utvikling og er inne i ein ombyggingsprosess som er venta ferdig hausten 2022. Drifta har tilskott frå Staten og den største eigaren Vestland fylkeskommune.

Eigeninntekten til teateret har lagt mellom 35-40 % i eit normalår.

Teatersjef er Solrun Toft Iversen.

KRINGKASTINGSRINGEN

Kringkastingsringen er ein medlemsorganisasjon som arbeider for at nynorsk, dialektar og samisk skal ha sitt rettkome rom i norsk massemedia. Kva som er eit rettkome rom kan diskuterast, men det aller viktigaste er at NRK skal ha minst 25 % i sendingane sine og på nett-sidene sine. Difor var det svært gledeleg at statskanalen greidde 25,4 % i 2021. Samstundes er det viktig å fylgje med på dei store endringar i medieverda, og kva det har å seia for norsk som mediespråk. Og det gjer me.

Me har som vanleg hatt møte med kringkastingssjef Thor Gjermund Eriksen og resten av leiinga i NRK. Dette er fellesmøte saman med Mållaget og NMU, og det samarbeidet fungerer godt. Organisasjonen deler også kontor med ovannemnde organisasjonar. I tillegg lagar me medlemsbladet Kringom, deltek på høyringar og prøver etter beste evne å markera oss i det offentlege ordskiftet. Arve Uglum fekk Kringkastingsprisen i 2020. Magni Øvrebotten for 2021.

Organisasjonen har no om lag 700 medlemer. Organisasjonen driv heilt utan offentleg støtte, og er heilt avhengig av medlemspengar og gåver. Heldigvis har organisasjonen dei aller beste medlemene.

Inger Johanne Ruset vart styreleiar i 2020, og er det framleis. Kjartan Helleve er dagleg leiar.

LANDSSAMANSLUTNINGA AV NYNORSK-KOMMUNAR

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak og har som føremål å fremja nynorsk språk og kultur i offentleg verksem. Grunna samanslåingar som følgje av kommune- og regionrefor-

mene vart talet på medlemer per 1. januar 2020 redusert til 85 kommunar, tre fylkeskommunar og 18 regionråd/andre IKS. Medlemstalet har seinare vore stabilt, men Austrheim kommune har meldt seg ut med verknad frå 2022.

LNK skal arbeida for å utvikla nynorsk språk innafor alle sektorar i det offentlege. Medlemene har dei siste åra prioritert arbeidet med språkopplæring, nynorsk for barn og unge og det å visa samanhengar mellom språk, identitet, kultur og samfunnsutvikling. LNK arbeider elles mykje med informasjonstenester og omdømmebygging i kommunane.

LNK tilbyr nynorskkurset «På saklista» gratis til medlemene, og har ein stab med flinke kurshaldarar som til saman dekkjer heile landet. Kursa er utarbeidde av Fretland & Fretland og arrangerte i samarbeid med Fag forbundet.

LNK held kontakten med medlemene mellom anna gjennom e-brev og sosiale medium. I tillegg driv organisasjonen nettstadene LNK.no, Magasinett.no, Pirion.no, Startsida.no, Framtida.no og Framtidajunior.no (dei tre siste saman med ABC Startsida). LNK driv òg papiravisa Framtida Junior saman med fem lokalaviser.

MAGASINETT

Magasinett vart starta i 1997 av Landssamanslutninga av nynorskkommunar og Noregs Mållag.

LNK v/Framtida.no tok over den redaksjonelle drifta av nettidsskriftet i 2012. Magasinett.no og Framtida.no er framleis dei einaste ungdomsretta nettstadene som er redigerte på nynorsk.

Magasinett skal gje aktuelle og relevante nynorske tekstar til bruk i ungdomsskule og vidaregåande, og arrangerer 3–4 skrivekonkurransar i året i lag med Framtida.no. Desse er svært populære og får fleire hundre bidrag.

Magasinett opplever framleis auke i brukartalet, og hadde over 178.000 brukarar i 2020 og over 190.000 brukarar i 2021.

LNK har i fleire år hatt ein avtale med Fag forbundet som sikrar midlar til marknadsføring og vidareutvikling av Magasinett. Stiftinga Magasinett er elles finansiert gjennom tilskot frå Utdanningsdirektoratet. Dei siste åra har tilskotet variert. Men frå 2022 er prosjektstøtta erstatta med 1,1 millionar i grunntilskot. Det ei mykje meir føreseieleg støtte enn før, sjølv om det er 140.000 mindre enn prosjektstøtta året før.

STUDIEFORBUNDET KULTUR OG TRADISJON

Noregs Mållag er medlem i Studieforbundet kultur og tradisjon, saman med 42 andre frivillige organisasjonar. Studieforbundet jobbar for at alle skal kunne bli kjent med og lære kulturuttrykk og folkelege tradisjonar, og legg til rette for utvikling og finansiering av eit mangfaldig og godt opplæringsstilbod.

Medlemsorganisasjonane og Studieforbundet held kurs over heile landet. Dei aller fleste kursa har eit lokallag som arrangør. Studieforbundet har ansvar for studieplanane som skal kvalitetssikre kursa, og deltek i opplæring av kursarrangørar, kurslærarar og anna organisasjonsutviklingsarbeid. For studieforbundet er det viktig å sikre eit tilbod som dekkjer alle nivå, og som er lett tilgjengeleg for deltakarane.

Studieforbundet kultur og tradisjon er ein stor kursarrangør, og har jamn vekst i kursaktivitet. 2020 og 2021 var år prega av pandemi, men medlemsorganisasjonane greidde likevel å arrangere vel 105.000 kurstimar med nær 35.000 deltakarar fordelt på vel 3500 kurs. Noregs Mållag hadde 12 kurs i 2021 på til saman 240 timer, med 101 deltakarar. I 2020 hadde Noregs Mållag 16 kurs på til saman 276 timer, med 125 deltakarar. Opplæringa blir organisert gjennom lokale lag og foreiningar i medlemsorganisasjonane våre.

NORSK BARNEBLAD

Norsk Barneblad er eit av dei eldste barneblada i verda som framleis kjem ut. Bladet kjem ut ein gong i månaden. Målgruppa er barn i alderen 8–14 år. I 2020 fekk vi ny bladbunad og nytt format. Vi vann Norsk Tidsskriftforenings pris for beste bladbunad i 2021.

Norsk Barneblad har eigne nettsider, www.barneblad.no, vi har også eiga side på Facebook og er på Instagram. Bladet kan også lesast i digitalt format av alle betalande abonnentar.

Bladet inneheld teikneseriar, vitsar, kryssord, forteljingar, reportasjar og aktivitetsstoff.

Norsk Barneblad tilbyr lærerik og underhaldande sakprosa på nynorsk.

Mange lokallag i Noregs Mållag kjøper inn klassesett til lokale skular. Dette er viktig målarbeid som me er svært takksame for.

Kjersti Øvestad, Håland Skole, Sola kommune, skriv: «*Det fine med Norsk Barneblad er at det har fokus på tema. Tematisk innhald kan nyttast i fag som norsk-samfunn-naturfag og KRLE. Det blir brukt lite lerebøker no, mest digitale ressursar, men elevane har så godt av å få møta tekst i papirutgåve òg. Nynorske tekstar er ikkje lett å få tak i, og nynorsk er svært viktig for dei som har nynorsk som opplæringsmål. Gjennom den nye lereplanen skal elevane møta tverrfaglege emne. Dei skal diskutera, reflektera, argumentera, og gå i dybden. Utgåvane til Norsk Barneblad er fine å ha når me lagar modulplanar i undervisninga.»*

Fire gonger i året blir Norsk Barneblad, med eit ekstra bilag, sendt ut som medlemsblad for barnemedlemmene i Noregs Ungdomslag.

I tillegg til bladet lagar også Norsk Barneblad julehefta Smørbukk og Tuss & Troll.

Styrelseiar er Siri Beate Gjerde, ansvarleg redaktør og dagleg leiar er Nana Rise-Lynum. Biletdredaktør og bladbunad er Aina Griffin.

TEATER VESTLAND

Teater Vestland, tidlegare Sogn og Fjordane Teater, er eit nynorsk institusjonsteater lokalisert i Førde i Sunnfjord, og er eit regionteater med turnéverksemd i Vestland fylke. Teateret nyttar nynorsk som målform og presenterer nynorske tekstar på vestnorske dialektar. Teater Vestland var det andre nynorskteateret som vart etablert i Noreg.

